



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 23

(2006–2007)

Kredittmeldinga 2006

Innhald

1	Innleiing	5	4.2.1	Innleiing	43
1.1	Oversikt over meldinga	5	4.2.2	Retningslinjene for pengepolitikken .	43
2	Finansiell stabilitet	6	4.2.3	Noregs Banks vurderingar av utøvinga av pengepolitikken i 2006 ...	44
2.1	Innleiing	6	4.2.4	Vurderingar frå andre	51
2.2	Den økonomiske situasjonen – hovudtrekk	6	4.2.5	Departementet sine vurderingar	53
2.3	Strukturen i den norske finans- marknaden	7	4.3	Rekneskap og budsjett for 2006	55
2.3.1	Enkeltbransjar	9	4.3.1	Balansen 31. desember 2006	55
2.4	Utviklinga i den norske finansmark- naden	10	4.3.2	Resultatrekneskapen for 2006	55
2.4.1	Bankane	10	5	Verksemnda til Kredittilsynet i 2006	58
2.4.2	Forsikringsselskap og pensjonskasser	11	6	Verksemnda til Det internasjonale valutafondet (IMF)	60
2.4.3	Finansieringsføretak	13	6.1	Innleiing	60
2.4.4	Verdipapirhandel.	14	6.2	Organiseringa av IMF, samarbeidet med FN og Verdsbanken, og nordisk- baltisk samordning	60
2.5	Nærmare om ulike risikoar i finansmarknaden og finansføretaka..	16	6.2.1	Organa i IMF	60
2.5.1	Marknadsrisiko	18	6.2.2	Organisatorisk samarbeid med FN og Verdsbanken	61
2.5.2	Kredittrisiko	19	6.2.3	Norsk og nordisk-baltisk samordning	61
2.5.3	Likviditetsrisiko	22	6.3	Oppgåvene til IMF	62
2.5.4	Operasjonell risiko	22	6.3.1	Utforming av ein mellomlangsigtig strategi for IMF	62
2.6	Avsluttande merknader	23	6.3.2	Førebygging av kriser	63
3	Regelverksutvikling og løyve i større saker på finans- marknadsområdet	24	6.3.3	Program og vilkår	65
3.1	Regelverksutvikling	24	6.3.4	Teknisk assistanse	68
3.1.1	Bank- og finansverksemd	24	6.3.5	IMFs arbeid i låginntektsland	69
3.1.2	Forsikringsverksemd og pensjons- ordningar	25	6.4	Styresett	71
3.1.3	Verdipapirhandel	26	6.4.1	Finansielle ressursar	71
3.1.4	Eigedomsmekling	27	6.4.2	Kvotar og representasjon i dei styrande organa	73
3.1.5	Rekneskap og revisjon	28	6.5	Evaluering av verksemnda til IMF	74
3.1.6	Anna	29	6.6	Særskilde forhold som gjeld Noreg ..	75
3.1.7	Oversikt over forskrifter som er fastsette av Finansdepartementet på finansmarknadsområdet i 2006	30	6.6.1	Deltaking i PRGF	75
3.2	Oversikt over løyve i større forvaltningsaker	31	6.6.2	Artikkel IV-konsultasjon	76
4	Verksemnda til Noregs Bank i 2006	35	6.6.3	Særskild rapport om nordisk-baltisk valkrins	76
4.1	Årsmeldinga for 2006	35	Vedlegg		
4.1.1	Leiing og administrasjon	35	1	Saker som er behandla av Finans- departementet i 2006 etter finansieringsverksemdslova, forsikringsverksemdslova, bank- lovene og enkelte andre lover	77
4.1.2	Nærmare om verksemnda til Noregs Bank i 2006	37			
4.2	Utøvinga av pengepolitikken i 2006	43			



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 23

(2006–2007)

Kredittmeldinga 2006

*Tilråding frå Finansdepartementet av 30. mars 2007,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

1.1 Oversikt over meldinga

Finansdepartementet legg med dette fram Kredittmeldinga 2006.

I kapittel 2 blir det gitt generell informasjon om finansinstitusjonane og utviklinga i finansmarknaden. Det blir også gitt ein omtale av den finansielle stabiliteten. Kapittel 3 handlar om hovudtrekka i regelverksutviklinga og dei viktigaste løyvesakene som departementet og Kredittilsynet behandla på finansmarknadsområdet i 2006. Kapittel 4 omtalar verksemda til Noregs Bank i 2006, og inneheld mellom anna ei vurdering av utøvinga av pengepolitikken. Omtalen av verksemda til Noregs Bank er pålagt ved lov, jf. sentralbanklova § 30. Kapittel 5 inneheld ein omtale av verksemda til Kredittilsynet i 2005. Omtalen i kapittel 4 og 5 bygger i stor grad på årsmeldingane frå institusjonane. Kapittel 6 omtalar verksemda til Det internasjonale valutafon-

det (IMF). Årsmeldingane frå Noregs Bank og Kredittilsynet for 2006 følgjer som utrykte vedlegg til meldinga.

Etter lova forvaltar Folketrygdfondet Statens pensjonsfond – Noreg på vegner av Finansdepartementet. Statens pensjonsfond er etablert som ein overbygning over det som tidlegare var Statens petroleumsfond og Folketrygdfondet. Ein har i tidlegare år omtala verksemda i Folketrygdfondet i dei årlege kredittmeldingane. Framover legg departementet opp til å leggje fram ei årleg melding til Stortinget om den samla forvaltninga av Statens pensjonsfond, første gong i april 2007. I meldinga blir det mellom anna gjort nærare greie for forvaltninga av Statens pensjonsfond – Noreg (tidlegare Folketrygdfondet). På denne bakgrunnen legg ikkje departementet lenger opp til å omtale verksemda i Folketrygdfondet i dei årlege kredittmeldingane.

2 Finansiell stabilitet

2.1 Innleiing

Finansiell stabilitet blir ofte brukt for å beskrive ein tilstand der det er velgrunna tillit til at føretaka i finanssektoren vil oppfylle dei pliktene dei har take på seg, slik at finansielle avtalar blir inngått på normale forretningsmessige vilkår. Ein har erfaring for at periodar med sterk vekst i gjeld og formuesprisar kan utfordre den finansielle stabiliteten.

Både nasjonale styresmakter og internasjonale organ er involverte i arbeidet med å sikre finansiell stabilitet, og internasjonalt samarbeid på området er blitt utvida. Det internasjonale valutafondet (IMF) er ein sentral aktør i det internasjonale arbeidet.

Styresmaktene sitt arbeid med finansiell stabilitet er delt mellom Finansdepartementet, Kredittilsynet og Noregs Bank. Finansdepartementet har eit overordna ansvar for ein velfungerande finansmarknad og arbeider særleg med rammevilkåra. Kredittilsynet fører tilsyn med finansinstitusjonane og marknadsplassane. Noregs Bank og Kredittilsynet skal medverke til at det finansielle systemet er robust og effektivt. Noregs Bank og Kredittilsynet overvaker derfor finansinstitusjonane, verdipapirmarknadene og betalingssystema for å avdekkje utviklingstrekk som kan svekkje stabiliteten i det finansielle systemet. Kapittel 4.1.2.3 gir ein omtale av oppgjerssystemet i Noregs Bank. Samarbeidet mellom Finansdepartementet, Kredittilsynet og Noregs Bank blei ytterlegare formalisert i 2006 ved at det blei skipa eit trepartsmøte mellom dei tre institusjonane. Det første møtet blei gjennomført 30. oktober 2006. Slike møte vil bli haldne kvart halvår. I møta vil utsiktene for finansiell stabilitet bli drøfta, samstundes som ein òg vil gå gjennom erfaringar frå kriseøvingar og drøfte samarbeidet ved behandling av eventuelle kriser.

I dette kapitlet omtalar vi først hovudtrekka i norsk og internasjonal økonomi, og strukturen i finansmarknadene med søkjelys på dei viktigaste finansinstitusjonane. Deretter blir utviklinga i finansmarknaden og resultatata til finansinstitusjonane omtala.

Seinare i kapitlet omtalar vi ulike slag risiko i finansmarknaden, som marknadsrisiko, kredittri-

siko, likviditetsrisiko og operasjonell risiko. Talaterialet til kapitlet og bakgrunnsinformasjon frå kapitlet er i stor grad henta frå rapportar og publikasjonar frå Noregs Bank og Kredittilsynet. Ein omtale av dei norske Basel-II reglane (reglar om finansinstitusjonars kapitaldekning) og forbrukarrelaterte spørsmål er ført opp i temaboksar.

2.2 Den økonomiske situasjonen – hovudtrekk

Noreg har ein liten og open økonomi, og blir påverka av utviklinga i finansmarknadene internasjonalt. Når ein skal vurdere den finansielle stabiliteten i den norske finansmarknaden, bør ein gjere det i lys av utviklinga i konjunkturar og marknader. Resultata i finansinstitusjonane er prega av konjunkturane og utviklinga i ulike formuesprisar. I dette underkapitlet følgjer derfor ein kort gjennomgang av utviklinga i norsk og internasjonal økonomi som bakgrunn for etterfølgjande kapittel.

Det var høg vekst i norsk økonomi i 2006. Låge renter bidrog til betydeleg auke i etterspurnaden frå hushalda. Saman med høge oljeinvesteringar var auke i konsumet og høge bustadinvesteringar dei viktigaste drivkreftene bak oppgangen. Lønnsmda i fastlandsføretaka har også vore god, og kapasitetsutnyttinga er høg. God utvikling også i verdsøkonomien gav ytterlegare impulsar til fastlandsøkonomien. Arbeidsmarknaden stramma seg til gjennom året, med ein markert auke i sysselsettinga og rask nedgang i arbeidsløysa. Stadig fleire bransjar melder om vanskar med å skaffe kvalifisert arbeidskraft.

Verdsøkonomien har dei siste åra vore inne i den sterkaste oppgangen sidan 1970-talet. I 2006 var BNP-veksten hos dei viktigaste handelspartnarane til Noreg heile 3,6 prosent. Den sterke veksten har vore driven av lågt rentenivå, auka globalisering og høg investeringsaktivitet i bedriftene. Framover vil renteaugar i fleire land og den svake bustadmarknaden i USA medverke til noko lågare vekstimpulsar. For Noregs viktigaste handelspartnarar er det venta at veksten minkar til snautt 3 prosent i 2007. Sjølv om det er venta noko svakare

vekst i verdsøkonomien framover, synest utviklinga no å vere jamnare balansert. Svakare vekst i USA blir oppvegen av vekstratar godt over trend i euroområdet og framleis høg vekst i framveksande økonomiar. Samstundes er arbeidsmarknaden i ei rekkje land i klar forbetring, særleg i Europa. Dette vil venteleg føre til solid vekst i privat etterspurnad i desse landa framover.

Oljeprisen nådde ein topp på over 75 USD pr. fat i august i fjor, men har etter dette falle til mellom 55 og vel 60 USD pr. fat. Sjølv om oljeprisen var på eit historisk høgt nivå i 2006, var veksten i konsumprisane moderat. Høg kapasitetsutnytting har heller ikkje medverka til ein vesentleg oppgang i konsumprisane. Ei viktig årsak er meir import og konkurranse frå lågkostnadsland i Asia. Hos dei viktigaste handelspartnarane våre steig konsumprisane med nærmare 2 prosent i fjor. I Nasjonalbudsjettet 2007 blei det lagt til grunn ein vekst i konsumprisane hos handelspartnarane på om lag 2 prosent også i år.

BNP for Fastlands-Noreg blei i Nasjonalbudsjettet 2007 anslått til å auke med 2,9 prosent i 2007. Veksten ser dermed ut til å halde seg over trendvekst for fjerde året på rad. Framleis konsumauke i hushalda er venta å bidra positivt til den økonomiske veksten, sjølv om renta gradvis aukar. Lønns- og sysselsetjingsauke vil, saman med låg prisauke, trekkje realinntektsveksten til hushalda klart opp. God lønnsømd i fastlandsføretaka, gunstig ordresituasjon både i industrien og i bygge- og anleggsbransjen og sterk kredittvekst til føretaka peikar mot høg vekst i investeringane til fastlandsføretaka også i 2007. I motsett retning trekkjer forventningar om ei utflating i bustadinvesteringane.

Arbeidsmarknaden stramma seg klart til gjenom fjoråret. I Nasjonalbudsjettet 2007 la ein til grunn at sysselsetjinga vil auke med 1,3 prosent frå 2006 til 2007, svarande til 30 000 personar. Arbeidsløysa (AKU) blei anslått til 3¼ prosent av arbeidsstyrken. Utviklinga i arbeidsmarknaden har vore noko sterkare enn venta sidan framlegginga av Nasjonalbudsjettet. Sysselsetjinga har auka raskt, og arbeidsløysa (AKU) var ved utgangen av året nede i 2,8 prosent av arbeidsstyrken. Frå 2005 til 2006 auka sysselsetjinga med heile 72 000 personar. Det er den høgaste årlege veksten som er registrert på 20 år. Utviklinga på arbeidsmarknaden framover kjem i stor grad til å vere avhengig av kor store arbeidskraftsressursar det er mogleg å mobilisere. Stadig fleire næringer melder no om mangel på kvalifisert arbeidskraft.

Konsumprisane (KPI) auka i snitt med 2,3 prosent frå 2005 til 2006, mot 1,6 prosent året før. Elektrisitetsprisutviklinga åleine drog veksten i KPI

opp med eitt prosentpoeng. Samstundes bidrog sterk prisvekst på drivstoff og mange tenester til konsumprisauken. Svak prisutvikling på blant anna klede drog i motsett retning. Justert for avgiftsringar og utanom energivarer (KPI-JAE) auka prisane med 0,8 prosent frå 2005 til 2006. Mot slutten av året viste KPI-JAE ein tiltakande vekst. For 2007 blei det anslått ein vekst i KPI på 1¼ prosent og KPI-JAE på om lag 1½ prosent. Terminprisane på elektrisitet har falle etter at Nasjonalbudsjettet 2007 blei lagt fram. KPI-veksten synest no å bli lågare enn det ein tidlegare anslo for dette året.

Det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjera har førebels berekna årslønnsveksten frå 2005 til 2006 til 4,1 prosent for alle lønnstakarar under eitt. I Nasjonalbudsjettet 2007 blei det lagt til grunn ein årslønnsvekst på 3¼ prosent i den same perioden. Erfaringsmessig kan ein stram arbeidsmarknad gi aukande lønnsvekst. Høg arbeidsinnvandring har truleg dempa noko av presset på lønningane så langt i konjunkturoppgangen. Framover forventar ein at lønnsveksten vil ta seg noko opp. Årslønnsveksten blei i Nasjonalbudsjettet 2007 anslått til 4,5 prosent i år.

2.3 Strukturen i den norske finansmarknaden

Samla forvaltningskapital i den norske finansmarknaden var 4 449 milliardar kroner ved utgangen av 2006. Samla forvaltningskapital auka med nærmare 19 prosent samanlikna med utgangen av 2005, då samla forvaltningskapital var 3 753 milliardar kroner. Dei største finansgruppene (DnB NOR, Storebrand, Sparebank 1 Gruppen, Terra Gruppen og Nordea) hadde ved utgangen av 2006 ein samla forvaltningskapital på 2 681 milliardar kroner, jf. tabell 2.1. Dette er ein auke på 20,8 prosent samanlikna med utgangen av 2005, då samla forvaltningskapital i dei største finansgruppene var 2 219 milliardar kroner. Desse finansgruppene utgjer ein stor del av finansmarknaden, og ved utgangen av 2006 utgjorde dei største finansgruppene sin marknadsdel innanfor bank og livsforsikring høvesvis 71,3 og 67,3 prosent. Eitt år tidlegare var marknadsdelen 68,9 prosent for bank og 68,6 prosent for livsforsikring.

Også utanlandske aktørar utgjer ein vesentleg del av den norske finansmarknaden. Utanlandske aktørar sin del av den norske finansmarknaden er særleg høg blant finansieringsselskap og innanfor skadeforsikring. Ved utgangen av 2006 hadde dei ein marknadsdel på høvesvis 65,9 og 42,6 prosent. Dette er tilsvarande tal som ved utgangen av 2005.

Målt som del av forvaltningskapital hadde utanlandske bankar ein marknadsdel på 31,2 prosent ved utgangen av 2006, mot 31,0 prosent eitt år tidlegare.

Dei fem største kredittinstitusjonane i Noreg (DnB NOR Bank, Nordea Bank Norge, Fokus Bank, Handelsbanken og Sparebanken Rogaland) hadde ein samla del av kredittmarknaden på 54 prosent ved utgangen av 2006.

Det er fem større finansgrupperingar i den norske finansmarknaden. Den klart største er DnB NOR-konsernet. Andre store grupperingar er Sparebank 1-gruppen med 23 bankar og Terra-gruppen med 79 sparebankar. Fire nye sparebankar gjekk inn i Sparebank 1-gruppen i 2006. Sparebanken Hedmark er den største av dei fire bankane som gjekk inn i Sparebank 1-gruppen. Bankane i Sparebank 1-gruppen og Terra-gruppen er sjølvstendige bankar som ikkje kan samarbeide om prisar og vilkår som kan påverke konkurransen. Når ein skal måle konsentrasjon i bankmarknaden, er det derfor ikkje relevant å sjå på samarbeidsbankane som ein aktør.

Konsentrasjonen er høgare i forsikringsmarknaden enn i kredittmarknaden. Av dei ni livsforsikringsselskapa som driv tradisjonell livsforsikring i Noreg, har dei tre største (Vital Forsikring, KLP og Storebrand Livsforsikring) ein marknadsdel på heile 85 prosent. Dette er ein nedgang på 2,5 prosentpoeng samanlikna med utgangen av 2005.

I skadeforsikringsmarknaden har dei fire største selskapa (Gjensidige Forsikringsgruppen, If, Vesta Skadekonsern og Sparebank 1 Skadeforsikring) ein marknadsdel på 72 prosent målt i brutto

premieinntekter. Dette er ein nedgang på eitt prosentpoeng samanlikna med utgangen av 2005.

Vesta Forsikring blir omdanna til filial i det nordiske Tryg Vesta-konsernet i 2007, etter godkjenning frå Finansdepartementet i desember 2006. Dette vil auke marknadsdelen til dei utanlandske filialane frå 28 til om lag 40 prosent, målt i brutto premieinntekter. Fokus Bank vil i 2007 bli omdanna til filial av Danske Bank etter godkjenning frå Finansdepartementet i desember 2006.

Mens sjølvstendige forretningsbankar i stor grad er kjøpte opp av andre bankar dei siste åra, er reduksjonen i talet på sparebankar i hovudsak eit resultat av fusjonar for å danne større og meir slagkraftige einingar. Interessa for oppkjøp av sparebankar har auka den siste tida. Sparebankane har i dag tre moglegheiter for å endre status: avvikling, fusjon med andre sparebankar eller omdanning til aksjesparebank. Det er til no berre Gjensidige NOR Sparebank som har nytta retten til å omdanne seg til aksjesparebank.

I sparebanknæringa har det mellom anna vore ein debatt dei siste to åra om den framtidige strukturutviklinga i næringa. Departementet meiner det er avgjerande at sparebankane har ein tilstrekkelig fleksibilitet til å gjere strukturelle endringar som næringa sjølv finn nødvendige, samstundes med at ein slik fleksibilitet ikkje må bidra til å redusere sparebankane si samfunnsmessige rolle, eller rolla deira som viktig næringsaktør i distrikta. Departementet har derfor bedt Banklovkommissjonen om å greie ut og utarbeide utkast til reglar om strukturelle løysingar for sparebankar som tek omsyn til desse interessene. I samheng med

Tabell 2.1 Forvaltningskapital i finansgrupper i Noreg pr. 31.12.2006 – fordelt på bransjar

FK (mill.kr.)	Bank	Finansi- erings- selskap	Kreditt- føretak	Verdipapir- fond	Livs- forsikring	Skade- forsikring	Sum gruppe*
DnB NOR**	1 065 045	28 592	27 624	83 929	222 522	0	1 427 712
Nordea	351 467	9 171	18 533	26 768	40 834	0	446 773
Sparebank1/ Samarb. sparebankar*	330 203	7 834	822	43 557	22 042	7 450	411 908
Storebrand	34 367	0	0	36 617	172 012	490	243 486
Terra-gruppen	138 540	960	6 027	4 513	0	1 212	151 252
Sum finansgrupper	1 919 622	46 557	53 006	195 384	457 410	9 152	2 681 131
Total marked***	2 693 434	137 152	453 587	342 842	679 822	142 510	4 449 407

* Sum gruppe er sum av forvaltningskapital i dei ulike bransjane og vil avvike frå konserna sine egne konsernrekneskapar.

** Inkl. Nordlandsbanken og Vital Link.

*** I sum total marknad inngår filialar som utanlandske institusjonars har i Noreg. Utanlandske institusjonars grensekryssande verksemd i Noreg er ikkje inkludert.

Kjelde: Kredittilsynet

dette har departementet avslått to søknader om løyve til omdanning og sal av sparebank. Dei to avslaga er i hovudsak grunna i at sakene reiser prinsipielle spørsmål som bør greiast ut generelt før det blir teke endeleg stilling til enkelt saker.

2.3.1 Enkeltbransjar

Bankar

Ved utgangen av 2006 var det 147 bankar i den norske finansmarknaden. Av dette var 124 sparebankar, 9 norskeigde forretningsbankar, 8 filialar av utanlandske bankar og 6 utanlandsk eigde dotterbankar. Samla forvaltningskapital i den norske bankmarknaden (inkludert utanlandske filialar og utanlandsk eigde dotterbankar i Noreg) var 2 693 milliardar kroner ved utgangen av 2006. Dette er ein auke på nærare 21 prosent samanlikna med utgangen av 2005, då samla forvaltningskapital var 2 229 milliardar kroner. DnB NOR Bank er framleis den klart største banken i den norske bankmarknaden med ein marknadsdel på 39,5 prosent målt i prosent av forvaltningskapitalen ved utgangen av 2006. Til samanlikning hadde den nest største banken, Nordea Bank Norge, ein marknadsdel på 13,0 prosent av forvaltningskapitalen i same periode.

Filialar av utanlandske bankar hadde ein vekst i brutto utlån til kundar på 37 prosent i 2006, og utlån til næringslivskundar auka med heile 43 prosent. Til samanlikning hadde dei norskeigde bankane ein vekst i utlån til kundar på totalt 17 prosent i 2006. Også for norskeigde bankar var veksten i lån til innanlandske næringslivskundar høgast i 2006 med ein vekst på 23 prosent.

Livsforsikring

Samla forvaltningskapital i livsforsikringsselskapa (inkludert filialar og utanlandsk eigde dotterselskap) auka med 13,1 prosent i 2006, frå 601 milliardar

dar kroner ved utgangen av 2005 til 680 milliardar kroner ved utløpet av 2006.

Utanlandsk eigde filialar og utanlandsk eigde dotterselskap hadde ein marknadsdel på høvesvis 1,0 og 6,5 prosent av den norske livsforsikringsmarknaden ved utgangen av 2006. Dette er tilsvarende tal som ved utgangen av 2005.

Skadeforsikring

Forvaltningskapitalen i skadeforsikringsselskapa (inkludert filialar og utanlandsk eigde dotterselskap) var 143 milliardar kroner ved utgangen av 2006. Dette er ein auke på om lag 8 milliardar kroner samanlikna med utgangen av 2005. Ved utgangen av 2006 var det 44 ordinære skadeforsikringsselskap i den norske marknaden, og eit stort tal utanlandske filialar. Gjensidige Forsikringsgruppen er det største skadeforsikringsselskapet i Noreg med ein marknadsdel på 27 prosent. Filialar av utanlandske skadeforsikringsselskap hadde ein marknadsdel på 27,9 prosent og dotterselskap av utanlandske selskap hadde ein marknadsdel på 14,7 prosent av den norske skademarknaden ved utgangen av 2006. Dette er tilsvarende tal som ved utgangen av 2005 då utanlandske filialar og utanlandske dotterselskap hadde høvesvis 29,1 og 15,1 prosent av den norske skademarknaden.

Kredittføretak

Samla forvaltningskapital i kredittføretaka auka til 454 milliardar kroner ved utgangen av 2006, frå 404 milliardar kroner ved utgangen av 2005. Det er totalt 12 kredittføretak i den norske finansmarknaden. Kommunalbanken og Eksportfinans/Kommunekreditt (som er eigd av Eksportfinans) har høgast marknadsdel med høvesvis 34 og 33 prosent målt i brutto utlån til kundar. Kommunalbanken og Eksportfinans/Kommunekreditt var òg dei

Tabell 2.2 Strukturen i den norske finansieringsmarknaden pr 31.12.2006

	Bank	Finansierings- selskap	Kreditt- føretak	Livs- forsikring	Skade- forsikring
	% av FK	% av FK	% av FK	% av FK	% av br. Premier
Finansgrupper	71,3	33,9	11,7	67,3	10,2
Øvrige selskaper	28,7	66,1	88,3	32,7	89,8
Total marked**	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
herav utenlandsk eide filialar i Norge	11,0	28,9	1,9	1,0	27,9
herav utenlandsk eide datterselskaper	20,2	37,0	9,8	6,5	14,7

* Kredittføretak og finansieringsselskap

** Inkl. utanlandske institusjoners filialar i Norge

største kredittføretaka ved utgangen av 2005. Då var marknadsdelen deira høvesvis 31 og 30 prosent. Dei to største kredittføretaka har samla auka marknadsdelen sin frå 61 prosent ved utgangen av 2005, til 67 prosent ved utgangen av 2006. Sparebank 1 Boligkreditt starta verksemd i juni 2006. DnB NOR Hypotek blei i oktober 2006 fusjonert inn i DnB NOR Bank, og resten av verksemda til kredittføretaket blei innlemma i banken si drift.

Finansieringsselskap

Samla forvaltningskapital i finansieringsselskapa var 137 milliardar kroner ved utgangen av 2006. Dette tilsvarer ein auke på 23,4 prosent samanlikna med eitt år tidlegare, då samla forvaltningskapital var 111 milliardar kroner.

Verdipapirfond

Samla forvaltningskapital i norskregistrerte verdipapirfond auka med heile 25,2 prosent i 2006, frå 274 milliardar kroner ved utgangen av 2005 til 343 milliardar kroner ved utgangen av 2006.

2.4 Utviklinga i den norske finansmarknaden

Bankane har hatt gode resultat dei siste åra, ei utvikling som heldt fram i 2006. Bankane hadde samla sett større tilbakeføringar av tidlegare tap enn dei hadde tap på utlån i 2006, slik at det netto blei ei inntektsføring i 2006. Bankane sine kostnader har falle i høve til gjennomsnittleg forvaltningskapital. Rentemarginane har falle, noko som kan skape utfordringar for innteninga i bank på noko

lengre sikt. Bankane hadde framleis høg utlåning til hushald, samstundes som veksten i utlån til næringslivet har auka kraftig i 2006. Betring i utviklinga i verdipapirmarknaden i siste halvdel av 2006, etter ein kraftig korleksjon i mai, bidrog til at resultatata i livsforsikringsselskapa tok seg opp mot slutten av året. Bufferkapitalen blei styrkt i 2006, og aksjar i høve til forvaltningskapitalen var på høgaste nivå sidan 2000.

Også for skadeforsikringsselskapa heldt dei gode resultatata frå dei siste åra fram inn i 2006. Premieveksten var riktig nok lågare enn i 2005, men også veksten i erstatningskostnadene fell. Samstundes hadde selskapa gode netto finansinntekter. I Kredittmeldinga 2005 drøfta departementet konkurransesituasjonen i skadeforsikringsmarknaden, og konkluderte med at om lønnssemda held seg rundt nivået frå dei tre siste år, samsvarer dette ikkje med ein konklusjon om at konkurransen i skadeforsikringsmarknaden framleis er tilfredsstillande. Kredittilsynet skriv i rapporten *Tilstanden i finansmarkedet 2006* at «(d)en svake veksten i premieinntekter kan indikere at premiene reelt sett gikk ned i forhold til verdien av forsikrede objekter, som for eksempel biler og boliger, slik at svak vekst er eit uttrykk for konkurranse i skadeforsikringsmarkedet». Departementet meiner likevel at det er grunn til å følgje utviklinga i skadeforsikringsmarknaden nøye også i åra som kjem.

2.4.1 Bankane

Bankane (ikkje inkludert filialar av utanlandske bankar) oppnådde eit resultat før skatt på 28,1 milliardar kroner i 2006, ein auke på 2,5 milliardar kro-

Tabell 2.3 Resultatpostar i prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital

	DnB NOR Bank (inkl. NB)		Andre bankar med FK over 10 mrd. kroner		Bankar med FK under 10 mrd. kroner	
	2006	2005	2006	2005	2006	2005
Netto renteinntekter	1,46	1,57	1,62	1,80	2,19	2,38
Andre inntekter	0,91	1,09	0,79	0,83	0,70	0,72
- av dette netto kursgevinstar	0,22	0,27	0,17	0,18	0,09	0,16
Andre kostnader	1,16	1,32	1,32	1,42	1,68	1,77
- av dette lønn og adm. kostnader	0,93	1,07	1,07	1,16	1,31	1,40
Driftsresultat før tap	1,22	1,33	1,09	1,20	1,21	1,33
Bokførte tap på utlån	-0,04	-0,01	-0,12	-0,15	0,04	0,05
Gevinst/tap på verdipapir lang sikt/ nedskrivningar	0,12	0,01	0,00	0,05	0,01	0,04
Resultat av ordinær drift før skatt	1,37	1,36	1,22	1,39	1,19	1,32

Kjelde: Kredittilsynet

Tabell 2.4 Balansepostar

31.12.2006	DnB NOR (inkl. NB)		Andre bankar med forvalta kapital over 10 mrd. kroner		Bankar med forvalta kapital under 10 mrd. kroner	
	Mrd. kr.	Vekst i prosent	Mrd. kr.	Vekst i prosent	Mrd. kr.	Vekst i prosent
Forvalta kapital	1 065	26,5	1 068	18,2	266	14,7
Brutto utlån til kundar	736	18,4	886	17,9	236	14,3
Innskot frå kundar	469	14,0	521	17,5	169	14,0

Kjelde: Kredittilsynet

ner samanlikna med 2005. Avkastninga på eigenkapitalen (etter skatt) auka frå 16,8 prosent i 2005 til 17 prosent i 2006. I høve til gjennomsnittleg forvalta kapital utgjorde resultatet 1,28 prosent ved utgangen av 2006, mot 1,37 prosent eitt år tidlegare. Bankane inntektsførte samla tap på utlån på 1,5 milliardar kroner i 2006, mot 1,2 milliardar i 2005. Gjennom kvart kvartal dei siste to åra har bankane hatt tilbakeføringar på tidlegare tap på utlån. Ein nyetablert bank hadde underskot i rekneskapen sin i 2006.

I omtalen blir det skilt mellom tre ulike bankgrupper: den største banken DnB NOR (inkludert Nordlandsbanken som heileigd dotterselskap), andre bankar med forvalta kapital over 10 milliardar kroner (omfattar tjue bankar), og bankar med forvalta kapital under 10 milliardar kroner (omfattar 117 bankar).

Mens DnB NOR Bank (inkludert Nordlandsbanken) hadde eit resultat før skatt på om lag same nivå som i 2005 i forhold til gjennomsnittleg forvalta kapital, blei resultat i dei to andre gruppene noko svekt i forhold til gjennomsnittleg forvalta kapital.

Avkastninga på gjennomsnittleg eigenkapital auka for alle grupper av bankar. DnB NOR (inkl. Nordlandsbanken) hadde ei avkastning på eigenkapitalen på 23 prosent, mot 21 prosent i 2005. Avkastninga på eigenkapitalen var 17 prosent i dei nest største bankane, og 10 prosent i dei minste.

Utlån til kundar hadde ein vekst på nær 18 prosent i 2006 for bankane under eitt. Dei største bankane hadde den høgaste veksten i utlån til kundar. I 2006 auka veksten til næringslivskundar betydeleg, mens veksten i utlån til personkundar har vore høg i fleire år. Trass i sterk vekst i innskot frå kundar, 16 prosent, bidrog den sterke veksten i utlån til fall i innskotsdekninga i prosent av utlån samanlikna med 2005.

Spesielt har den sterke veksten i utlån til næringslivskundar det siste året gitt lågare kjerne-

kapitaldekning. Innhenting av ny kapital og tilbakehaldne resultat i bankane dei siste åra har likevel redusert fallet. Hovuddelen av bankane har ein solid kapitalbase som til no har gjort det mogleg å halde ved like den sterke kredittveksten utan at soliditeten har komme ned på eit kritisk lågt nivå. Den sterke utlånsvæksten set likevel store krav til inntening og tilbakehald av delar av innteninga for å halde oppe soliditeten via drifta. Samla hadde bankane ei kjernekapitaldekning på 8,6 prosent (førebels tal) ved utgangen av 2006, mot 9,6 prosent ved utgangen av 2005.

2.4.2 Forsikringselskap og pensjonskasser

Resultata til livsforsikringselskapa betra seg i 2006, i hovudsak som følgje av den sterke oppgangen på aksjemarknaden. Dei lange rentene steig i 2006, noko som bidrog til å auke avkastninga på rentepapira. Resultat før tildeling til kundar og skatt var 20,1 milliardar kroner i 2006, mot 14,7 milliardar kroner i 2005. I prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital var det ein auke i resultat frå 2,7 prosent i 2005 til 3,2 prosent i 2006. Kursreguleringsfondet auka med 6,6 milliardar kroner i 2006. Dette gav eit verdijustert resultat på 26,7 milliardar kroner, ein auke på 3,8 milliardar kroner samanlikna med året før.

Den verdijusterte kapitalavkastninga, som tek omsyn til verdiendringar på finansielle omløpsmidlar, var 7,7 prosent i 2006, mot 8,1 prosent i 2005. Mens kapitalavkastninga viser avkastninga på selskapa sine finansielle egedelar, omfattar dei bokførte resultata alle inntektene og kostnadselementa til selskapa.

Samanlikna med 2005 auka aksjedelen i balansen med 5,1 prosentpoeng til 26,4 prosent ved utgangen av 2006. Nær 60 prosent av aksjeportefølja er plasserte i utanlandske aksjemarknader.

Behaldninga av sertifikat og obligasjonar som blir haldne som omløpsmidlar, har vore stabil over

Tabell 2.5 Resultatpostar i livsforsikring. Millionar kroner og i prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital

	2006		2005	
	Mill. kroner	i % av GFK	Mill. kroner	i % av GFK
Premieinntekter	71 194	11,4	64 690	11,9
Inntekter frå finansielle eignelutar	80 447	12,9	64 135	11,8
Erstatningar	44 437	7,1	32 108	5,9
Endringar i forsikringsavsetningar	43 025	6,9	46 054	8,5
Forsikringsrelaterte kostnader og adm.kostnader	6 822	1,1	4 661	0,9
Resultat før deling og skatt	20 069	3,2	14 721	2,7
Endring i kursreguleringsfond	6 646	1,1	8 204	1,5
Verdijustert resultat før deling og skatt	26 712	4,3	22 924	4,2

Kjelde: Kredittilsynet

lang tid, men blei redusert med nær fem prosentpoeng siste år til 25 prosent ved utgangen av 2006. Behaldninga av obligasjonar «haldne til forfall» utgjorde 27 prosent av forvalta kapital. Gjennomsnittleg rente på denne delen av porteføljen var 5,0 prosent. Nær tre fjerdedelar av denne porteføljen har forfall etter 2009. Gjennomsnittrenta på denne delen av porteføljen er 4,7 prosent.

Bufferkapitalen gir uttrykk for selskapa si evne til å bere risiko, og er samansett av kjernekapital ut over kravet, tilleggsavsetningar på opp til eitt års rentegaranti og kursreguleringsfond. Bufferkapitalen har svinga noko gjennom 2006 og utgjorde 6,3 prosent av forvaltningskapitalen ved utgangen av andre kvartal 2006. På dette tidspunktet var bufferkapitalen svekt etter fallet i aksjemarknaden i mai. Samla hadde livsforsikringsselskapa ein bufferkapital på 53,4 milliardar kroner ved utgangen av 2006, ein auke på 10,3 milliardar kroner samanlikna med utgangen av 2005. Nivået på bufferkapitalen, målt i høve til forvalta kapital, var 8,2 prosent ved utgangen av 2006, det høgaste nivået sidan 1999. Livsforsikringsselskapa satt av 5,3 milliardar kroner i tilleggsavsetningar i 2006, mot 2,3 milliardar kroner i 2005. Auke i tilleggsavsetningar og kursreguleringsfond bidrog til å styrke bufferkapitalen til livsforsikringsselskapa i 2006.

Ved utgangen av 2006 hadde livselskapa i gjennomsnitt ei kapitaldekning på 11,6 prosent, og alle selskapa tilfredsstilte kapitaldekningskravet på 8 prosent. Ved utgangen av 2005 var kapitaldekninga 12,0 prosent. Den ansvarlege kapitalen i livsforsikringsselskapa auka både i absolutte tal og i prosent i 2006. Den ansvarlege kapitalen var 34 milliardar kroner ved utgangen av 2006, mot 29 milliardar kroner ved utgangen av 2005. I prosent av forvaltningskapitalen utgjorde den ansvarlege kapitalen

5,1 prosent ved utgangen av 2006, mot 4,9 prosent ved utgangen av 2005.

For dei 16 største private og 11 største kommunale pensjonskassene (som forvaltar 80 prosent av samla kapital til forvaltning i pensjonskassene) var den verdijusterte kapitalavkastninga i 2006 noko svakare enn i 2005. Fleire av dei store pensjonskassene har ein stor prosentdel aksjar i balansen. Samla verdijustert kapitalavkastning, som tek omsyn til verdiendringar på finansielle omløpsmidlar, var 11,2 prosent i 2006 mot 12,7 prosent i 2005. Til samanlikning hadde livsforsikringsselskapa ei verdijustert kapitalavkastning på 7,7 prosent. Dei private pensjonskassene har ein høgare prosentdel aksjar som del av forvalta kapital enn dei kommunale, og det gav ei kapitalavkastning på 12,5 prosent i dei private pensjonskassene, mot 7,9 prosent i dei kommunale pensjonskassene.

Dei private pensjonskassene auka aksjedelen i høve til forvalta kapital med 3,4 prosentpoeng i 2006, og hadde ved utgangen av året ein aksjedel på 37,3 prosent. Aksjedelen i dei kommunale pensjonskassene auka med 5,5 prosentpoeng i same periode til 25,5 prosent. For både kommunale og private pensjonskasser har det vore ein auke i delen utanlandske aksjar samanlikna med utgangen av 2005, og utanlandske aksjar utgjorde høvesvis 59 prosent og 54 prosent av aksjebeholdninga. Dette er om lag like stor prosentdel av utanlandske aksjar som det livsforsikringsselskapa har. Bufferkapitalen til pensjonskassene blei styrkt gjennom 2006, og utgjorde 17 prosent av samla forvalta kapital ved utgangen av året. Premiefond utgjorde 8 prosent av forvalta kapital på same tidspunkt.

Skadeforsikringsselskapa (41 selskap i utvalet) hadde i 2006 eit samla resultat av ordinær verksamd (resultat før ekstraordinære inntekter/kost-

nader og skatt) på 7,4 milliardar kroner, som svarer til 26,8 prosent av premieinntekter for eiga rekning. Dette er dei premieinntektene som blir behaldne av selskapet, dvs. opptente brutto premieinntekt minus avgitte gjenforsikringspremiar. I 2005 hadde dei same selskapa eit resultat av ordinær verksemd på 6,2 milliardar kroner. For selskapa samla var det betring i lønnsmda i den forsikringsrelaterte verksemda. Dette, saman med betring i finansinntektene, auka resultat av ordinær verksemd. Det var spesielt betring i resultatata i captive-selskapa som bidrog til denne utviklinga. Eit captive-selskap er eit selskap som berre forsikrar eigarselskapet/-selskapa eller medlemmene i ein organisasjon. Av dei 41 selskapa i utvalet hadde fire selskap negativt resultat i 2006.

Skadeforsikringsmarknaden er dominert av dei fire største skadeforsikringsselskapa, If Skadeforsikring NUF, Gjensidige Forsikringsgruppen, Vesta Skadekonsern og SpareBank 1 Skadeforsikring. Den norske filialen av If er under tilsyn av den svenske Finansinspektionen, og har dermed ikkje ordinær rapporteringsplikt til Kredittilsynet. Dei tre største skadeforsikringsselskapa, når ein ser bort frå If Skadeforsikring, har hatt fleire år med betring i lønnsmda i den forsikringsrelaterte verksemda, men lønnsmda blei noko svekt i 2006. Skadeutbetalingane var noko høgare enn i 2006, og det var ein svak auke i både kostnader og premieinntekter. Auka finansinntekter vog ikkje heilt opp for nedgangen i det tekniske resultatet, slik at resultat av ordinær verksemd blei 5,1 milliardar kroner i 2006, mot 5,3 milliardar kroner i 2005.

For dei tre skadeforsikringskonserna (Gjensidige Forsikringsgruppen, Vesta Skadekonsern og SpareBank 1 Skadeforsikring) utgjorde den samla behaldninga av obligasjonar og sertifikat 41 prosent av forvalta kapital ved utgangen av 2006, ein nedgang på 4,5 prosentpoeng siste år, og 14 pro-

sentpoeng dei to siste åra. Aksjedelen i høve til balansen har i same periode auka kraftig. Ved utgangen av 2004 utgjorde aksjedelen 4 prosent, han auka til 14 prosent ved utgangen av 2005, og ytterlegare til 16 prosent av forvalta kapital ved utgangen av 2006. Behaldninga obligasjonar «haldne til forfall» utgjier ein relativt mindre del av forvalta kapital enn i livsforsikringsselskapa, 10 prosent ved utgangen av 2006. Utanlandsdelen i behaldninga av aksjar har auka over lang tid, og var svært høg ved utgangen av året, 85 prosent. For rentepapira fall utanlandsdelen til 24 prosent siste år.

Alle konserna tilfredsstilte minstekrava til forsikringstekniske avsetningar ved utgangen av 2006. Totale forsikringstekniske avsetningar var 43,3 milliardar kroner, ein auke på 9,6 prosent i høve til utgangen av 2005. I same periode har dekningsprosenten (dei faktiske avsetningane i prosent av minstekrav) auka frå 109,0 prosent til 111,7 prosent. Den ansvarlege kapitalen i skadeforsikringsselskapa auka både i absolutte tal og i prosent av forvaltningskapitalen i 2006. Den ansvarlege kapitalen auka til 23 milliardar kroner ved utgangen av 2006, frå 16 milliardar kroner ved utgangen av 2005. Den ansvarlege kapitalen i prosent av forvaltningskapitalen var 22,3 prosent ved utgangen av 2006, mot 16,9 prosent ved utgangen av 2005.

Den samla ansvarlege kapitalen i dei tre skadeforsikringskonserna var 16,5 milliardar kroner ved utgangen av 2006, mot 10,6 milliardar ved utgangen av 2005. Den sterke auken reflekterer blant anna dei gode resultatata i 2006.

2.4.3 Finansieringsforetak

Finansieringsforetak omfattar finansieringsselskap og kredittforetak. Kredittforetak skriv ut obligasjonar, noko finansieringsselskapa ikkje gjer.

Tabell 2.6 Resultatpostar for dei tre skadeforsikringskonserna samla. Millionar kroner og i prosent av premieinntekter for eiga rekning (f.e.r.)

	2006		2005	
	Mill. kroner	Prosent	Mill. kroner	Prosent
Premieinntekter f.e.r.	23 300		22 954	
Pådregne skadar f.e.r.	16 459	70,6	15 478	67,4
Forsikringsrelaterte driftskostnader f.e.r.	5 074	21,8	4 933	21,5
Teknisk resultat	1 076	4,6	1 597	6,9
Netto finansinntekter	4 043	17,4	3 708	16,2
Resultat av ordinær verksemd	5 138	22,1	5 302	23,1

Teknisk resultat: skildrar resultat frå den forsikringstekniske verksemda, og gir eit uttrykk for resultatet før finansinntektene er rekna med.

Kjelde: Kredittilsynet

Finansieringsselskapa hadde eit resultat av ordinær verksemd på 1,6 milliardar kroner, tilsvarande 1,90 prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital i 2006. For finansieringsselskapa medverka noko lågare tap på utlån og auke i netto renteinntekter til betringa i resultat. Dei hadde samla ein vekst i utlån til kundar på 22,6 prosent, som var høgere enn veksten i bankane. Kjernekapitaldekninga var 9,4 prosent (førebels tal) ved utgangen av året, mot 10,0 prosent ved utgangen av 2005.

Kredittføretaka hadde eit resultat av ordinær verksemd på 1,1 milliardar kroner i 2006. Dette utgjorde 0,27 prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital. Kredittføretaka hadde låge tap på utlån i 2006. Dei hadde ein vekst i utlån på 17 prosent. Korrigert for porteføljeoverføring mellom bank og kredittføretak var utlånsveksten 14,0 prosent. Samla hadde kredittføretaka ei kjernekapitaldekning på 9,5 prosent (førebels tal) ved utgangen av 2006, ein auke på 0,1 prosentpoeng samanlikna med utgangen av 2005.

2.4.4 Verdipapirhandel.

Ved utgangen av 2006 var det 85 *verdipapirføretak* med konsesjon frå Kredittilsynet. Av desse var 17 bankar. Verdipapirføretaka fekk til saman driftsinntekter på 16 657 millionar kroner i 2006. Dette er ein auke på 5 258 millionar kroner (46 prosent) frå 2005. Rapporteringa som Kredittilsynet mottok, inneheld ikkje kostnadstal for verdipapirføretak som er bank. Driftsresultat er følgeleg berre kommenterte for verdipapirføretak som ikkje er bank. *Verdipapirføretaka som ikkje er bank*, fekk eit driftsresultat på 6 035 millionar kroner i 2006. Dette er ein auke på 2 438 millionar kroner (68 prosent) samanlikna med 2005. Driftsinntektene for dei same institusjonane blei 12 034 millionar kroner i 2006, som er 4 663 millionar kroner (63 prosent) meir enn i 2005. Samstundes auka driftskostnadene med 59 prosent, frå 3 771 millionar kroner i 2005 til 5 999 millionar kroner i 2006.

Dei viktigaste inntektskjeldene for verdipapirføretaka som ikkje er bank, er mekling av eigenkapital- og gjeldsinstrument og emisjons- og rådgivingsverksemd. Inntektene frå emisjons- og rådgivingsverksemd blei 4 750 millionar kroner i 2006 for verdipapirføretaka som ikkje er bank. Dette er 2 211 millionar kroner (87 prosent) meir enn i 2005. Dei same føretaka fekk i 2006 inntekter frå mekling av eigenkapital- og gjeldsinstrument (sum kurtasjehandel og nettohandel) på 3 134 millionar kroner, noko som er ein auke på 1 024 millionar kroner (49 prosent) frå 2005. Inntektene frå aktiv forvaltning blei 1 026 millionar kroner i 2006 for

verdipapirføretaka som ikkje er bank. Dette er ein auke på 181 millionar kroner (22 prosent) samanlikna med 2005.

For *verdipapirføretaka som er bank*, blei driftsinntektene til saman 4 624 millionar kroner i 2006. Dette er ein auke på 596 millionar kroner (15 prosent) samanlikna med 2005. Bankane sine inntekter frå investeringstenesteverksemda er i stor grad knytt til handel i gjeldsinstrument og valuta (både underliggjande og derivat). Handel med andre finansielle instrument (medrekna valutaderivat) gav verdipapirføretaka som er bank, ein samla gevinst på 2 057 millionar kroner i 2006. Samanlikna med 2005 er dette ein auke på 540 millionar kroner (36 prosent). Andre inntekter frå investerings- og tilleggstenester (medrekna spothandel i valuta) blei 1 133 millionar kroner i 2006, noko som er om lag uendra frå 2005 (2 prosent). Inntektene frå emisjons- og rådgivingsverksemda til verdipapirføretak som er bank, auka med 358 millionar kroner (54 prosent) samanlikna med 2005, og blei på 1 017 millionar kroner. Verdipapirføretaka som er bank, fekk i 2006 til saman eit netto tap på 374 millionar kroner frå eigenhandel («market making») i eigenkapital- og gjeldsinstrument. Dette er ei forverring på 414 millionar kroner frå 2005.

Forvaltningskapitalen i norskregistrerte *verdipapirfond* var 338 milliardar kroner ved utgangen av 2006, mot 271 milliardar kroner ved utgangen av 2005. Nettoteikninga i 2006 var positiv med 33 milliardar kroner, mens verdistigninga på investerte midlar i 2006 var 34 milliardar kroner. Ved utgangen av 2006 var det 2,26 millionar partseigarforhold i norskregistrerte verdipapirfond, som er ein auke på nær 150 000 i forhold til 2005. Ein ein-skild investor kan vere partseigar i fleire ulike verdipapirfond.

Det meste av auken i forvaltningskapital i 2006 var i aksjefond. Forvaltningskapitalen i aksjefonda auka med 60,3 milliardar kroner (41 prosent) i 2006. Av dette var 24,6 milliardar kroner nettoteikning, mens avkastninga på investert kapital var 35,7 milliardar kroner.

Driftsinntektene til *forvaltningsselskapa* var 3 973 millionar kroner i 2006. Dette er ein auke på 877 millionar kroner (28 prosent) samanlikna med 2005. Driftsresultatet til forvaltningsselskapa var 1 483 millionar kroner i 2006. Dette er ein auke på 331 millionar kroner (29 prosent) samanlikna med 2005.

Dei viktigaste inntektskjeldene for forvaltningsselskapa er godtgjering for forvaltning av fond og inntekter for aktiv forvaltning av investors porteføljar. Forvaltningsselskapa fekk ei godt-

gjerjing for forvaltning av fond på 3 095 millionar kroner i 2006, som er ein auke på 565 millionar kroner (22 prosent) samanlikna med 2005. Forvalt-

ningsselskapa sine inntekter frå aktiv forvaltning var 587 millionar kroner i 2006, som er 245 millionar kroner meir (72 prosent) enn i 2005. Ved utgan-

Boks 2.1 Nye kapitalkravsreglar – Basel II

Dei nye reglane for kapitaldekning gjeld frå og med 1. januar 2007, og er ein sentral del av regelverket som har som formål å styrkje stabiliteten i det finansielle systemet. Desse reglane gjennomfører EØS-reglar som svarer til EUs nye direktiv om kapitaldekning (EU-direktiva 2006/48/EF og 2006/49/EF, som blei vedtekne 14. juni 2006). Direktiva er såkalla minimumsdirektiv, og har vore utforma med utgangspunkt i Basel II-anbefalingane. Bakgrunnen for kapitaldekningskrav er at institusjonane skal ha ein buffer i form av ansvarleg kapital for å stå imot den risikoen for tap som dei påtek seg gjennom verksemda si. Den ansvarlege kapitalen tener som eit vern for innskyttarar, forsikringskundar og andre kreditorar, kundar o.a. Soliditeten til finansinstitusjonane er viktig for stabiliteten i det finansielle systemet. Basel II og dei parallelle EU-direktiva bidreg til dette overordna målet både gjennom krav og insentiv til betre behandling av risiko.

Lovreglar om nye kapitalkrav, som Stortinget vedtok i juni 2006, fastset sentrale prinsipp og strukturen i dei nye kapitaldekningskrava. Blant anna går det fram av lovreglane at finansinstitusjonen sjølv kan velje blant tre ulike metodar for berekning av kapitalkrav (pilar 1), og at det blir opna for at institusjonane ved berekning av kapitaldekningskravet nyttar eigne interne risikostyringsmodellar. Det nærmare innhaldet i dei ulike metodane følgjer av kapitalkravsforskrifta, som blei fastsett 14. desember 2006. I tillegg til generelle minimumskrav til ansvarleg kapital (pilar 1) er det innført reglar om samla kapitalvurdering (pilar 2) og krav til offentleggjering av opplysningar om kapitaldekninga (pilar 3). For forsikringselskap o.a. (pensjonskasser, innskottspensjonsføretak og holdingselskap i forsikringskonsern) blir dei opphavlege Basel I-reglane førte vidare, men med enkelte tilpassingar i forhold til dei nye kapitalkrava for bankar o.a.

Både kapitalkravsforskrifta og kapitaldekningsreglane for forsikringsselskap o.a. inneheld ei overgangsordning der institusjonane fram til utgangen av 2007 kan velje å berekne kapitalkravet etter dei tidlegare reglane. Dette føreset at ordninga blir nytta på same viset i heile konsernet. Kredittilsynet si kartlegging syner at berre få institusjonar ønskjer å nytte Basel II frå 2007.

Moglege effektar på kapitaldekninga

I Basel II vil kapitalkrav for bustadlån og lån til små og mellomstore bedrifter vere lågare enn i Basel I. Norske bankar har ein høg prosentdel av slike lån og får derfor relativt større reduksjon enn mange andre land. Berekingar syner at sparebankar som nyttar standardmetoden for kredittrisiko, kan få ein gjennomsnittleg reduksjon i kapitalkravet, inklusive kapitalkrava for marknadsrisiko og operasjonell risiko, på 10–12 prosent.

Det er venta at dei bankane som nyttar ein internrating-metode (IRB-metode), etter kvart vil få lågare krav til kapital for kredittrisiko enn institusjonar som nyttar standardmetoden. Det er venta at om lag to tredelar av dei norske bankaktiva vil bli haldne av bankar som nyttar IRB-metoden. Basert på bankane sine eigne berekingar kan samla kapitalkrav bli 35–45 prosent lågare enn under Basel I for bankar som nyttar denne metoden. Kredittilsynet har gitt løyve til at DnB NOR Bank ASA, Sparebanken Nord-Norge, SpareBank 1 SR-Bank, Sparebanken Midt-Norge og Sparebanken Vest nyttar grunnleggjande IRB-metode for denne berekinga. Ei overgangsføresegn som gjeld fram til 2010, avgrensar utsiktene for lågare minstekrav til kapital under pilar I i desse bankane i perioden 2007–2009. Den ansvarlege kapitalen skal minst utgjere 95 prosent av kapitalkravet under Basel I i 2007, 90 prosent i 2008 og 80 prosent i 2009. Det er truleg at for dei norske IRB-bankane vil desse golva vere det faktiske minimumskravet i perioden 2007–2009. Det er ikkje slike golv for bankar i standardmetoden.

Institusjonar som nyttar IRB-modellar til risikostyring, vil vere eksponerte for modellrisiko, dvs. risiko for at modellen er galen eller blir nytta på galen måte. Krava til validering (etterprøving) skal redusere modellrisiko, men både institusjonane og tilsynsstyresmakta må ta omsyn til at modellane dels er nye, og dels skal nyttast til nye formål. Institusjonane må under pilar 2 ta omsyn til risiko som ikkje er fullt ut reflektert i IRB-metoden. Korleis bankane faktisk vel å tilpasse kapitalnivået, er avhengig av korleis bankane vurderer risikoprofil og samla kapitalbehov. Kredittilsynet vil gå gjennom kapitalvurderinga i kvar enkelt institusjon og sjå til at institusjonane har ein forsvarleg eigenkapital.

Boks 2.2 Kredittilsynet sitt arbeid med samansette produkt

Kredittilsynet sette i 2006 ned ei arbeidsgruppe som har jobba med spørsmål knytte til informasjon gitt ved rådgiving og sal av samansette produkt, under dette aksjeindekserte obligasjonar, bankinnskot med aksjeavkastning og liknande produkt.

Undersøkingar som er utførte av Kredittilsynet, viste mellom anna at rådgivingsprosessen og retningslinjene for informasjon ved sal av desse produkta, gitt gjennom rundskriv 4/2004, ikkje blei tilfredsstillande følgde. Rådgivarar som med skjulte insentiv tilbød samansette produkt framfor andre produkt, og mangelfull og misleiande informasjon om kostnader og reell avkastning relatert til produkta i teikningsmaterialet, var uheldige eksempel som undersøkingane avdekte. Arbeidsgruppa har gjennom 2006 arbeidd med nytt regelverk og retningslinjer for institusjonane som tilbyr samansette produkt.

Kredittilsynet fastsette 25. september 2006 forskrift om opplysningsplikt ved tilbod om kjøp av samansette produkt. Forskrifta trådde i kraft 1. januar 2007. Forskrifta, som regulerer finansinstitusjonars plikt til å gi opplysningar ved sal av samansette produkt, har heimel i finansieringsverksemdslova.

Kredittilsynet har òg utarbeidd eit rundskriv om informasjon og retningslinjer ved sal av samansette produkt, rundskriv 15/2006. Del I i rundskrivet er i stor grad likelydande med forskrifta og gjeld for verdipapirføretak og frittstående formidlarar av denne typen produkt som er omfatta av verdipapirhandelleva. Del II i rundskrivet gjeld for institusjonane som er omfatta av del I rundskrivet, og institusjonane som er omfatta av forskrifta. Denne delen omhandlar retningslinjer for rådgivingsverksemd og dokumentasjon av denne i samband med sal av produkta.

Den nye forskrifta og rundskrivet skal bidra til å gi forbrukarar betre opplysningar om reell avkastning, risiko og kostnader ved investering i samansette produkt og rådgivarane sine insentiv for å tilby produkta.

gen av 2006 var 453,4 milliardar kroner til aktiv forvaltning hos forvaltningsselskapa, ein auke på 14,9 milliardar kroner (3 prosent) frå utgangen av 2005.

Boks 2.3 Finansportalen.no

I juni 2006 kom Kredittilsynet i fellesskap med Forbrukarrådet og Forbrukarombodet med eit forslag til Barne- og likestillingsdepartementet (BLD) og Finansdepartementet (FIN) om å etablere ein internettbasert informasjonsportal for finansielle produkt og tenester i statleg regi. Forslaget bygde på ein rapport frå ei felles arbeidsgruppe mellom dei tre verksemdene og blei følgt opp av Regjeringa i statsbudsjettet for 2007 med ei samla løyving til formålet på 6 millionar kroner. Portalen skal gjere det lettare å skaffe seg oversikt over tilbod, prisar, eigenskapar og risikoar ved finansielle produkt og tenester o.a., ved at informasjonen blir samla på ein stad og formidla på ein strukturert måte. Forslaget blei sendt på høyring frå BLD med frist 1. desember 2006. Alle høyringsinstansar støtta forslaget, og var dessutan gjennomgåande samde i framlegget til innhald.

I løpet av januar 2007 blei dei involverte departementa og dei tre forslagsstillarane samde om at Forbrukarrådet tek ansvaret for eit prosjekt for etableringa av portalen, mens BLD arbeider vidare med å finne ein permanent «eigarskapsmodell» for portalen. Kredittilsynet, Forbrukarombodet, Konkurransetilsynet, Finansnæringens Hovedorganisasjon, Sparebankforeningen – og eventuelle andre som Forbrukarrådet finn det naturleg å trekkje inn – skal inviterast til å delta i ei referansegruppe for prosjektet. Rammene for etableringsprosjektet er nedfelte i ein avtale mellom Barne- og likestillingsdepartementet og Forbrukarrådet datert 12. februar 2007.

2.5 Nærmare om ulike risikoar i finansmarknaden og finansføretaka

Finansmarknaden og finansføretaka skal legge til rette for at samfunnet og brukarar av finansielle tenester kan allokere ressursar på ein effektiv og trygg måte. Solide finansinstitusjonar er ein premiss for velfungerande finansmarknader. Også andre forhold er viktige. Til dømes vil innsidelandel og annan marknadsmanipulasjon svekkje tilliten til finansmarknaden og svekkje finansmarknaden si evne til å finansiere lønnsame prosjekt og føretak. Derfor er det viktig å førebyggje denne typen kriminalitet gjennom høg oppdagingsrisiko

Boks 2.4 Nettbanktryggleik

Kredittilsynet la i 2006 auka vekt på oppfølging av bankane sine nettbankløyningar. Pålogging til nettbank er i stor grad basert på to-faktor-autentisering. To-faktor-autentisering er ofte samansett av ein brukaridentifikasjon, ein PIN-kode som kunden sjølv har, og ein eingongs-kode som blir generert av ein kodekalkulator eller ein kortlesar, eller ein nummerserie som blir send til kunden på eit papirark. BankID er ei slik løysing, og det er denne løysinga banknæringa vil ta i bruk. Dei første bankane tok i bruk BankID allereie i 2005.

Etter Kredittilsynet sine vurderingar har alle bankane med nettbankløyningar i Noreg påloggingsmekanismar som fungerer godt. Utviklinga i seinare tid, med meir avanserte åtak mot nettbankløyningane, er likevel bekymringsfull, og det er derfor etablert direkte dialog med bankane og deira organisasjonar for raskt å finne fram til felles tiltak som kan hindre ei vidare uheldig utvikling på dette området.

Tryggleik ved bruk av nettbank handlar også om å sikre seg mot at nettbankkunden tastar feil. Etter oppmoding frå styresmaktene – i lys av avdekte tilfelle om overføring til feil konto – utarbeidde banknæringa i slutten av 2006 ei anbefaling til bankane om kontrollfunksjonar, mellom anna at kunden skal få feilmelding ved tasting av for mange siffer, og at det skal skiljast klart mellom kroner og øre. Bankanes gjennomføring av anbefalinga – som vil skje innan utgangen av mars 2007 – skal følgjas opp av Kredittilsynet. Regjeringa vurderer no om ein også treng endringar i finansavtalelova, mellom anna om ansvarsavgrensning for bankkundar.

Det er lite truleg at tap i samband med nettbank kan skape soliditetsproblem for finansinstitusjonane. Tiltak for auka tryggleik vil derfor særleg ha samband med omsynet til brukarane og deira tillit til systema. Utan tillit til systema vil bruken av nettbank bli lågare enn effektiviteten i denne betalingsforma tilseier.

og effektive sanksjonar. Dersom det finansielle systemet ikkje fungerer tilfredsstillande, kan tilgangen på kreditt og betalingsformidling bli forstyrra. Det kan få uønskte konsekvensar for produksjon, sysselsetjing og prisstiging.

Boks 2.5 Obligatorisk tenestepensjon

Lov om obligatorisk tenestepensjon blei sett i kraft 1. januar 2006. Lova fastset ei plikt for alle føretak som er omfatta av lova, til å etablere anten ei ytingsbasert føretakspensjonsordning etter føretakspensjonslova, eller ei innskotsbasert ordning etter innskotspensjonslova. Føretak som er omfatta av lova, skal ha etablert ei tenestepensjonsordning slik det er nemnt, innan utgangen av 2006, likevel slik at retten til opptening av alderspensjon skal gjelde frå og med 1. juli 2006.

I følgje FNH sine tal var det 618 000 arbeidstakarar i 66 000 bedrifter som fekk obligatorisk tenestepensjon i 2006. Tala viser nyteikningar og ikkje omdanningar frå ytingsbaserte ordningar til innskotsbaserte ordningar.

Innskotspensjonsordningane som er etablerte, er for ein stor del minimumsordningar med 2 prosent innskot for lønn mellom 1G og 12G, og innskotsfritak for uførleik. Svært få bedrifter har teikna supplerande risikodeknningar som til dømes uførepensjon.

Kredittilsynet har myndigheit til å påleggje føretak som ikkje har pensjonsordning i samsvar med lov om obligatorisk tenestepensjon, å rette forholdet innan ein fastsett frist, med påfølgjande tvangsmulkt om pålegget ikkje blir følgt. I utgangspunktet skal Kredittilsynet ikkje drive oppsøkjande tilsyn for å kontrollere om pliktige føretak har etablert føretakspensjonsordning i samsvar med lova. Kredittilsynet må i hovudsak basere seg på innrapporteringar frå arbeidstakarar, revisorar og likningsmyndigheitene. Rekneskapspliktige føretak skal i note til årsrekneskapen opplyse om føretaket har plikt til å ha pensjonsordning, og om ordninga i så fall er i samsvar med krava i lova. Føretak som ikkje har rekneskapsplikt, skal gi tilsvarande opplysningar i næringsoppgåva. I terminoppgåva for arbeidsgivaravgift og forskotstrekk med frist 8. mars 2007 har arbeidsgivar for første gong plikt til å opplyse om føretaket har oppretta ei tenestepensjonsordning i samsvar med lova.

Som ein del av det samla soliditetstilsynet er det dei siste åra lagt stor vekt på å førebyggje finansielle kriser for å skåne kundane og samfunnet for tap. Dei viktigaste typane risiko i finansmarknaden er marknadsrisiko, kredittrisiko, likviditetsrisiko

og operasjonell risiko. Oppbygging av reserver som er tilpassa risikoen i kvar enkelt finansinstitusjon, har vore, og er, ei heilt sentral målsetjing. Det er heilt sentralt å understreka at dette er eit kjerneansvar for den einskilde finansinstitusjon. God risikostyring i kvar enkelt finansinstitusjon, kombinert med eit aktivt tilsyn frå Kredittilsynet, er avgjerande for å identifisere og overvake den risikoen som institusjonane utset seg for. Arbeidet Kredittilsynet og Noregs Bank gjer for å kartleggje utsiktene til finansiell stabilitet, kan gi viktige signal om når – og kor – faren for finansiell krise er størst.

2.5.1 Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er risiko knytt til endringar i marknadsprisar på til dømes aksjar, lån og fast eigedom.

Aksjemarknaden hadde ei variert utvikling i 2006. I mai blei ein periode med oppgang avløynt av eit aksjekursfall. Mens dei internasjonale marknadene henta seg inn i løpet av hausten, kom ikkje hovudindeksen på Oslo Børs tilbake til toppnoteringa i mai før i midten av desember 2006. Hovudindeksen på Oslo Børs auka likevel med heile 32,4 prosent i 2006. Til samanlikning auka Morgan Stanleys verdsindeks med 13,6 prosent. Framleis høge råvareprisar, særleg for olje, kombinert med høgkonjunktur, kan forklare ein del av den særleg gunstige utviklinga på Oslo Børs. Oljeprisen varierte kraftig i 2006. Etter å ha nådd toppunktet på over 78 dollar fatet i august, som følgje av stor etterspørsel og krig i Midtausten, fall han til 58 dollar ved utgangen av 2006.

Noregs Bank auka styringsrenta med 1,25 prosentpoeng i løpet av 2006, frå 2,25 prosent til 3,5 prosent. Auken i styringsrenta er berre i mindre grad reflektert i auka rente på bustadlån. Rentemarginen, som er forskjellen mellom rentesatsar på utlån og innskot, var på 2,1 prosent ved utgangen av 2006. Rentemarginen er meir enn halvert dei siste ti åra, og er på det lågaste nivået sidan målingane starta i 1987. Grove berekningar viser at veksten i utlån auka nettorenteinntekter med 5,4 milliardar kroner, mens reduksjon i rentemargarar reduserte netto renteinntekter med 3,0 milliardar kroner. Det er lite truleg at dei låge tapa i bankane vil vare. Samstundes kan konkurransen i bankmarknaden gjere det vanskeleg for bankane å auke rentemarginane.

Fleire sentralbankar heva styringsrenta i 2006. I USA auka ho til 5,25 prosent, og den europeiske sentralbanken heva renta fem gonger i 2006 til 3,5 prosent.

Dei lange rentene (tiårs statsobligasjonar) i Noreg hadde ei ujamn utvikling i 2006. Totalt auka dei med 0,7 prosentpoeng i 2006, og dei var framleis låge, på 4,4 prosent, ved utgangen av året. Tilsvarende renter i euroområdet og USA var 4,0 og 4,7 prosent på same tidspunkt.

Blant finansinstitusjonane er det særleg forsikringsselskapa som tek marknadsrisiko. Livsselskapa er eksponerte for marknadsrisiko gjennom store beholdningar av aksjar og rentepapir.

Aksjedelen i livsforsikringsselskapa har auka frå 2003. Ved utgangen av 2006 utgjorde aksjedelen 26,4 prosent av forvaltningskapitalen i livsforsikringsselskapa, nær 60 prosent i utanlandske aksjar. Aksjedelen i livsforsikringsselskap har auka med om lag 5 prosentpoeng samanlikna med utgangen av 2005. Betre utvikling i aksjemarknaden i siste halvdel av 2006, etter ein kraftig korreksjon i mai, bidrog til at resultatata i livsforsikringsselskapa tok seg opp mot slutten av året. Det er – i tråd med det departementet har understreka fleire gonger – særst viktig at selskapa med god sikkerheitsmargin tilpassar seg risikoen i porteføljen sin (aktiva) slik at han står i et trygt forhold til soliditeten i selskapet. Dette er eit sentralt selskapsansvar.

Sertifikat og obligasjonar haldne som omløpsmidlar i livsforsikringsselskapa har vore stabile dei siste åra, men i løpet av 2006 blei delen av sertifikat og obligasjonar redusert med fem prosentpoeng til 25,1 prosent ved utgangen av 2006. Obligasjonar «haldne til forfall» utgjorde 27,3 prosent av forvalta kapital ved utgangen av 2006, mot 27,2 prosent ved utgangen av 2005.

Både Kredittilsynet og forsikringsselskapa bruker stresstestar for å måle selskapa si evne til å motstå uventa og ugunstige marknadsrørsler. Det er gjennomført tre ulike stresstestar, med utgangspunkt i selskapa sin bufferkapital pr. 31.12.2006. I slike stresstestar blir det lagt vekt på den kortsiktige verknaden av auka rentenivå gjennom kurstap på beholdningane. På lengre sikt vil auka rente isolert sett ha gunstig effekt på avkastninga på selskap sine aktiva. Men sjølv om forsikringsselskapa sin bufferkapital var høgare ved utgangen av 2006 enn ved utgangen av 2005, var også risikoen høgare. Ei samanlikning med stresstesten som blei gjennomført i 2005, viser at sjølv om bufferkapitalen er vesentleg høgare ved utgangen av 2006, fell han til om lag same nivå som i 2005 dersom dei ulike scenarioa i stresstesten skjer samtidig. Dette kjem av den auka aksjeeksponeringa i forsikringsselskap i 2006.


Finansdepartementet har bedt Kredittilsynet lage utkast til ny forskrift for stresstesting.

EU arbeider no med å utarbeide nye soliditetsreglar for forsikringsselskap (Solvens II). Bakgrunnen for dei nye reglane er at dei skal reflektere risikoen i forsikringsselskapa betre enn dagens solvensregelverk. Dei nye reglane vil tidlegast bli innførte i 2010.

2.5.2 Kredittrisiko


Kredittrisiko er risikoen for tap som følgje av at motpartar ikkje innfrir skyldnadene sine, for eksempel når ein låntakar ikkje betaler renter eller avdrag. Kredittrisiko seier noko om kor truleg det er at motparten ikkje vil innfri skyldnadene sine, og tapet institusjonen i så tilfelle vil pådra seg, når ein tek omsyn til verdien av den tryggleiken institusjonen har. Det er i hovudsak bankane som har kredittrisiko gjennom utlån til hushalda og ikkje-finansielle føretak.

Tolv månadersveksten for innanlandsk kreditt (K2) var 14,6 prosent ved utgangen av 2006, mot 6,8 prosent ved utgangen av 2003. K2 er eit tilnærma mål for kor stor bruttogjeld publikum (hushald, ikkje-finansielle føretak og kommuneforvaltninga) har i norske kroner og utanlandsk valuta. Årsveksten i samla kreditt til publikum (K3) var 15,5 prosent ved utgangen av november 2006, når ein ser bort frå olje og sjøfart. K3 omfattar i tillegg til K2 også publikums utanlandsgjeld. Årsveksten for innanlandsk kreditt til hushalda, frå innanlandske kjelder, var på 12,5 prosent ved utgangen av 2006, og tilsvarende vekst for ikkje-finansielle føretak var heile 20,6 prosent.



Figur 2.1 Vekst i kreditt til hushald og ikkje-finansielle føretak

Kjelde: Statistisk sentralbyrå



Figur 2.2 Hushalda si gjelds- og rentebelastning i prosent av disponibel inntekt

Lånegjeld i prosent av disponibel inntekt fråtrekt avkastning på forsikringskrav (likvid disponibel inntekt). Renteutgifter etter skatt i prosent av disponibel inntekt + renteutgifter.

Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank

2.5.2.1 Kredittrisiko ved lån til hushalda

Hushalda si gjeld har vakse raskt sidan 2000. Gjeldsveksten seier likevel i seg sjølv lite om hushalda si evne til å handtere gjelda. Gjelds- og rentebelastninga gir betre uttrykk for om hushalda har inntekt som står i forhold til gjelda. Gjeldsbelastninga er forholdet mellom gjeld og disponibel inntekt, mens rentebelastning er forholdet mellom renteutgifter og inntekt.


Veksten i hushalda si gjeld har vore høgare enn veksten i disponibel inntekt sidan 1999. Samstundes er det ein låg del av hushalda som vel å binde renta på låna sine. Låg fastrentedel og høg gjeld i forhold til disponibel inntekt (gjeldsbelastning) inneber at norske hushald er meir sårbare ved uventa auke i renta enn hushald i land der fastrentedelen er høgare. Noregs Bank har berekna at hushalda si gjeld som del av disponibel inntekt utgjør drygt 190 prosent ved utgangen av 2006. Framskrivingar som er gjorde av Noregs Bank, viser at gjelda til hushalda mot slutten av 2009 vil bli meir enn 230 prosent av disponibel inntekt. Føresetnadene for framskrivingane er at økonomien utviklar seg som lagt til grunn i Inflasjonsrapport 3/2006. Gjennomsnittleg løpetid på nye bustadlån har auka noko dei siste åra, og lån med avdragsfrie periodar har blitt meir utbreidde. Dette har, saman med låge marknadsrenter, god vekst i inntekt og fallande arbeidsløyse, gjort det lettare for hushalda å betene lån. At det har blitt lettare for hushalda å betene lån, kan ha auka både etterspurnaden etter lån og finansinstitusjonane si vilje til å gi lån. Desse faktorane kan derfor ha medverka til den høge gjeldsveksten.

Prisveksten på brukte bustader har vore sterk sidan slutten av 2003. Det har ført til at kapitalbehovet har auka kraftig for hushald som skal kjøpe bustad for første gong. I januar 2007 var 12- månadersveksten i bustadprisane 19,4 prosent. Korrigert for den generelle prisauken var bustadprisane i februar 85 prosent høgare enn i det førre toppåret (1987) i bustadmarknaden. Det er ein fare for at prisoppgangen til dels speglar forventningar om framleis prisoppgang. Marknaden for næringseigedom var prega av ein betrakteleg auke i både sals- og leigeprisar i 2006.

Dei siste åra har bankane introdusert låneprodukt som gjer det lettare å frigjere bustadkapital, såkalla rammelån med pant i bustad.

Veksten i lån utan pant i bustad er redusert sidan slutten av 2005. Ei årsak kan vere at hushalda i aukande grad tek opp rammelån med pant i bustad i staden for tradisjonelle forbrukslån.

Formuen til hushalda har auka vesentleg dei siste åra. I 2006 blei likevel spareraten klart redusert, og finanssparinga var negativ. Hushalda sine nettofinansinvesteringar reflekterer ei endring i hushalda si finanssparing. I løpet av dei tre første kvartala av 2006 fall hushalda sine nettofinansinvesteringar, og nettofinansinvesteringsraten var negativ. Reviderte tal for nasjonalrekneskopen viser at hushalda si sparing i 2005 utgjorde 8,9 prosent av disponibel inntekt. Dei siste åra har spareraten blitt påverka av at skattemotiverte aksjeutbytte er henta ut før innføring av skatt på utbytte til mottakar. Korrigert for dette utbyttet blir spareraten monaleg lågare i perioden 2002-2005. I det siste synest hushalda si sparing å ha minka merkbart, spareraten for dei tre første kvartala i 2006 var 2,2 prosent. Statistisk sentralbyrå sitt overslag for 2006 er 1,4 prosent av disponibel inntekt.




Figur 2.3 Tolvmånadersvekst for vekst i bustadprisane

Kjelder: NEF, EFF, FINN.no og ECON

Sjølv om hushalda samla sett har høg finansformue, held hushalda med høg gjeldsbelastning lite av den. Hushald med høg gjeldsbelastning kan derfor i liten grad trekkje på finansformuen om dei får betalingsproblem.


Kredittilsynet har sidan 1994 gjennomført undersøkingar av korleis bankane praktiserer utlån med pant i bustad. I undersøkinga 2006 gjekk ein gjennom 29 bankar, med ein marknadsdel på om lag 85 prosent, til saman nær 3000 lån med pant i bustad. I 2006-undersøkinga utgjorde lån som gjekk til refinansiering i overkant av halvparten av porteføljen, mens drygt kvart fjerde lån gjekk til kjøp av bustad. Kredittilsynet si undersøking om bustadlån for 2006 viser at om lag 42 prosent av nye lån hadde ein belåningsgrad (lånesum i forhold til bustaden sitt verdigrunnlag) på over 80 prosent. Dette er ein auke på 5 prosentpoeng samanlikna med undersøkinga i 2005. Nær 30 prosent av utlån til kjøp av bustad hadde ein belåningsgrad på over 100 prosent, dette er ein auke på 7 prosentpoeng samanlikna med året før. Inkluderer ein alle lån som gjekk over 80 prosent, var det ein auke frå 59 prosent i 2005 til 66 prosent i 2006.

Prosentdelen med høg gjeldsbelastning er størst i den yngste aldersgruppa (under 35 år). Mange i denne aldersgruppa har etablert seg i bustadmarknaden i ein periode med sterk prisvekst på bustader. For lån til kjøp av bustad viser Kredittilsynet si bustadlånundersøking at 77 prosent av låntakarane under 35 år lånte meir enn 80 prosent av verdien på bustaden, og 37 prosent lånte meir enn 100 prosent av verdien på bustaden.



Figur 2.4 Hushalda sin sparerate og netto finansinvesteringar som del av disponibel inntekt. Revisjon av tala skaper brot i seriane.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå



Figur 2.5 Delar av lån innanfor ulike belåningsgradar

Kjelde: Kredittilsynet


2.5.2.2 Kredittrisiko ved lån til ikkje-finansielle føretak

Etter lågkonjunktur i dei ikkje-finansielle føretaka fram til midten av 2003 har produksjonen teke seg opp i Fastlands-Noreg. Konjunkturoppgangen har ført til ein sterk vekst i investeringane. Den kraftige auken i utlånsveksten til føretakssektoren i 2006 er prega av høgkonjunktur. Kredittveksten til ikkje-finansielle føretak frå innanlandske kjelder var 20,6 prosent på årsbasis i 2006. Ein del av prosjekta som no blir finansierte, kan føre til overkapasitet i næringslivet på eit par års sikt. For bankane er det derfor viktig at det blir gjort grundig kredittvurdering på næringslivsområdet.

Dei siste åra har gjeldsbelastninga i føretaka falle kraftig, både som følge av høg lønnsemd og låg gjeldsvekst. Det låge rentenivået har ført til at også rentebelastninga har falle. Den høge gjeldsveksten i føretaka i 2006 bidreg truleg til høgare gjeldsbelastning, trass i høg lønnsemd. Framskrivningar som er utførte av Noregs Bank, viser at gjelds- og rentebelastninga i føretakssektoren vil stige framover dersom lønnsemda blir redusert og gjeldsveksten held fram med å vere høg.

Det har vore ein nedgang i talet på konkursar dei siste åra. I 2006 var det 14 prosent færre konkursar enn i 2005. I fjerde kvartal 2006 blei det likevel registrert fleire konkursar enn i fjerde kvartal 2005. Berekingar som er utførte av Moodys KMV kreditttrisikomodel, viser ei gunstig utvikling i 2006. Modellen bereknar kor sannsynleg det er at dei drygt 4000 største norske selskapa skal mislegchalde skyldnadene sine. Desse føretaka står for mesteparten av gjelda i føretakssektoren. Moodys modell viser at det har vore ein kraftig nedgang i kor truleg det er at føretaka skal mislegchalde skyldnader sidan hausten 2002.


Kredittilsynet har sidan 1998 årleg undersøkt bankane si eksponering mot utvalde næringar. Undersøkinga for 2006 omfatta shipping, verfts-



Figur 2.6 Gjelds- og rentebelastning i føretak

Kjelde: Noregs Bank

dustri, offshoreindustri, utvinning av olje og gass, fiske og fangst, oppdrettsnæringa, eigeomsdrift og bygg og anlegg. Utvalet består av dei elleve største bankane, og analysen er basert på bankane si eiga risikovurdering og klassifiseringar. For bankane i undersøkinga auka totale løyvde utlån med 24 prosent frå tredje kvartal 2005 til tredje kvartal 2006. Trekt volum auka i same periode med 27 prosent. Trekt volum er eit anslag på kor mykje låntakar nyttar av tilgjengelege lånerammer. Ein auke i trekt volum antydgar at låntakarane i større grad enn tidlegare nyttar tilgjengelege lånerammer. Undersøkinga for 3. kvartal 2006 viser at det med unnatak for verftsindustri og bygg og anlegg, har vore ein nedgang i høgrisikodelen for alle næringar. Nedgangen var særleg stor for fiskeoppdrett. Eigeomsdrift er den næringa der dei fleste bankane har dei største engasjementa sine. Utlåna bankane har løyvd til næringa, var 216 milliardar kroner ved utgangen av 3. kvartal 2006, ein oppgang på 25 prosent i forhold til 3. kvartal 2005.



Figur 2.7 Kor truleg det er at norsk føretak vil mislegchalde skyldnader

Kjelde: Moodys KMV

I løpet av hausten 2006 gjennomførte Kredittilsynet ei samla risikovurdering av åtte større bankar. I samband med undersøkinga blei bedriftsmarknadsporteføljane til bankane analysert ved hjelp av konkurspredikasjonsmodellen til Noregs Bank, der alle aksjeselskap inngår. Modellen bereknar kor truleg det er at eit selskap går konkurs eitt år fram i tid.

Brutto forventa tap på bankgjeld i alle føretak, berekna med utgangspunkt i kor truleg det er at eit føretak går konkurs, gjekk ned frå 0,53 prosent i 2005 til 0,45 prosent i 2006. Bankanes forventa tap på utlån til føretak i 2006 varierte mellom 0,3 og 0,8 prosent. Tre av bankane hadde ein auke i kredittrisikoen i perioden. Analysen viser også at brutto forventa tap for dei nye føretakkundane til bankane gjennomgåande var høgare enn for bankens totalportefølje. Dei nye føretakkundane hadde i 2006 i gjennomsnitt forventa tap på 0,92 prosent.

Ifølgje undersøkinga var forventa tap høgast innanfor varehandel, bygg og anlegg, og dessutan fiske og fangst. For alle næringar var forventa tap uendra eller redusert frå 2005 til 2006.

2.5.3 Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er risiko for at ein institusjon ikkje kan innfri skyldnadene sine ved forfall utan vesentlege meirkostnader. Det er ei følgje av ulik forfallsstruktur på egedelar og skyldnader. I den grad ein banks utlån og andre mindre likvide egedelar må finansierast med ein høg prosentdel kortsiktige innlån, inneber dette eit stadig sterkt behov for omfinansiering.

1. juli 2006 trådde nye likviditetsreglar i kraft for bankar, finansieringsføretak, forsikringselskap og filialar av utanlandske finansinstitusjonar i Noreg. Dei nye reglane om likviditet opphevar det tidlegare kravet om at likvida til finansinstitusjonane skal tilsvare minst seks prosent av samla skyldnader. Det følgjer av det nye kravet at institusjonane til ein kvar tid skal ha tilstrekkeleg med likviditet til å dekkje plikter ved forfall, og at styret skal fastsetje retningslinjer som skal sikre at likviditetsstyringa blir forsvarleg.

Bankane sine innskot auka med 15 prosent i 2006, og det var særleg innskot frå næringslivet som var høge. Til samanlikning auka bankane sine innskot i 2005 med 12,1 prosent. Veksten i innskot var lågare enn veksten i utlån, som var 17,6 prosent ved utgangen av 2006. Dette medførte at innskotsdekninga fall frå 64 prosent ved utgangen av 2005 til 63 prosent ved utgangen av 2006.

Auka utlån og fallande innskotsdekning har ført til at bankane har større behov for alternativ

finansiering. Den langsiktige finansieringa (kundeinnskot, obligasjonslån med meir enn eitt års løpetid og egenkapital) har vore relativt stabil for bankane dei seinare åra. Kredittilsynet gjennomførte i 2006 ei undersøking av likviditetsrisikoen i sju av dei største bankane. I vurderinga av styring og kontroll med likviditetsrisiko i bankane er inntrykket at dette fungerer tilfredsstillande. Undersøkinga viser òg at det i fleire bankar er registrert ei forbetring i forhold til vurderinga av likviditetsrisikoen som blei utført i 2005.

Samla utanlandsfinansiering i bankane var ved utgangen av 2006 nær 470 milliardar kroner. Dette er ein auke på 92 milliardar kroner samanlikna med utanlandsfinansieringa ved utgangen av 2005. Det er særleg den kortsiktige finansieringa som kan vere ustabil. Det kan òg vere fare for at utanlandske aktørar – i større grad enn norske – kan kome til å reagere kollektivt på informasjon knytt til norsk økonomi eller den norske finansmarknaden.

2.5.4 Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er risiko for tap som følgje av utilstrekkelege eller sviktande interne prosessar eller system, menneskelege feil eller eksterne hendingar. Operasjonell risiko omfattar juridisk risiko.

Kapitalkravsforskrifta pålegg institusjonane å berekne eit minstekrav til kapitaldekning for operasjonell risiko, som skal vere ein bufferkapital for å møte tap som skjer sjeldan, men som medfører store konsekvensar når dei skjer. Berekningsmåten er differensiert etter kor store og komplekse institusjonane er. Identifisering av framtidige hendingar og kvantifisering av uventa tap er ei utfordring for institusjonane.

For verdipapirføretaka er operasjonell risiko viktig. I 2006 undersøkte Kredittilsynet kva rolle verdipapirføretak hadde i samband med short-sal av aksjar i Opticom ASA. Det blei gitt kritikk av varierende grad til seks verdipapirføretak, for formidling av udekt short-sal av aksjar og for manglande interne kontrolltiltak for å kontrollere korleis lovreglane på området blei etterlevde. Kredittilsynet si vurdering er at betre interne rutinar og meir effektive interne kontrolltiltak i verdipapirføretaka ville ha redusert omgang og konsekvensar av udekt short-sal i Opticom- aksjen. Verdipapirføretaka er omfatta av dei nye kapitalkravsreglane, og krav til styring og kontroll med operasjonell risiko følgjer av det nye kapitalkravsregelverket.

Ein vesentleg del av operasjonell risiko er knytt til finansføretaks bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT). Det er ei utfordring å

sikre eiga styring og kontroll når distribusjon av produkt og tenester delvis skjer gjennom bilaterale samarbeidsopplegg, felles nasjonale opplegg og stor grad av utkontraktering til IT-leverandørar.

Det ser ut til at økonomisk kriminalitet som er retta mot finanssektoren, har auka. Det endrar risikobiletet og gjer det viktig å identifisere sårbare område.

Auka bruk av digitale distribusjonskanalar gjer òg at kundar i nokre høve utfører ein større del av arbeidet. Auka bruk av kundegenerert elektronisk system endra den operasjonelle risikoen i føretaka. Nettbanksystemet har i 2006 vore utsett for ulike typar angrep. Dette kan svekkje kundane sin tillit til tenestene og føre til økonomisk tap for bankane, sjå nærmare omtale i boks 2.4.

2.6 Avsluttande merknader

Finansinstitusjonane har hatt gode resultat dei siste åra. Bankane, finansieringsselskapa, kredittføretaka, skadeforsikringsselskapa, livsforsikringsselskapa, verdipapirføretaka og forvaltningsselskap for verdipapirfond hadde alle høgare resultat målt i absolutte tal i 2006 enn i 2005, som òg var eit godt år. God inntening, tilbakehald av delar av innteninga og innhenting av ny kapital har auka den ansvarlege kapitalen i finansinstitusjonane, og evna deira til å bere risiko er tilfredsstillande. Vekst i utlån frå bankane har likevel ført til ein reduksjon i kjernekapitaldekninga.

Den norske lånemarknaden er i endring. Innanlandsk kredittvekst til publikum (K2) har auka betrakteleg dei siste tre åra, frå 6,8 prosent ved utgangen av 2003 til 14,6 prosent ved utgangen av 2006. Veksten i hushalda si gjeld har vore høgare enn veksten i disponibel inntekt sidan 1999. Framskrivningar av hushalda si gjeldsgrad basert på referansebanen i Noregs Banks Inflasjonsrapport 3/06 tyder på at gjeldsbelastninga kan halde fram med å auke.

Som følgje av reduserte rentemargar blei hushalda skjerma for dei fulle effektane av rentehevingane til Noregs Bank i 2006.

Rentemargar, som er den prosentvise forskjell mellom rentesatsar på utlån og innskot, var på 2,1 prosent ved utgangen av 2006. Dette er det lågaste nivået sidan målingane av rentemargar starta i 1987. Det kan vere mange årsaker til dette prosentvise fallet i sjølve rentemarginen.

Rentebelastninga til hushalda er framleis låg, men det er venta at marknadsrenta vil stige framover. Sjølv om hushalda samla sett har høg finansformue, held hushald med høg gjeldsbelastning

lite av den. Hushald med høg gjeldsbelastning kan derfor i liten grad trekkje på finansformue om dei får betalingsproblem. Om eit hushald får problem med å handtere eit lån, kan det ofte vere ein utveg å avtale ein periode med avdragsfritak, eller forlenge nedbetalingstida på lånet. Den siste tida har ein sett tendensar til at fleire vel lengre nedbetalingstid og avdragsfrie periodar når lånet blir tatt opp. Utviklinga i lånemarknaden saman med auka uvisse om utviklinga i bustadprisane, gir grunnlag for å anta at det ikkje blir teke nok omsyn til at den økonomiske situasjonen til låntakaren kan endre seg. Det kan synas å vere behov for ei instramming i praksis når det gjeld utmåling av bustadlån. Kredittilsynet følgjer denne utviklinga nøye.

Bustadlån utgjer 51 prosent av dei samla utlåna til bankane. Bankane sine utlån fordelte på næringer ber preg av at økonomien er inne i ein høgkonjunktur med ein kraftig vekst i dei fleste næringer. Dei siste åra har gjeldsbelastninga i føretakssektoren falle kraftig. Det låge rentenivået har medverka til at rentebelastninga er blitt redusert. Den høge gjeldsveksten i føretaka i 2006 medverkar truleg til høgare gjeldsbelastning trass i høg lønnsemd. Framskrivningar som er utførte av Noregs Bank, viser at gjelds- og rentebelastninga i føretakssektoren vil stige framover dersom lønnsemda blir svekt og gjeldveksten held fram med å vere høg. Det har vore ein nedgang i talet på konkursar dei tre siste åra, og i 2006 var det 14 prosent færre enn i 2005. I fjerde kvartal 2006 blei det likevel registrert fleire konkursar enn i same periode året før.

Innskotsdekninga til bankane fall i 2006 som følgje av at veksten i bankane sine utlån har vore større enn veksten i innskota.

Livsforsikringsselskapa sine verdijusterte resultat betra seg frå 2005 til 2006, særleg som følgje av den sterke oppgangen i aksjemarknaden siste halvår. Sjølv om bufferkapitalen i livsforsikringsselskapa var høgare ved utgangen av 2006 enn året før, viser stresstestar som Kredittilsynet og livsforsikringsselskapa har utført, at risikoen i livselskapa er om lag den same i 2005 og 2006. Dette kjem av at aksjedelen i livsforsikringsselskapa har auka i 2006. At dei lange rentene steig noko i 2006, bidreg til å betre resultatutsiktene for livsforsikringsselskapa. Det er sær viktig at selskapa sjølve med god sikkerheitsmargin tilpassar risikoen i sin portefølje til den soliditet selskapet har.

Jamvel om det er trekk ved den økonomiske utviklinga som kan gi auka risiko, og då særleg den høge og stadig aukande gjeldsbelastninga til hushalda, blir utsiktene til finansiell stabilitet rekna som tilfredsstillande.

3 Regelverksutvikling og løyve i større saker på finansmarknadsområdet

3.1 Regelverksutvikling

Nedanfor følgjer ei oversikt over dei viktigaste endringane i regelverket på finansmarknadsområdet for 2006. Vidare i avsnitt 3.2 følgjer ein omtale av sentrale løyve som blei gitt same år, der dei ein-skilde sakene blir kort omtala.

3.1.1 Bank- og finansverksemd

Stortinget fastsette på bakgrunn av forslag i Ot.prp. nr. 44 (2005–2006) nye lovreglar om likviditetskrav for finansinstitusjonar. Lovendringane inneber at det tidlegare kvantitative likviditetskravet blei erstatta med eit kvalitativt krav i tråd med Bank for International Settlements (BIS) tilråding frå 2000 om god praksis for likviditetsstyring i bankar. Likviditetskravet blei gjort gjeldande for alle finansinstitusjonar, og blei sett i kraft med verknad frå 1. juli 2006, jf. lov 30. juni 2006 nr. 38.

Som ei følge av fastsetjinga av dei nye lovreglane om kvalitative likviditetskrav for finansinstitusjonar blei «forskrift om minstekrav til likvider for forretningsbanker» av 16. desember 1988 nr. 1222 oppheva ved forskrift 22. august 2006 nr. 985. Denne forskrifta trådde i kraft med ein gong.

Stortinget fastsette ved «lov om endringer i finansieringsvirksomhetsloven, verdipapirhandelloven og i enkelte andre lover (nytt kapitaldekningsregelverk)» av 30. juni 2006 nr. 39 nye lovreglar om kapitalkrav. Lovreglane gjennomfører EØS-reglar som svarer til direktiv 2006/48/EF (det konsoliderte bankdirektivet) og direktiv 2006/49/EF (om investeringsforetak og kredittinstitusjonars kapitaldekningsgrad). I dei nye reglane om kapitalkrav held ein fast på definisjonen av ansvarleg kapital og minstekravet om åtte prosent kapitaldekning, men berekningsgrunnlaget som den ansvarlege kapitalen skal stå i forhold til, er endra. Nye reglar om kredittrisiko erstattar i stor grad dei eksisterande, og det er gjennomført endringar i berekningsgrunnlaget for marknadsrisiko. Det er i tillegg innført eit eksplisitt kapitalkrav for operasjonell risiko. Finansdepartementet fastsette 14. desember 2006 «forskrift om kapital-

krav for forretningsbankar, sparebankar, finansieringsforetak, holdingselskap i finanskonsern, verdipapirforetak og forvaltningsselskap for verdipapirfond mv. (kapitalkravsforskriften)». I tilknytning til det nye kapitaldekningsregelverket er det også gjennomført endringar i følgjande forskrifter: «forskrift om beregning av ansvarlig kapital for finansinstitusjoner, oppgjørssentraler og verdipapirforetak» av 1. juni 1990 nr. 435, «forskrift om anvendelse av soliditetsregler på konsolidert basis mv.» av 25. mars 1991 nr. 214, «forskrift om minstekrav til kapitaldekning i finansinstitusjoner og verdipapirforetak» av 22. juni 2000 nr. 632, og «forskrift om tilsyn og kontroll med kredittinstitusjoners og verdipapirforetaks store engasjementer» av 23. april 1997 nr. 367.

Stortinget har på bakgrunn av forslag frå Finansdepartementet i Ot.prp. nr. 11 (2006–2007) vedteke forslag om å lovfeste eit forbod mot at banksjef (dagleg leiar) er medlem av styret i ein sparebank eller ein forretningsbank. Det blei samstundes vedteke lovreglar om at styret skal tilsetje dagleg leiar, og ikkje fellesmøte i styre/forstandarskap (sparebankar) eller styre/representantskap (forretningsbankar), slik dei gjeldande reglane seier. Dei nye reglane vil styrkje skiljet mellom styret og den daglege leiinga i bankar, og er i samsvar med prinsipp for god føretaksstyring. Lovendringar i samsvar med forslaget blei vedtekne av Odelstinget 1. februar 2007, jf. Besl.O. nr. 55 (2006–2007), som Lagtinget slutta seg til 8. februar 2007.

Stortinget har etter forslag i Ot.prp. nr. 11 (2006–2007) òg vedteke ein lovheimel for å innhente politiattest for personar som skal tilsetjast i Noregs Bank, og andre som skal ha teneste for banken. Bakgrunnen for forslaget er ei oppmoding frå Noregs Bank om å fastsetje ein slik lovheimel. Forslaget går ut på at det berre kan innhentast politiattest dersom forsvarsomsyn tilseier det, og politiattesten skal berre vise einskilde typar lovbrøt. Poliattiatten skal berre vere avgrensa tilbake i tid, noko som inneber at alle brøt på relevante straffebod vil gå fram av politiattesten. Lovendringar i samsvar med forslaget er vedtekne av Stortinget, jf. ovanfor.

Stortinget vedtok på bakgrunn av forslag i Ot.prp. nr. 11 (2006–2007) også lovreglar om obligasjonar med fortrinnsrett. Dei nye reglane skal erstatte reglane i finansieringsverksemdslova kapittel 2 underkapittel IV om obligasjonslån med pantetrygd i utlånsportefølje. Forslaget inneber at obligasjonseigarane sine krav blir sikra gjennom ein lovbestemt fortrinnsrett til dekning i det ein sikringsmasse utbringar ved likvidasjon av kredittføretaket. Sikringsmassen kan berre bestå av nærare oppgitte fordringar, mellom anna utlån frå kredittføretaket sikra med pant i bustad og anna fast eigedom. Ein forventar at lovendingane vil hjelpe på dei problema som er blitt avdekte i samanheng med sikringa av panteretten etter gjeldande regelverk, samtidig som obligasjonseigarane framleis får ei preferert stilling som kan gi grunnlag for lågare innlånskostnader. Finanskomiteen understreka i si innstilling at lovendingane har mykje å seie for konkurransekrafta til norske bankar ved at dei sikrar tilgjenge til billig kapital i kapitalmarknadene. Dessutan bør konkurransen kunne føre til at lågare innlånskostnader for bustadlån kan redusere renta for bustadlån, jf. Innst.O. nr. 41 (2006–2007) side 13. Dei nye reglane krev utfyllande forskrift. Finansdepartementet tek sikte på at slike nødvendige forskrifter kan bli fastsette raskt, slik at lovreglane kan setjast i kraft.

«Forskrift om minstekrav til kapitaldekning i finansinstitusjoner og verdipapirforetak» av 22. oktober 1990 nr. 875 blei endra ved forskrift 28. september 2006 nr. 1101. Endingane inneber at institusjonar som nyttar interne risikostyringsmodellar («Value at Risk»-modellar) til å berekne kapitalkravet for posisjonsrisiko, kan bli pålagde eit høgare kapitalkrav, basert på korleis institusjonen etterlever dei kvalitative krava til den interne modellen. Samstundes blei «forskrift om minstekrav til kapitaldekning for markedsrisiko i kredittinstitusjoner» av 22. juni 2000 nr. 632 endra slik at fordringar på og fordringar garanterte av motpartar som er lokaliserte i alle land innafor EØS-området, ikkje berre medlemsland i OECD, kan bli gitt redusert vektning i berekninga av kapitaldekningskravet.

«Forskrift om autoriserte markeds plasser for omsettelige verdipapirer» av 20. desember 2006 nr. 1561 gir reglar om handel med omsetjelege verdipapir på autoriserte markeds plassar. Forskrifta blei gitt samstundes med at Oslo Børs fekk løyve til å etablere verksemd som autorisert markeds plass. Forskrifta gjer at børsforskrifta, med unntak av reglane i §§ 1-1 og 1-3, kapittel 2, 3, 8 9, 11, 12, og 27, blir gjort tilsvarende gjeldande for autoriserte markeds plassar. Vidare blir mellom anna

også flagge- og tilbudsreglane i verdipapirhandellova §§ 3-2, 3-3 andre ledd og kapittel 4 gjort gjeldande for handel på autoriserte markeds plassar. Forskrifta trådte i kraft 1. januar 2007.

3.1.2 Forsikringsverksemd og pensjonsordningar

«Lov om forsikringsselskaper, pensjonsforetak og deres virksomhet mv. (forsikringsloven)» av 10. juni 2005 nr. 44 blei sett i kraft 1. juli 2006. Den nye lova erstattar forsikringsverksemdslova av 10. juni 1988 nr. 39. Lova inneheld nye verksemdsreglar for kollektiv og individuell livsforsikring og nye lovreglar for pensjonsforetak. I tillegg er det gjennomført ei generell teknisk oppdatering og konsolidering av forsikringsverksemdslova med seinare endringar.

Finansdepartementet fastsette 30. juni 2006 «forskrift til forsikringsloven (livsforsikring mv.)». Forskrifta utfyller og presiserer dei nye verksemdsreglane i forsikringslova. Det blei samstundes gitt overgangsreglar, jf. «forskrift om overgangsregler til lov 10. juni 2005 nr. 44 om forsikringsselskaper, pensjonsforetak og deres virksomhet (forsikringsloven)». Livsforsikringsselskapa og pensjonskassene skal samla gå over til dei nye verksemdsreglane for livsforsikring 1. januar 2008. Fram til dette tidspunktet skal verksemdene følgje reglane i forsikringsverksemdslova med tilhøyrande forskrifter. Det er gitt overgangsreglar om retten til overskotsdeling i ein periode på tre år rekna frå 1. januar 2008. Kravet om skilje mellom fondsforsikringsselskap og vanlege livsforsikringsselskap blei oppheva 1. juli 2006. Dette inneber at livsforsikringsselskapa kan utvide verksemda si til å tilby livsforsikring med investeringsval, mens fondsforsikringsselskapa kan utvide verksemda si til ordinær livsforsikring.

Finansdepartementet fastsette 30. juni 2006 «forskrift om innskuddspensjonsordningar som skal oppfylle minstekravene i lov om obligatorisk tjenestepensjon». Forskrifta fastset visse fellesreglar for alle pensjonsleverandørar som tilbyr dette produktet. Det følgjer av § 4 i lov om obligatorisk tenestepensjon at føretaket skal dekkje kostnadene ved administrasjon av ei innskottspensjonsordning i tillegg til innskottet. I forskrifta blir det presisert at dette også omfattar forvaltningskostnader.

Finansdepartementet endra 30. juni 2006 «forskrift til lov av 24. mars 2000 nr. 16 om foretakspensjon» av 1. desember 2000 nr. 1212 og «forskrift til lov av 24. november 2000 nr. 81 om innskuddspensjon i arbeidsforhold (innskuddspensjonsloven)»

av 22. desember 2000 nr. 1413. Endringa fastsette eit unnatak frå kravet om at pensjonsordninga skal omfatte alle arbeidstakarar i føretaket som har fylt 20 år og fyller krava til stillingsandel mv. Unnataket inneber at arbeidstakar som er medlem av ei anna pensjonsordning utanfor innskotspensjonslova eller føretakspensjonslova, ikkje samtidig skal vere medlem av innskotspensjonsordninga eller føretakspensjonsordninga. Unnataket skal forhindre at arbeidsgivarføretak må finansiere dobbelt pensjonsdekning, fordi same arbeidstakar må vere medlem i fleire pensjonsordningar.

«Forskrift om norske forsikringsselskapers forsikringstjenesteytelser og etablering av filial i annan stat i Det europeiske økonomiske samarbeidsområde» av 11. oktober 1995 nr. 854 blei endra 30. juni 2006. Samstundes blei også «forskrift om forsikringstjenesteytelser og etablering av filial av forsikringsselskap og pensjonsforetak med hovedsete i annan stat i Det europeiske økonomiske samarbeidsområde m.m.» av 22. september 1995 nr. 827 og «forskrift om tilsyn med finansinstitusjoner og forvaltningsselskap som har hovedsete i annan EØS-stat og som driver virksomhet i Norge mv.» av 28. desember 1993 nr. 1257 endra. Endringane i dei tre forskriftene gjennomfører EØS-reglar som svarer til reglar i direktiv 2003/41/EF (pensjonskassedirektivet) om den grenseoverskridande verksemda til pensjonsføretak.

Stortinget fastsette ved «lov om endringer i forsikringsloven (utlikning i fellesordninger for premieberegning)» av 30. juni 2006 nr. 40 eit nytt kapittel 10 A «Fellesordning for premieberegning for pensjonsordninger med ytelsesbasert føretakspensjon» i forsikringslova. Lovreglane i forsikringslova kapittel 10 A legg til rette for at pensjonsinnretningar kan tilby fellesordningar som jamnar ut premieforskjellar som kjem av ulik kjønns- og alderssamansetjing, på ein slik måte at dette ikkje truar vernet for forsikringskrava. Lovreglane gir rett til å tilby kjønns- og aldersnøytrale premiar i ytingsbaserte tenestepensjonsordningar i privat sektor på same måte som i kommunal sektor. Premieutjamning skal vere frivillig både for pensjonsleverandør og føretak.

Stortinget vedtok etter forslag i Ot.prp. nr. 11 (2006–2007) lovreglar om at frilansarar kan opprette innskotspensjonsordning med rett til skattefrådrag. Lovreglane gir frilansarar dei same rettane som sjølvstendig næringsdrivande har til skattefrådrag for pensjonssparing.

«Forskrift til lov 24. november 2000 nr. 81 om innskuddspensjon i arbeidsforhold (innskuddspensjonsloven)» av 22. desember 2000 nr. 1413 blei

endra ved forskrift 8. februar 2006 nr. 124. Det blei teke inn ein ny overgangsregel i forskrifta som inneber at forskriftsregelen om innskotsgrenser ikkje er til hinder for at dei innskotsgrensene som gjaldt før 1. januar 2006, kan først vidare inntil tidspunktet pensjonsordninga må vere tilpassa lov om obligatorisk tenestepensjon (seinast 31. desember 2006 med økonomisk verknad frå 1. juli 2006).

«Forskrift om behandling av godtgjørelse til fiskere i forhold til lov om obligatorisk tjenestepensjon» av 20. desember 2006 nr. 1521 fastset at hyre og anna godtgjering som er utbetalt frå føretak i fiskerisektoren, også skal bli behandla som lønn i forhold til regelverket om obligatorisk tenestepensjon, i den grad godtgjeringa likningsmessig blir behandla som lønn.

Finansdepartementet sette 22. desember 2006 i kraft kapittel 2A i banksikringslova, og fastsette samstundes «forskrift om garantiordning for skadeforsikring» av 22. desember 2006 nr. 1617. Garantiordninga kjem i staden for den tidlegare «Skadeforsikringsselskapenes garantiordning», jf. forskrift 8. september 1989 nr. 929. Den nye garantiordninga inneber ein garanti som er meir spesifikt retta mot å gi forbrukarar vern mot tap som følge av at eit forsikringsselskap ikkje er betalingsdyktig. Garantiordninga er samstundes innretta slik at ho omfattar filialar av forsikringsselskap med hovudsete i ein annan EØS-stat.

«Forskrift om minstekrav til kapitaldekning i forsikringsselskaper, pensjonskasser, innskuddspensjonsforetak og holdningsselskap i forsikringskonsern» av 22. desember 2006 nr. 1616 trådde i kraft 1. januar 2007. Forskrifta utgjør ei tilpassing i kapitaldekningsreglar for forsikringsselskap og pensjonskasser til den nye kapitalkravsforskrifta for bankar o.a. av 14. desember 2006.

Kredittilsynet fastsette 15. mars 2006 «forskrift om aksessorisk forsikringsagentvirksomhet». Forskrifta inneber ei lemping av kvalifikasjonskrava i lov om forsikringsformidling når det gjeld kompetanse og praksis for aksessoriske forsikringsagentar.

Kredittilsynet fastsette 16. mars 2006 «forskrift om medlemskap i pensjonsordning for personer som ikke er pliktig medlem i folketrygden». Den viktigaste forskjellen frå tidlegare regelverk er at utanlandsopphaldet no kan vare opp til ti år, mot fem i det tidlegare regelverket.

3.1.3 Verdipapirhandel

Stortinget vedtok etter forslag i Ot.prp. nr. 11 (2006–2007) at utanlandske investorar kan registrere eiga si av aksjar i norske aksjeselskap gjen-

nom forvaltar. Dette er ei vidareføring av gjeldande rett. Gjeldande krav om at innanlandske eigarar av aksjar i norske selskap skal vere direkteregistrerte, slik at reell eigar står oppført i aksjeeigarregisteret, blei ført vidare. Departementet har fått heimel til å påleggje forvaltarar å rapportere eigarforhold til offentleg styringsmakt eller andre.

Finansdepartementet fastsette 23. mars 2006 «forskrift om endring i børsforskrift» av 17. januar 1994 nr. 30. Forskrifta fastset at medlemmene og varamedlemmene i børsklagenemnda blir oppnemnde av departementet for ein periode på fire eller to år. Endringsforskrifta bestemmer vidare at varamedlemmene prinsipalt skal vere personlege, men at dei ved behov også kan møte for dei andre medlemmene i børsklagenemnda.

«Forskrift om forvalterregistrering i verdipapirfonds andelseierregister» av 18. desember 2003 nr. 1638 blei endra ved forskrift av 19. juni 2006 nr. 649. Endringa inneber ei fjerning av hinder for eksport av norske fondsprodukt.

Det følgjer av kredittilsynslova § 7 at styremedlemmer og tenestemenn i Kredittilsynet ikkje kan eige aksjar eller andre partar som er utskrivne av institusjonar som er under tilsyn. Etter forslag i Ot.prp. nr. 12 (2004–2005) blei det ved lovendring 4. mars 2005 teke inn heimel i kredittilsynslova § 7 femte ledd til å gi forskrifter om forbod eller andre innskrenkingar for handel i børsnoteerte aksjar eller andre eigenkapitalinstrument som er noterte på norsk børs eller autorisert marknadsplass, for tilsette i Kredittilsynet. Det blei også gitt heimel til å fastsetje reglar om plikt til rapportering av transaksjonar i finansielle instrument for tilsette. Finansdepartementet fastsette 15. september 2006 forskrift nr. 1067 «om forbod mot handel i aksjer mv. og rapporteringsplikt for handel i finansielle instrumenter for tjenestemenn i Kredittilsynet».

I samband med at Oslo Børs fekk løyve til å drive verksemd som autorisert marknadsplass for finansielle instrument, blei børsforskrifta av 17. januar 1994 nr. 30 endra ved forskrift av 20. desember 2006 nr. 1562.

«Forskrift om Verdipapirforetakenes sikringsfond» av 22. desember 2005 nr. 1672 blei endra ved forskrift 7. juli 2006 nr. 892. Endringa inneber at Kredittilsynet, utan hindring av teingsplikta si, kan utveksle informasjon til fondet som fondet sjølv har rett til å få frå medlemmene. Finansdepartementet godkjende også vedtektene til fondet ved brev 26. juni 2006, jf. forskrifta § 3 tredje ledd.

«Forskrift om opplysningsplikt ved tilbud om kjøp av sammensatte produkter» av 25. september 2006 nr. 1317 blei fastsett av Kredittilsynet. For-

skrifta trådde i kraft 1. januar 2007 og gjeld finansinstitusjonar som tilbyr samansette produkt.

Finansdepartementet fastsette 22. desember 2006 forskrift nr. 1615 «om kredittinstitusjoners og verdipapirforetaks store engasjementer». Forskrifta trådde i kraft 1. januar 2007. Frå same tidspunkt blei «forskrift om tilsyn og kontroll med kredittinstitusjoners og verdipapirforetaks store engasjementer» av 23. april 1997 nr. 376 oppheva. Den nye forskrifta er tilpassa kapitalkravsforskrifta av 14. desember 2006. Forskrifta fører stort sett vidare krava i forskrift 23. april 1997 nr. 376.

3.1.4 Egedomsmeikling

Stortinget vedtok etter forslag i Ot.prp. nr. 11 (2006–2007) endringar i egedomsmeiklingslova som legg til rette for at egedomsmeiklarar med yrkeskvalifikasjonar frå andre EØS-statar kan bli godkjende i Noreg. Forslaget blei fremma på bakgrunn av ein merknad frå ESA om at EØS-reglane om gjensidig godkjenning av egedomsmeiklarar ikkje er tilfredsstillande gjennomført i norsk rett.

Finansdepartementet la 15. desember 2006 fram forslag til ny lov om egedomsmeikling (Ot.prp. nr. 16 (2006–2007)). Formålet med lova skal vere å leggje til rette for at omsetning av fast egedom ved bruk av mellommann skjer på ein sikker, ordna og effektiv måte. Forslaget inneheld ei vidareføring av dei sentrale delane i konsesjonssystemet. Det vil seie at egedomsmeikling berre kan drivast i medhald av konsesjon.

Finansdepartementet foreslår ei rekkje tiltak med sikte på å auke tryggleiken for forbrukarar og andre i samband med omsetning av egedom. I denne samanhengen blir det i større grad enn tidlegare lagt vekt på å skjerpe ansvaret som styret og dagleg leiar i verksemda har for kvaliteten på dei tenestene verksemda tilbyr. Ansvaret for å sikre kvaliteten på egedomsmeiklinga blir også skjerpa for dei som utfører dei enkelte oppdraga. Forslaget inneheld vidare ei rekkje endringar som vil innebere ei styrking av det overordna kravet til meklaren sitt sjølvstende. Når det gjeld forholdet mellom oppdragsgivar og egedomsmeiklar, inneber forslaget ei styrking av rettane til oppdragsgivaren. Det blir òg foreslått at egedomsmeiklars plikter ved gjennomføring av oppdrag blir skjerpa, og det blir foreslått viktige endringar i reglane om tilsyn, sanksjonar og klageordningar.

Kredittilsynet fastsette 16. februar 2006 «forskrift om endring i forskrift om eiendomsmeikling». Endringa inneber at unnataka frå eigenhandelsforbodet i lova er innskrenka for meklaren

sjølv og den nærmaste familien hans. Forskrifta trådde i kraft 1. mars 2006.

«Forskrift om eiendomsmeistring» av 20. mars 1990 nr. 177 blei endra av Finansdepartementet ved forskrift 10. november 2006 nr. 1226. Endringa inneber at forskrifta er gitt ein ny § 8-6 om «Meglers plikter ved budgivning». Dei nye reglane inneber i hovudsak ei kodifisering av eige- domsmeklaren si plikt til å arbeide for ei forsvarleg avviking av bodrundar. Det blei innført forbod for eige- domsmeklaren mot å vidareformidle bod viss bodet har ein akseptfrist som er kortare enn 24 timar frå siste annonserte vising. Endringa blei sett i verk 1. januar 2007.

3.1.5 Rekneskap og revisjon

Stortinget vedtok etter forslag i Ot.prp. nr. 44 (2005–2006) endringar i «lov 18. juni 1993 nr. 109 om autorisasjon av regnskapsførere (regnskapsfø- rerloven)», i «lov 15. januar 1999 nr. 2 om revisjon og revisorer (revisorloven)», i «lov 10. juni 1988 nr. 40 om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjo- ner (finansieringsvirksomhetsloven)», og i enkelte andre lover. Det blei mellom anna vedteke endrin- gar i reglane i rekneskapsførarlova om vilkår for autorisasjon som rekneskapsførar. Vidare blei ord- ninga med fornying av autorisasjon for rekne- skapsførarar kvart femte år oppheva. I proposisjo- nen blei det også foreslått at Kredittilsynet kan påleggje rekneskapsføraren sin oppdragsgivar å gi Kredittilsynet innsynsrett i rekneskapsmateriale som rekneskapsføraren har handtert i samband med oppdraget, dersom det er nødvendig for å få gjennomført eit forsvarleg tilsyn. Det blei vidare foreslått endringar i lovreglane om godkjenning av utanlandske yrkeskvalifikasjonar for rekneskaps- førarar og revisorar. Departementet foreslo reglar i rekneskapsførarlova og revisorlova som gir departementet heimel til å fastsetje reglar om slik godkjenning. Lovendringar i samsvar med forsla- get blei fastsette ved lov 30. juni 2006 nr. 38, som trådde i kraft 1. juli 2006. Med heimel i rekneskaps- førarlova har Kredittilsynet fastsett forskrift 30. juni 2006 nr. 871 om godkjenning av rekneskapsfø- rarar med utanlandske yrkeskvalifikasjonar. Departementet har fastsett ein tilsvarande regel for revisorar i forskrift 15. desember 2006 nr. 1420. Både desse forskriftene trådde i kraft 1. januar 2007.

«Forskrift om gjennomføring av EØS-regler om vedtatte internasjonale regnskapsstandarder» av 17. desember 2004 nr. 1852 blei endra ved forskrift 13. januar 2006 nr. 36. Endringa inneber at forord- ning (EF) nr. 1751/2005, forordning (EF) nr. 1864/ 2005, forordning (EF) nr. 1910/2005 og forordning

(EF) nr. 2106/2005 gjeld som forskrift. Forskrifta blei på nytt endra ved forskrift 6. februar 2006 nr. 110, og forordning (EF) nr. 108/2006 blei gjord gjel- dande som forskrift. Ved forskrift 9. juni 2006 nr. 601 blei forskrifta endra slik at forordning (EF) nr. 708/2006 gjeld som forskrift, og ved forskrift 19. september 2006 nr. 1083 blei forskrifta endra slik at forordning (EF) nr. 1329/2006 gjeld som forskrift.

Det har vore behov for å gjere endringar i års- rekneskapsforskriftene for finansinstitusjonar og andre tilsynspliktige einingar som følgje av endrin- gar i rekneskapslova som blei vedteke i 2004 og 2005. Rekneskapslova blei endra i to rundar i 2004 og 2005; ved lov 10. desember 2004 nr. 81 (etter for- slag i Ot.prp. nr. 89 (2003–2004)) og ved lov 10. juni 2005 nr. 46 (etter forslag i Ot.prp. nr. 39 (2004– 2005)). Den første runden gjaldt i hovudsak gjen- nomføringa av EØS-reglar som krev at børsnoterte føretak utarbeider konsernrekneskap i samsvar med internasjonale rekneskapsstandardar (IFRS). Lova tillèt bruk av IFRS også i andre konsernrek- neskapar og i alle selskapsrekneskapar. Den andre runden gjaldt endringar etter evalueringa av rek- neskapslova. Ei hovudsak ved evalueringa var til- passing av rekneskapslova til IFRS utanfor områ- det til dei nemnde EØS-reglane.

I Ot.prp. nr. 89 (2003–2004) (s. 26) blei det varsla at departementet ville vurdere

«om særskilte forhold knyttet til soliditetsregu- leringen av og tilsynet med finansinstitusjo- nene gjør det nødvendig å avskjære eller begrense adgangen til å utarbeide selskaps- regnskap i samsvar med vedtatte IFRS for disse».

20. desember 2005 fastsette departementet endringar i årsrekneskapsforskriftene for finansin- stitusjonar om at bankar og forsikringsselskap ikkje kunne nytte det nye høvet etter rekneskaps- lova til å føre selskapsrekneskap i samsvar med IFRS. Det blei lagt vekt på at det var nødvendig med tilpassingar i årsrekneskapsforskriftene før det var forsvarleg å opne for dette. Departementet vurderer for tida eit forslag frå Kredittilsynet om slike tilpassingar.

Samstundes har det vore nødvendig med visse endringar i årsrekneskapsforskriftene på bak- grunn av dei nemnde endringane i rekneskapslova frå 2005. Det har også vore nødvendig med visse endringar på bakgrunn av endringar i pensjonslo- vene og skattelova. Verkeområdet for årsrekne- skapsforskriftene for bank og forsikring, og utlåns- forskrifta, blei utvida til å omfatte filialar. Elles har endringane i hovudsak vore av meir teknisk karak- ter.

Finansdepartementet fastsette på denne bakgrunnen 21. februar 2006 «forskrift om endring av forskrift av 16. desember 1998 nr. 1240 om årsregnskap m.m. for banker, finansieringsforetak og morselskap for slike», «forskrift om endring av forskrift av 16. desember 1998 nr. 1241 om årsregnskap m.m. for forsikringselskaper», «forskrift om endring av forskrift av 23. august 1999 nr. 957 om årsregnskap m.m. verdipapirforetak», «forskrift om endring av forskrift av 27. februar 2001 nr. 188 om årsregnskap m.m. for pensjonskasser», «forskrift om endring av forskrift 28. mai 1999 nr. 655 om årsregnskap m.m. for inkassovirksomhet» og «forskrift om endring av forskrift 21. desember 2004 nr. 1740 om regnskapsmessig behandling av utlån og garantier i finansinstitusjoner».

«Forskrift om innsending av årsregnskap m.v. til Regnskapsregisteret og rett til innsyn i årsregnskapet m.v.» av 16. desember 1998 nr. 1234 blei endra ved forskrift 27. februar 2006 nr. 251. Endringa inneber at ordninga med utsett frist for forseinkingsgebyr for rekneskapspliktige som leverer årsrekneskap o.l. elektronisk gjennom Altinn-portalen, blei forlengd med verknad for rekneskapsåret 2005.

«Forskrift om autorisasjon av regnskapsførere m.v.» av 8. februar 1999 nr. 196 blei endra av Kredittilsynet ved forskrift 30. juni 2006 nr. 871 som trådte i kraft 1. juli 2006. Endringane er mellom anna knytte til vilkåra for autorisasjon av personar og selskap og til skjerpa krav til etterutdanning. Utdanningskravet er no ein bachelorgrad i økonomi og administrasjon med profilering i fag av særleg relevans for rekneskapsførarar. Det er gitt nærmare reglar om unnatak frå kravet om at eit autorisert rekneskapsførarselskap skal ha ein dagleg leiar som er autorisert rekneskapsførar. Det er teke inn krav til dokumentasjon av kva som er utført for kvar einskild oppdragsgivar, og den tidlegare rekneskapsføraren er gitt opplysningsplikt til ein ny rekneskapsførar som har teke seg av oppdraget. Unnatak for autorisasjonsplikt for rekneskapsføring basert på sedvane er opphøyr.

«Forskrift om bokføring» av 1. desember 2004 nr. 1158 blei endra ved forskrift av 18. august 2006 nr. 982. Endringa trådte i kraft 1. september 2006 og var ei følge av at det frå og med 1. september 2006 blei innført plikt til å betale meirverdiavgift ved utleige av rom i hotellverksemd o.l.

«Forskrift til utfylling og gjennomføring mv. av regnskapsloven av 17. juli 1998 nr. 56» blei fastsett av departementet 7. september 2006. I alt 11 ulike forskrifter blei samla i den nye forskrifta. I tillegg blei det fastsett reglar for å lette overgangen for dei føretaka som går over frå å nytte rekneskapsre-

glane for små føretak, til å nytte reglane for andre føretak. Forskrifta trådte i kraft 1. januar 2007 med verknad frå rekneskapsår som starta 1. januar 2006 og seinare.

Finansdepartementet endra 20. desember 2006 «forskrift om bokføring» av 1. desember 2004 nr. 1558. Endringa inneber ei utviding av tilgjenge til ein formidlar av tenester har til å registrere leverandørane sine kunde- og leverandørspesifikasjonar (reskontro) og skrive ut samla salsdokument for fleire leverandørar, frå berre å omfatte formidlarar av tenester til også å omfatte formidlarar av varer. Endringa inneber vidare ei utviding av unnataket frå kravet om at seljar skal skrive ut dokumentasjon på sal. Endringane følgjer opp eit forslag frå Skattedirektoratet.

Finansdepartementet fastsette 22. desember 2006 «forskrift om forenklet anvendelse av internasjonale regnskapsstandarder». Forskrifta er i hovudsak ei vidareføring av den mellombels heimelen i rekneskapslova for selskap i børsnoterte konsern til å nytte ein forenkla versjon av internasjonale rekneskapsstandardar, såkalla IFRS, i selskapsrekneskapane sine. Forskrifta krev mellom anna at selskap som nyttar forenkla IFRS, utarbeider notar til rekneskapane som svarer til krava i rekneskapslova § 7-1 andre ledd og «Internasjonal standard for finansiell rapportering 7» eller «Internasjonal regnskapsstandard 32».

3.1.6 Anna

«Forskrift om tiltak mot hvitvasking av utbytte av straffbare handlingar mv.» av 10. desember 2003 nr. 1487 blei endra ved forskrift 23. juni 2006 nr. 700. Endringa inneber ei tilføyning til reglane om legitimasjonskontroll.

Finansdepartementet fastset i samsvar med lov om renter ved forseinka betaling § 3 ein forseinkingsrentesats for kvart komande halvår. Satsen skal vere styringsrenta til Noregs Bank med eit tillegg på 7 prosentpoeng. 30. juni 2006 blei forseinkingsrenta fastsett til 9,75 prosent, jf. forskrift 30. juni 2006 nr. 752. 18. desember 2006 blei forseinkingsrenta fastsett til 10,5 prosent, jf. forskrift 18. desember 2006 nr. 1457.

Kongen i statsråd nemnde 10. november 2006 opp eit lovutval som skal vurdere tiltak mot kvitvasking av pengar og terrorfinansiering og tiltak mot manipulering av finansiell informasjon. Utvalet skal innan 1. juni 2007 greie ut korleis EØS-reglar som svarer til det såkalla tredje kvitvaskingsdirektivet (direktiv 2005/60/EF), og andre internasjonale skyldnader og anbefalingar på området, særleg anbefalingane frå organisasjonen Financial Action

Task Force (FATF), bør gjennomførast i norsk rett. Utvalet skal også vurdere reglar som forsvarleg legg til rette for elektronisk kundeidentifikasjon, og kan vidare greie ut andre tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering som har nær samanheng med kvitvaskingsdirektivet. Innan 1. mars 2008 skal utvalet vurdere tiltak som kan forhindre manipulering av rekneskapar og annan finansiell informasjon. Utvalet skal mellom anna greie ut og foreslå endringar i selskaps-, rekneskaps- og revisorlovgevinga.

3.1.7 Oversikt over forskrifter som er fastsette av Finansdepartementet på finansmarknadsområdet i 2006

Forskrift 13. januar 2006 nr. 36: Forskrift om endring av forskrift 17. desember 2004 nr. 1852 om gjennomføring av EØS-regler om vedtatte internasjonale regnskapsstandarder

Forskrift 6. februar 2006 nr. 110: Forskrift om endring av forskrift 17. desember 2004 nr. 1852 om gjennomføring av EØS-regler om vedtatte internasjonale regnskapsstandarder

Forskrift 8. februar 2006 nr. 124: Forskrift om endring av forskrift 22. desember 2000 nr. 1413 til lov 24. november 2000 nr. 81 om innskuddspensjon i arbeidsforhold (innskuddspensjonsloven)

Forskrift 21. februar 2006 nr. 232: Forskrift om endring av forskrift av 16. desember 1998 nr. 1240 om årsregnskap m.m. for banker, finansieringsforetak og morselskap for slike

Forskrift 21. februar 2006 nr. 233: Forskrift om endring av forskrift av 16. desember 1998 nr. 1241 om årsregnskap m.m. for forsikringsselskaper

Forskrift 21. februar 2006 nr. 235: Forskrift om endring av forskrift av 27. februar 2001 nr. 188 om årsregnskap m.m. for pensjonskasser

Forskrift 21. februar 2006 nr. 245: Forskrift om endring av forskrift av 23. august 1999 nr. 957 om årsregnskap m.m. for verdipapirforetak

Forskrift 21. februar 2006 nr. 234: Forskrift om endring av forskrift av 28. mai 1999 nr. 655 om årsregnskap m.m. for inkassovirksomhet

Forskrift 21. februar 2006 nr. 246: Forskrift om endring av forskrift 21. desember 2004 nr. 1740 om regnskapsmessig behandling av utlån og garantier i finansinstitusjoner

Forskrift 27. februar 2006 nr. 251: Forskrift om endring av forskrift 16. desember 1998 nr. 1234 om innsending av årsregnskap m.v. til Regnskapsregisteret og rett til innsyn i årsregnskap m.v.

Forskrift 23. mars 2006 nr. 348: Forskrift av 23. mars 2006 om endring i forskrift av 17. januar 1994 nr. 30 (børsforskriften)

Forskrift 9. juni 2006 nr. 601: Forskrift om endring i forskrift om gjennomføring av EØS-regler om vedtatte internasjonale regnskapsstandarder.

Forskrift 19. juni 2006 nr. 649: Forskrift om endring av forskrift 18. desember 2003 nr. 1638 om forvalterregistrering i verdipapirfonds andelseierregister

Forskrift 23. juni 2006 nr. 700: Forskrift om endring i forskrift 10. desember 2003 nr. 1487 om tiltak mot kvitvasking av utbytte av straffbare handlinger mv.

Forskrift 30. juni 2006 nr. 752: Forskrift om renter ved forsinket betaling

Forskrift 30. juni 2006 nr. 863: Forskrift om endring av forskrift 11. oktober 1995 nr. 854 om norske forsikringsselskapers forsikringstjenesteytelser og etablering av filial i annen stat i Det europeiske økonomiske samarbeidsområde

Forskrift 30. juni 2006 nr. 862: Forskrift om endring av forskrift 22. september 1995 nr. 827 om forsikringstjenesteytelser og etablering av filial av forsikringsselskap med hovedsete i annen stat i Det europeiske økonomiske samarbeidsområde m.m.

Forskrift 30. juni 2006 nr. 860: Forskrift om endring av forskrift 1. desember 2000 nr. 1212 til lov av 24. mars 2000 nr. 16 om foretakspensjon

Forskrift 30. juni 2006 nr. 861: Forskrift om endring av forskrift 22. desember 2000 nr. 1413 til lov av 24. november 2000 nr. 81 om innskuddspensjon i arbeidsforhold (innskuddspensjonsloven)

Forskrift 30. juni 2006 nr. 870: Forskrift om innskuddspensjonsordninger som skal oppfylle minstekravene i lov om obligatorisk tjenstepensjon

Forskrift 30. juni 2006 nr. 868: Forskrift om overgangsregler til lov 10. juni 2005 nr. 44 om forsikringsselskaper, pensjonsforetak og deres virksomhet (forsikringsloven)

Forskrift 30. juni 2006 nr. 864: Forskrift om endring av forskrift 28. desember 1993 nr. 1257 om tilsyn med finansinstitusjoner og forvaltningsselskap som har hovedsete i annen EØS-stat og som driver virksomhet i Norge mv.

Forskrift 30. juni 2006 nr. 869: Forskrift til forsikringsloven (livsforsikring mv.)

Forskrift 7. juli 2006 nr. 892: Forskrift om endring av forskrift 22. desember 2005 nr. 1672 om Verdipapirforetakenes sikringsfond

Forskrift 18. august 2006 nr. 982: Forskrift om endring av forskrift 1. desember 2004 nr. 1158 om bokføring

Forskrift 22. august 2006 nr. 985: Forskrift om opphevelse av forskrift om minstekrav til likvider for forretnings- og sparebanker.

Forskrift 7. september 2006 nr. 1062: Forskrift til utfylling og gjennomføring mv. av regnskapsloven av 17. juli 1998 nr. 56

Forskrift 15. september 2006 nr. 1067: Forskrift om forbud mot handel i aksjer mv. og rapporteringsplikt for handel i finansielle instrumenter for tjenestemenn i Kredittilsynet

Forskrift 19. september 2006 nr. 1083: Forskrift om endring av forskrift 17. desember 2004 nr. 1852 om gjennomføring av EØS-regler om vedtatte internasjonale regnskapsstandarder

Forskrift 28. september 2006 nr. 1101: Forskrift om endring av forskrift av 22. oktober 1990 nr. 875 om minstekrav til kapitaldekning i finansinstitusjoner og verdipapirforetak

Forskrift 28. september 2006 nr. 1102: Forskrift om endring av forskrift av 22. juni 2000 nr. 632 om minstekrav til kapitaldekning for markedsrisiko i kredittinstitusjoner og verdipapirforetak

Forskrift 11. oktober 2006 nr. 1146: Forskrift om opphevelse av forskrift om beregning av avgift til Bankenes sikringsfond for 2004 og 2005.

Forskrift 10. november 2006 nr. 1226: Forskrift om endring av forskrift 20. mars 1990 nr. 177 om eiendomsmedling

Forskrift 15. november 2006 nr. 1258: Forskrift om endring i forskrift til utfylling og gjennomføring mv. av regnskapsloven av 17. juli 1998 nr. 56.

Forskrift 14. desember 2006 nr. 1507: Forskrift om endring av forskrift 1. juni 1990 nr. 435 om beregning av ansvarlig kapital for finansinstitusjoner, oppgjørssentraler og verdipapirforetak.

Forskrift 14. desember 2006 nr. 1506: Forskrift om kapitalkrav for forretningsbanker, sparebanker, finansieringsforetak, holdingselskaper i finanskonsern, verdipapirforetak og forvaltningselskaper for verdipapirfond m.v. (kapitalkravsfor- skriften)

Forskrift 15. desember 2006 nr. 1420: Forskrift om endring av forskrift 25. juni 1999 nr. 712 om revisjon og revisorer

Forskrift 18. desember 2006 nr. 1457: Forskrift om renter ved forsinket betaling

Forskrift 20. desember 2006 nr. 1516: Forskrift om endring av forskrift 1. desember 2004 nr. 1558 om bokføring

Forskrift 20. desember 2006 nr. 1521: Forskrift om behandling av godtgjørelse til fiskere i forhold til lov om obligatorisk tjenestepensjon

Forskrift 20. desember 2006 nr. 1561: Forskrift om autoriserte markeds plasser for omsettelige verdipapirer

Forskrift 20. desember 2006 nr. 1562: Forskrift om endringer i forskrift 17. januar 1994 nr. 30 (børsforskriften)

Forskrift 22. desember 2006 nr. 1582: Forskrift om forenklet anvendelse av internasjonale regnskapsstandarder

Forskrift 22. desember 2006 nr. 1616: Forskrift om minstekrav til kapitaldekning i forsikrings- selskaper, pensjonskasser, innskuddspensjonsforetak og holdingselskaper i forsikringskonsern

Forskrift 22. desember 2006 nr. 1649: Forskrift om endring av forskrift 22. oktober 1990 nr. 875 om minstekrav til kapitaldekning i finansinstitusjoner og verdipapirforetak og forskrift 14. desember 2006 om kapitalkrav for forretningsbanker, sparebanker, finansieringsforetak, holdingselskaper i finanskonsern, verdipapirforetak og forvaltnings- selskaper for verdipapirfond mv. (kapitalkravsfor- skriften)

Forskrift 22. desember 2006 nr. 1615: Forskrift om kredittinstitusjoners og verdipapirforetaks store engasjementer

Forskrift 22. desember 2006 nr. 1584: Ikraftset- ting av lov 10. juni 2005 nr. 43 om endringer i lov 10. juni 1988 nr. 40 om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner (finansieringsvirksomhetslo- ven), lov 6. desember 1996 nr. 75 om sikringsord- ninger for banker og offentlig administrasjon mv. av finansinstitusjoner og i enkelte andre lover (finansgrupper, obligasjoner med pant i utlånsportefølje og skadeforsikrings-selskapenes garantiord- ning) del VI.

Forskrift 22. desember 2006 nr. 1617: Forskrift om garantiordning for skadeforsikring

Forskrift 22. desember 2006 nr. 1637: Forskrift om endring av forskrift 1. juni 1990 nr. 434 om aktuar

3.2 Oversikt over løyve i større forvaltningssaker

Finansdepartementet godkjende 18. januar 2006 Gard AS sin søknad om å nytte Northern Trust som depotbank i staden for JP Morgan Chase Bank. I samsvar med godkjenninga blei det gjort ei endring i vilkåra som blei stilte i Finansdeparte- mentet sitt vedtak 22. januar 2005, der Gard Marine & Energy Limited, i medhald av forsikringsverksemdslova § 13-8 tredje ledd, jf. kgl.res. 25. august 1989 nr. 825, fekk unnatak frå krava i forsikringsverksemdslova § 12-4 om innehaving av kapital her i riket, § 12-6 første ledd om deponering i norsk bank og § 12-6 første ledd om at vedko- mande bank er ansvarleg for at kapitalen ikkje blir frigitt utan samtykke frå Kredittilsynet.

Finansdepartementet gav 16. januar 2006 DnB NOR ASA godkjenning til å erverve ca. 97,3 pro-

sent av aksjane i den russiske banken Monchebank. Departementet gav også godkjenning til å erverve dei resterande aksjane i Monchebank i den utstrekning DnB NOR ASA får aksept på tilbod om å kjøpe desse. Departementet godkjende søknaden om endring i konsernstrukturen som følgje av ervervet av Monchebank. Det blei gitt vilkår for godkjenninga.

I medhald av børslova § 2-5 gav Finansdepartementet 23. januar 2006 Imarex ASA løyve til å opprette dotterselskap i USA og til å drive verksemd i USA gjennom dotterselskapet. Imarex ASA har tidlegare fått løyve til å etablere dotterselskap i Singapore.

Finansdepartementet gav 14. mars 2006 Gjensidige NOR Kredittforsikring AS løyve, med heimel i forsikringsverksemdslova § 10-1 første ledd første punktum, til å avvikle verksemda som forsikringselskap. Konesjonen til selskapet blei sletta. Med heimel i same lov § 13-8 tredje ledd fekk Gjensidige Forsikring dispensasjon frå § 1-2 tredje ledd første punktum slik at selskapet kunne overta det resterande garantiansvaret i Gjensidige NOR Kredittforsikring AS.

Finansdepartementet godkjende 31. mars 2006 Gjensidige Forsikring sin søknad om å erverve alle aksjar i Fair Financial Ireland Limited. Godkjenninga blei gitt med vilkår om at Gjensidige Forsikring ervervar alle aksjar i Fair Financial Ireland Limited innan 12 månader rekna frå datoen for godkjenninga. Departementet godkjende samstundes søknad om å endre konsernstrukturen som følgje av ervervet.

Finansdepartementet gav 28. juni 2006 Gjensidige Forsikring løyve til å erverve alle aksjar i det latviske forsikringselskapet JSC Parex Insurance Company under føresetnad av at aksjane blei erverva innan 31. desember 2006. Departementet gav samstundes løyve til endring av konsernstrukturen som følgje av ervervet.

Med heimel i forsikringslova § 13-1 godkjende Finansdepartementet 7. juli 2006 vedtak om oppløysing av Sjøtrygdgruppen Gjensidig Skadeforsikringsselskap. Det blei sett som vilkår for godkjenninga at varsel etter forsikringslova § 13-1 andre ledd blei sende ut før 1. september 2006.

Ofoten Sparebank fekk 24. juli 2006 løyve til å slutte seg saman med Tjeldsund Sparebank, med Ofoten Sparebank som overtakande bank. Det blei stilt vilkår for vedtaket.

VPS Clearing ASA fekk 29. august 2006 i medhald av verdipapirhandelleva § 6-1 fyrste ledd løyve til å drive verksemd som oppgjersentral for derivat og plikter i samband med lån av finansielle

instrument, likevel unnateke derivat som har varer som underliggjande. Det blei stilt vilkår for løyvet.

International Maritime Exchange ASA fekk 29. august 2006, i medhald av børslova § 2-1 fyrste ledd, løyve til å drive autorisert marknadsplass for varederivat med maritime fraktkontraktar som underliggjande. Det blei stilt vilkår for løyvet. Imarex NOS ASA fekk same dag løyve til å eige NOS Clearing ASA som heileigd dotterselskap med heimel i verdipapirhandelleva § 6-1 sjuande ledd.

Finansdepartementet gav 5. september 2006 Pareto Securities ASA dispensasjon til å drive valutaverksemd når det skjer i samanheng med yting av finansieringstenester. Departementet la i si vurdering vekt på at Pareto Securities ASA er eit verdipapirføretak som allereie er dekt av reglar om tilsyn og eigarkontroll og reglane om kvitvasking. Departementet viste også til verdipapirhandelleva § 8-1 første ledd nr. 6 om «tilknyttede tjenester».

Med heimel i finansieringsverksemdslova § 2-3 fjerde ledd gav Finansdepartementet 19. september 2006 Santander Consumer Bank AS løyve til å opprette dotterselskap i Finland, Santander Finland. Finansdepartementet godkjende samstundes endring i konsernstrukturen som følgje av opprettinga av det nemnde selskapet i Finland. Det blei sett vilkår for løyvet.

Finansdepartementet gav 29. september 2006 Kommunal Landspensjonskasse Innskudds- og Foretakspensjon AS (seinare endra til KLP Pensjonsforsikring AS) løyve til å drive livsforsikringsverksemd innafor forsikringsklasse I og II, jf. forskrift 18. september 1995 nr. 797 «om inndeling i forsikringsklasser som grunnlag for konsesjonstildeling» § 1. Kommunal Landspensjonskasse gjensidig forsikring (KLP) blei samstundes gitt løyve til å eige 100 prosent av aksjane i Kommunal Landspensjonskasse Innskudds- og Foretakspensjon AS. Finansdepartementet godkjende også endringane i KLP-konsernet sin struktur. Departementet samtykte i at KLP og KLP Innskudds- og Foretakspensjon AS har identisk kontrollkomité.

Ved Finansdepartementet sitt vedtak 2. oktober 2006 blei det gitt løyve til etablering av Gjensidige Bank Holding AS som morselskap med dotterselskapet Gjensidige Bank AS. Det blei vidare gitt løyve til etablering av blanda konsern med Gjensidige Bank Holding AS som holdingselskap og konsernselskapet Gjensidige Bank AS som 100 prosent eigd dotterselskap. Gjensidige Forsikring blei gitt løyve til å gjere dei endringane i organiseringa av konsernet som følgjer av etableringa av Gjensidige Bank Holding AS og Gjensidige Bank AS. Det blei gitt vilkår for løyvet.

Landkreditt fekk 13. oktober 2006 delvis medhald i søknad om endring av konsesjonsvilkåra. Eitt vilkår blei endra med heimel i finansieringsverksemdslova § 2-3.

Ved Finansdepartementet sitt vedtak 20. oktober 2006 fekk Oslo Pensjonsforsikring AS, med heimel i finansieringsverksemdslova § 2a-3 fjerde ledd, løyve til å opprette dotterselskap i Irland, Sector UCITS Funds plc., i samsvar med søknaden. Finansdepartementet godkjende samstundes endring i konsernstrukturen som følgje av opprettinga av det nemnde selskapet i Irland. Det blei sett vilkår for løyvet.

Finansdepartementet gav Grong Sparebank og Verran Sparebank 1. november 2006, med heimel i sparebanklova § 47, løyve til å slutte seg saman med Grong Sparebank som overtakande bank.

Finansdepartementet gav 8. november 2006 Nordenfjeldske Personforsikring AS løyve til å gjere om verksemda til livsforsikringsverksemd med heimel i forsikringslova § 2-1. Nordenfjeldske fekk samstundes løyve til samanslåing med syster-selskapet Danica Fondsforsikring AS med heimel i lov 10. juni 2005 nr. 44 om forsikring § 3-6 og lov om finansieringsverksemd § 2a-7. Det nye føretaket kan drive livsforsikringsverksemd etter forskrift om forsikringsklasser § 1 klasse I «Alminnelig livsforsikring og tilleggsforsikring» og klasse III «Livsforsikring med investeringsvalg», og kan overta forsikringar etter forskrifta § 2 i klassene 1. «Ulykke (personforsikring)» og 2. «Sykdom (personforsikring)». Det blei stilt vilkår for løyvet, mellom anna at selskapet må bruke eit namn som inneheld ordet «forsikring» eller ord med same innhald.

Finansdepartementet gav 15. desember 2006 Vesta Forsikring AS løyve til å avhende verksemda i Vesta Forsikring AS til norsk filial av det danske forsikringsselskapet Tryg Forsikring A/S. Tryg Forsikring A/S fekk, med heimel i forsikringslova § 3-6 andre ledd og finansieringsverksemdslova § 2-3, løyve til å erverve 100 prosent av aksjane i Enter Forsikring AS. Endringane i organiseringa av konsernet blei godkjende, jf. finansieringsverksemdslova § 2a-7. Det blei stilt vilkår for løyvet. Det blei gitt høve til at namnet Vesta Forsikring AS blir nytta inntil vidare, dersom det går klart fram at Vesta Forsikring AS er ein filial av Tryg Forsikring A/S. Kredittilsynet fekk fullmakt til å godkjenne retningslinjer for bruk av namnet.

Fokus Bank ASA fekk 19. desember 2006 løyve etter forretningsbanklova § 31 og finansieringsverksemdslova § 2-7 andre ledd til å overdra verksemda til Danske Bank A/S ved den norske filialen deira. Det blei stilt vilkår for løyvet. Det blei gitt

høve til at namnet Fokus Bank blir nytta inntil vidare, dersom det går klart fram at Fokus Bank er ein filial av Danske Bank-konsernet. Kredittilsynet fekk fullmakt til å godkjenne retningslinjer for bruk av namnet.

Ved Finansdepartementet sitt vedtak 20. desember 2006 fekk Oslo Børs løyve til å drive verksemd som autorisert marknadsplass for finansielle instrument etter børslova § 2-1. Den autoriserte marknadsplassen har som formål å vere ein alternativ marknadsplass for finansielle instrument som ikkje oppfyller krava til børsnotering, ved at opptaksvilkåra til marknadsplassen er lempelegare. Det blei gitt vilkår om at Oslo Børs si verksemd som autorisert marknadsplass på ein klar og tydeleg måte blir halden skilt frå børsverksemda, mellom anna blei det gitt vilkår om at ordet «børs» ikkje kan nyttast i namnet på marknadsplassen.

Finansdepartementet gav 22. desember 2006 OBOS løyve til å etablere dotterselskapet Hammersborg Forsikring AS med Hammersborg Holding AS som morselskap i delkonsern. Hammersborg Forsikring AS fekk løyve til å drive forsikringsverksemd. Løyvet blei gitt i medhald av forsikringslova § 2-1. Departementet hadde tidlegare avslått ein søknad frå OBOS om løyve til å etablere eigenforsikringsverksemd i medhald av forsikringslova § 15-8 første ledd. Departementet fann at den verksemda som blei beskriven i søknaden om eigenforsikringsverksemd, ikkje var i samsvar med eigenforsikringsverksemd etter lova. Departementet fann etter ei særskild vurdering å kunne gi løyve til etablering av allmenn forsikringsverksemd, men slik at forsikringsverksemda blei avgrensa til å gjelde forsikringar for OBOS, dotterselskap av OBOS, og dei bustadselskapa som OBOS med dotterselskap er forretningsfører for. Finansdepartementet godkjende samstundes endring i konsernstrukturen som følgje av opprettinga av holdingselskapet og forsikringsselskapet.

Kredittilsynet har sidan september 2005 behandla søknader frå seks norske bankar om løyve til å nytte internrating-metodar ved berekning av minstekravet til kapitaldekning. Søknadene blei utarbeidde på bakgrunn av ein førebels versjon av nye kapitaldekningsdirektiv og Kredittilsynet sitt utkast til nye forskrifter om kapitaldekning frå mai 2005. Kredittilsynet har behandla dei fem fyrste søknadene parallelt. Som ein del av vurderingane har det vore gjennomført egne inspeksjonar i sparebankane. I februar 2007 fekk DnB NOR, Sparebanken Vest, Sparebanken Rogaland, Sparebanken Midt-Norge og Sparebanken Nord-Norge løyve til å nytte grunnleggjande intern-

rating-metode ved berekning av minstekravet til kapitaldekning. Dei nye kapitaldekningsreglane er nærmare omtala ovanfor i kapittel 2, sjå boks 2.1, og i kapittel 3.1.

Med heimel i reglane i finansieringsverkslova om eigarkontroll i finansinstitusjonar gav Kredittilsynet i 2006 løyve til Sparebanken Nord-Norge sitt erverv av grunnfondsbevis i Helgeland Sparebank med inntil 20 prosent. Løyve blei også gitt til Folketrygdfondet sitt erverv av inntil

15 prosent i Storebrand ASA, til Sparebanken Hedmark sitt erverv av inntil 12 prosent i Sparebank 1 Gruppen AS, og til Tryggingamidstodin Hf sitt erverv av 100 prosent i NEMI Forsikring ASA.

Kredittilsynet behandla i 2006 også einskilde konsesjonssøknader der eigarprøving var ein del av saksbehandlinga. Dette gjaldt mellom anna søknad om konsesjon frå kredittføretaket SpareBank1 Boligkreditt AS, kredittføretaket Terra Kort AS og finansieringsføretaket Sportmann Finans AS.

4 Verksemda til Noregs Bank i 2006

4.1 Årsmeldinga for 2006

Årsmeldinga 2006 for Noregs Bank blei behandla og godkjend i hovudstyremøtet 7. februar 2007. Etter § 30 i «lov av 24. mai 1985 nr. 28 om Norges Bank og pengevesenet» (sentralbanklova) skal årsmelding og årsrekneskap sendast til departementet, som så skal leggje dei fram for Kongen og gjere dei kjende for Stortinget. Etter § 15b i instruks skal Riksrevisjonen «rapportere til Stortinget mulige bemerkninger til statsrådets myndighetsutøvelse overfor Norges Bank». Årsmeldinga følgjer denne meldinga som uttrykt vedlegg.

Det følgjer av sentralbanklova § 2 fjerde ledd andre punktum at «Riksrevisjonen fører kontroll med statsrådets myndighetsutøvelse etter lov 7. mai 2004 nr. 21 om Riksrevisjonen og instruks». Etter § 12 i denne instruksen skal statsråden:

«snarest mulig etter at Norges Banks årsregnskap og årsberetning er mottatt i departementet oversende til Riksrevisjonen:

- a) bankens årsregnskap, fastsatt av representantskapet, med revisjonens beretning
- b) hovedstyrets årsberetning
- c) representantskapets uttalelse om hovedstyrets protokoller og eventuelt om andre forhold vedrørende banken, og
- d) statsrådets beretning vedrørende departementets og regjeringens myndighetsutøvelse i saker som gjelder Norges Bank.»

Departementet sender dokumenta som er nemnde i instruksens § 12 a-c, til Riksrevisjonen når departementet har motteke dei frå Noregs Bank. Riksrevisjonen får også gjenpart av den korrespondansen som skjer mellom departementet og Noregs Bank i saker om instruksjon og saker der ein let vere å instruere. Noregs Bank blei ikkje instruert med heimel i sentralbanklova § 2 tredje ledd i år 2006.

4.1.1 Leiing og administrasjon

4.1.1.1 Hovudstyret

Hovudstyret har sju medlemmer som er oppnemnde av Kongen, jf. § 6 i sentralbanklova. Sentralbanksjefen er leiar og visesentralbanksjefen

nestleiar i hovudstyret. Hovudstyret blir supplert med to medlemmer som representerer dei tilsette i banken, når styret har oppe administrative saker. Hovudstyret hadde 17 møte i 2006.

Hovudstyret var ved utgangen av 2006 samansett slik (vararepresentantar i parentes):

Sentralbanksjef Svein Gjedrem, leiar
Visesentralbanksjef Jarle Bergo, nestleiar
Avdelingsdirektør Vivi Lassen (siviløkonom Kari Broberg)
Administrerande direktør Liselott Kilaas (førstemanuensis Aage Thor Falkanger)
Dagleg leiar Brit K. Rugland (cand.polit. Berit Tennbakk)
Professor Øystein Thøgersen (førstemanuensis Ingunn Myrtveit)
Professor Asbjørn Rødseth (direktør Eirik Wærness)

Representantar for dei tilsette:

- Sonja Blichfeldt Myhre (Einar Alnes)
- Jan Erik Martinsen (Sven Odd Rotbæk)

4.1.1.2 Representantskapet

Stortinget oppnemner eit representantskap med 15 medlemmer og vel leiar og nestleiar for to år, jf. sentralbanklova § 7.

Representantskapet var ved utgangen av 2006 sett saman slik (vararepresentantar i parentes):

- Mary Kvidal, leiar (autorisert rekneskapsfører Lars Gjedebo)
- Kommunalråd Liv Røssland, nestleiar (prosjektleiar Frode Klemp)
- Dagleg leiar Solveig Nordkvist (skoleassistent Liv Stave)
- Kommunalråd Terje Ohnstad (rådgivar Herdis Maihack Engen)
- Direktør Tom Thoresen (statsautorisert revisor Hans Kolstad)
- Fylkesrådsleiar Reidar Åsgård (ordfører Ola Røtvei)
- Rådgivar Anne Strifelt (seksjonssjef Inger Spangen)
- Ordfører Frank Sve (administrasjonssjef Erland Vestli)

- Oskar Grimstad (varaordfører Pål Morten Borgli)
- Siviløkonom Terje Johansen (administrerende direktør Torild Skogsholm)
- Rektor Eva Karin Gråberg (LO-sekretær Jan Elvheim)
- Lektor Runbjørg Bremset Hansen (student Camilla Bakken Øvald)
- Dekan Hans Petter Kvaal (politisk rådgivar Arent Kragh)
- Konsulent Kåre Harila (rektor Liv Sandven)
- Salsleiar Trond Lode (ordfører Ivar B. Prestbakmo)

4.1.1.3 Bruken av ressursar i Noregs Bank – intern kontroll og risikostyring

Noregs Bank har i brev 20. februar 2007 til Finansdepartementet gjort greie for utviklinga i ressursbruken og om arbeidet med å styrkje den interne kontrollen og risikostyringa. Der står det mellom anna:

«Noregs Bank legg vekt på at sentralbanken skal utføre oppgåvene sine med høg kvalitet og til låge kostnader. Verksemda skal vere veldreven, prega av høgt etisk medvit og i samsvar med beste internasjonale praksis. Banken skal vise vilje og evne til endring.

Ressursbruken

Banken har dei siste åra konsentrert verksemda om kjerneoppgåvene pengepolitikk, finansiell stabilitet og kapitalforvaltning, samt drifts- og støtteoppgåver i samband med desse funksjonane. Dette har resultert i betydelege omstillingar. Kontanthandteringa blei skild ut i eit eige selskap i 2001, og bankens aksjar vart selde i januar 2006. Den Kongelege Mynt blei seld i 2003. Setelproduksjonen i banken vil bli avvikla i løpet av første halvår i 2007, og det er i 2006 gjort avtale med to utanlandske seteltrykkeri om leveranse av setlar. IT-funksjonar i samband med Noregs Banks oppgjerssystem er sett ut til andre. Gjennom 2006 var det ei vidare tilpassing av organisasjonen med konsentrasjon om kjerneoppgåvene. Statistikkverksemda i Noregs Bank er overført til Statistisk sentralbyrå (SSB) med verknad frå 1. januar 2007. Det er starta prosessar med sikte på å redusere dei sentrale stabs- og støttefunksjonane i banken fram mot 2010.

Ved utgangen av 2006 var det i alt 542 fast tilsette i Noregs Bank, mot 547 ved utgangen av 2005. Talet på tilsette er redusert med om lag 600 frå siste del av 1990-talet. Det har skjedd samstundes som ressursbruken er auka på bankens kjerneoppgåver. I kapitalforvaltninga har det vore ein auke i talet på tilsette dei siste åra. Dette kjem særleg av den sterke veksten i

forvaltningskapitalen i Statens pensjonsfond – Utland med utvida satsing på aktiv forvaltningsstrategi internt i organisasjonen. Talet på fast tilsette i kapitalforvaltninga ved utgangen av 2006 var 128. Som følge av den betydelege veksten i kapital under forvaltning dei næraste åra og endringar i oppgåvenes kompleksitet, vil det måtte leggjast opp til ein sterk auke i talet på tilsette i denne delen av bankens verksemd dei næraste åra.

Omstillingane i banken har konsekvensar for dei tilsette. Banken har teke i bruk ulike personalpolitiske tiltak, så som sluttvederlag, utdanningspermisjon, venteløn og førtidspensjon. I perioden frå 1999 til utgangen av 2006 blei det inngått i alt 312 avtaler om avgang ved bruk av personalpolitiske tiltak. I 2006 fekk 7 medarbeidarar i ulike delar av banken godkjent søknader om avgang ved bruk av slike tiltak, mot 24 året før.

Dei samla kostnadene ved omstilling i perioden 1999 til 2006 utgjer om lag 391 millionar kroner. Hovudtyngda skriv seg frå avtaler som kom i stand i 2000 og 2001. Det har dei seinare åra vore ein markant nedgang i omstillingskostnadene. Det er i rekneskapen sett til side 127 millionar kroner til finansiering av omstillingane.

Omstillingane og nedgangen i talet på tilsette har ført med seg at det blir ledige lokale ved hovudkontoret. Noregs Bank er oppteken av at bygget blir forvalta best mogleg, og at ledige areal blir forsvarleg og lønsamt utnytta. Mellom anna blei matsalen i banken flytta for å bruke areala meir effektivt. Det er i 2006 dessutan gjort avtale med Kredittilsynet om utleige av store delar av dei areala som blir ledige etter at verksemda til seteltrykkeriet blir avvikla i 2007. Leigeavtala krev omfattande ombyggingar. Mellom anna blir seteltrykkeriets noverande industrilokale bygd om til kontorlokale. Under behandlinga av budsjetta for 2006 og 2007 gav representantskapet si tilslutning til fleire prosjekt for å nytte arealet i banken, prosjekt som til saman har ei løyvingssamme på 305 millionar kroner. Dei ombygde lokala skal etter planen stå ferdige for innflytting hausten 2008.

Netto ressursbruk til bankens eiga drift har reelt sett, målt mot prisindeks for offentlege utgifter, falle med om lag 30 prosent sidan 1998. Omstillingskostnadene er da haldne utanfor. Netto ressursbruk viser ein viss auke frå 2005 til 2006. Auken er særleg knytt til kjøp av mynt og kostnader ved forvaltning av dei langsiktige valutareservane. Kostnadene ved forvaltninga av Statens pensjonsfond - Utland blir dekte gjennom inntekter frå forvaltningsavtala med Finansdepartementet.

Nedgangen i ressursbruken dei siste åra kjem av effektivisering, meir korrekt prising av tenester, og at oppgaver er fasa ut.

Styrking av den interne kontroll og risikostyring - Tilpassingar i revisjonsordningane.

Den interne kontrollen og risikostyringa er sentral i bankens verksemd, og er ein integrert del av bankens ordinære linjeansvar. Hovudstyret får årleg melding om risikobildet og kvaliteten i den interne kontrollen for dei enkelte verksemdsområda.

Utviklinga, særleg innanfor forvaltninga av Statens pensjonsfond – Utland, men og i bankens andre kjerneoppgaver, har medført auka operasjonell risiko og omdømerisiko. Dette stiller banken overfor nye utfordringar. Hovudstyret hadde på denne bakgrunn i 2006 ein særleg gjennomgang av systema for risikostyring og kontrollen med bankens samla verksemd. For å styrke si oppfølging vedtok hovudstyret hausten 2006 å etablere ein revisjonskomité og organisere ein særskild internrevisjon under hovudstyret. Revisjonskomiteen består av tre av dei eksterne medlemane i hovudstyret. Han skal i første rekke fungere som saksførebuaende organ for hovudstyret på utvalde område; i hovudsak knytte til styrets tilsynsfunksjonar og ansvaret for risikostyring og kontroll. Også den særskilde internrevisjonen blir fagleg lagt under hovudstyret og vil vere sekretariat for revisjonskomiteen. Internrevisjonen skal vere operativ i løpet av 2007. Endringane blir gjennomførde i samråd med representantskapet, men rører elles ikkje ved representantskapets kompetanse og ansvar etter sentralbanklova for å føre tilsyn med bankens drift og for organiseringa av sentralbankrevisjonens verksemd.

Parallelt med etableringa av hovudstyrets revisjonskomité og internrevisjon har representantskapet på si side hatt ein brei gjennomgang av bankens revisjonsordning. Som ledd i dette vedtok representantskapet ny strategi for sentralbankrevisjonen, med sikte på å reindyrke denne som bankens eksterne revisjon. For å styrke sin kompetanse og møte dei særlege ufordringane i den finansielle revisjonen av kapitalforvaltninga har representantskapet gitt si tilslutning til at det blir etablert eit samarbeid med eit av dei store internasjonale revisjonsselskapa.»

Departementet har merka seg at representantskapet ser behov for styrka kompetanse for å møte dei særlege utfordringane i den finansielle revisjonen av kapitalforvaltninga. Departementet ser dette i samband med at forvaltninga av fondet har auka både i storleik og kompleksitet, slik at det er naudsynt med revisjonsressursar på høgt internasjonalt nivå.

For vidare omtale av ressursbruken og tilpassingane av revisjonsordningane osv. i Noregs Bank viser vi til banken si årsmelding for 2006.

4.1.2 Nærmare om verksemda til Noregs Bank i 2006

Etter sentralbanklova § 1 skal Noregs Bank mellom anna vere utøvande og rådgivande organ i penge-, kreditt- og valutapolitikken. Banken skal gi ut setlar og mynt og fremme eit effektivt betalingsystem. Vidare skal banken overvake penge-, kreditt- og valutamarknadene. I det følgjande blir det gitt ei framstilling av verksemda til Noregs Bank i 2006. Framstillinga byggjer i stor grad på årsmeldinga frå Noregs Bank. Sjå årsmeldinga for ein meir utfyllande gjennomgang.

4.1.2.1 Kapitalforvaltning

Noregs Bank forvaltar valutareservane og er av Finansdepartementet gitt i oppdrag å sørge for den operative forvaltninga av Statens pensjonsfond – Utland. I tillegg forvaltar Noregs Bank Statens petroleumsforsikringsfond for Olje- og energidepartementet. Ved utløpet av 2006 forvalta Noregs Bank 2 047 milliardar kroner i dei internasjonale kapitalmarknadene, på grunnlag av rekneskapsførte verdiar i Noregs Banks rekneskap. Dei to største porteføljane er Statens pensjonsfond – Utland og Noregs Banks valutareservar.

Forvaltninga av Statens pensjonsfond – utland vil bli omtalt i ei eiga melding til Stortinget som vil bli fremma i vår.

Noregs Banks hovudstyre har fastsett retningslinjer for forvaltninga av valutareservane. Investeringsporteføljen utgjer den største delen av valutareservane. Dei to andre delporteføljane er pengekamarknadsporføljen og petrobufferporteføljen. I november 2005 vedtok hovudstyret å auke aksjeden i investeringsporteføljen frå 30 til 40 prosent. Gjennomføring av auka aksjedel blei avslutta 30. april 2006. Med verknad frå 1. januar 2006 vedtok hovudstyret å auke maksimal eigardel i eit enkelt selskap til 5 prosent.

I 2006 var avkastninga på investeringsporteføljen 7,30 prosent målt i den valutakorga som svarer til samansetninga av referanseporteføljen. Målt i norske kroner var avkastninga 5,18 prosent. Forskjellen kjem av at den norske krona styrkte seg i forhold til valutakorga for referanseporteføljen. Forvaltninga gav ei meiravkastning på 0,13 prosentpoeng målt i forhold til kva ein ville fått ved å investere i referanseporteføljen. Det er ingen endringar i forvaltninga av pengemarknadsporføljen og petrobufferporteføljen.

Marknadsverdien av Statens petroleumsforsikringsfond var ved utgangen av 2006 på 15,2 milliardar kroner. Fondet hadde i 2005 ei avkastning på 2,17 prosent målt i utanlandsk valuta, og 1,34 prosent når ein måler i norske kroner. Dette var 0,03 prosentpoeng høgare enn avkastninga på den referanseporteføljene som Olje- og energidepartementet har definert.

Det er bygd opp kontrollapparat for investeringsverksemda både innanfor områda for kapitalforvaltning og pengepolitikk, og i andre delar av sentralbanken.

Noregs Banks valutareservar og plasseringane for Statens pensjonsfond - Utland inngår i Noregs Banks årsrekneskap som blir revidert av Noregs Banks revisjon.

Noregs Banks revisjon utfører revisjonen av kapitalforvaltninga. Riksrevisjonen har ansvaret for den overordna revisjonen av Statens pensjonsfond - Utland og byggjer arbeidet sitt på mellom anna materialet frå Noregs Banks revisjon. Statens petroleumsforsikringsfond blir rekneskapsført av Noregs Banks revisjon i sin revisjon av dette fondet. Noregs Banks revisjon gir si revisjonsmelding til Noregs Banks representantskap. Noregs Banks revisjon uttalar seg om retningslinjene for porteføljane er følgde.

Det er gjort nærmare greie for kapitalforvaltninga i Noregs Bank i banken si årsmelding og i ei eiga årsmelding for kapitalforvaltninga. Forvaltninga av Statens pensjonsfond er også omtala i statsrekneskapen.

4.1.2.2 *Finansiell stabilitet – overvaking av finansmarknadene*

Det finansielle systemet er samansett av finansinstitusjonar, finansmarknader og betalingssystem.

Overvakinga av finansmarknadene blir framstilt i rapporten «Finansiell stabilitet», som blir gitt ut to gonger i året. Formålet med rapporten er å gi ei samla vurdering av situasjonen i og utsiktene for finansiell sektor med særleg vekt på bankane og deira evne til å møte kraftige forstyringar i økonomien. Hovudkonklusjonane i rapporten blir oppsummerte i eit eige brev til Finansdepartementet. Rapporten skal òg medverke til dialog med finansnæringa om tilhøve som kan skape ubalansar i det finansielle systemet, og informere allmenta om denne typen spørsmål.

Finansmarknadene i ulike land er blitt meir integrerte. Det stiller sterkare krav til samarbeid om beredskap og behandling av kriser. Sentralbankane og tilsynsstyresmaktene i Norden held fram med å samarbeide om tilsyn og behandling av

kriser i grensekryssande bankar. Samarbeidet mellom Noregs Bank, Kredittilsynet og Finansdepartementet er kort omtala i kapittel 2.1.

4.1.2.3 *Betalingssystem og betalingsmiddel*

Noregs Bank arbeider med å fremme effektive og robuste betalingssystem gjennom å:

- Medverke til sikkert og effektivt oppgjør av betalingar mellom bankane på deira konti i Noregs Bank.
- Ta hand om konsesjons- og tilsynsansvar for system for avrekning og oppgjør av pengeoverføringar mellom bankane og overvake risikoen bankane tek på seg når dei tek del i systema.
- Leggjje til rette for best mogleg samband med internasjonal betalingsformidling.
- Medverke til robuste beredskapsløysingar.
- Informere allmenta om betalingssystema, blant anna gjennom den årlege rapporten om betalingssystem.

Noregs Banks oppgjerssystem

Eit oppgjerssystem som fungerer godt, er viktig for å fremme finansiell stabilitet. Betalingar mellom bankane blir gjort opp endeleg gjennom posteringar på bankane sine konti i Noregs Bank. 145 bankar hadde konto i Noregs Bank ved utgangen av 2006. Oppgjør i sentralbankpengar er utan kreditt- og likviditetsrisiko fordi Noregs Bank utferdar pengar. Derfor er renta på sentralbankpengar ein basis for rentedanninga i heile økonomien.

Noregs Bank yter lån til bankane mot pant i verdipapir. Desse låna medverkar til å gjere gjennomføringa av pengepolitikken og betalingsoppgjera meir effektiv. Verdipapir som er utgitt av bankar, kan ikkje utgjere meir enn 35 prosent av det samla pantet som ein bank stiller for låna sine. Denne grensa blei redusert frå 45 prosent i 2006 i *samsvar med plan som var vedteken tidlegare*. Dessutan blei det opna for å godkjenne verdipapir som er gitt ut av låntakarar i nokre land utanfor EØS-området som pant for lån i Noregs Bank.

Noregs Bank har inngått avtale med Ergo Group AS om levering av drifts- og forvaltningstjenester for IT-løysingane for Noregs Banks oppgjerssystem. Avtalen gjeld til 1. februar 2008. Noregs Bank har rett til å forlengje han med to år. Kvaliteten på IT-drifta har vore tilfredsstillande i 2006 og om lag på same nivå som i åra før.

Arbeidet med å fornye Noregs Banks oppgjerssystem er ført vidare i 2006. Noregs Bank skreiv i mars 2006 under ein avtale med det italienske selskapet SIA S.p.A. om levering av programvare til

eit nytt interbankbasert oppgjerssystem. Leverandør blei vald i samsvar med lova om offentlege innkjøp etter at det blei innhenta tilbod gjennom konkurranse i EØS-området. SIA S.p.A. har levert systemløyser til sentralbankar og andre aktørar i finansiell sektor i fleire land. Noregs Bank og leverandøren har arbeidd saman for å tilpasse den nye systemløysera til Noregs Banks krav og gjere henne klar til bruk, i tida etter at kontrakten blei underskriven. Dette arbeidet held fram i 2007 med sikte på at det nye interbankbaserte oppgjerssystemet skal setjast i drift i 2008.

I samband med fornyinga av oppgjerssystemet blei det etablert ei særskild løysing for IT-drifta av statens konsernkonto. Noregs Bank skreiv i februar 2006 under ein avtale med EDB Business Partner ASA om levering av driftstenester for konsernkontosystemet. Det blei innhenta tilbod frå fleire moglege leverandørar i samsvar med lova om offentlege innkjøp før avtalen blei inngått. Den nye system- og driftsløysera blei sett i drift i november 2006. Avtalen gjeld i tre år frå 2007, men Noregs Bank har rett til å forlengje han med to år om gongen i til saman inntil seks år. Det har vore nær kontakt med Finansdepartementet og Senter for statleg økonomistyring under arbeidet med å innføre ny løysing for statens konsernkonto.

Risiko i betalingsystema

Deltaking i betalingsystema kan utsetje bankane for risiko. Dei viktigaste formene for risiko er kredittrisiko, likviditetsrisiko, juridisk risiko og operasjonell risiko.

- Kredittrisiko i betalingsystema oppstår dersom bankane godskriv kundane før dei sjølv har motteke oppgjær for ein betalingstransaksjon. Bankane godskriv normalt kundane etter oppgjær. Kredittrisikoen i betalingsystema er derfor betrakteleg redusert.
- Likviditetsrisiko oppstår dersom ein bank ikkje får tilført likviditet fordi eit betalingsoppgjær ikkje blir gjennomført som planlagt. Noregs Bank har laga analysar som viser at bankane generelt har tilstrekkeleg likviditet til å møte slike hendingar.
- Dersom det ikkje er klart kva deltakarane har rett og plikt til i systemet, oppstår det juridisk risiko. Etter at betalingsystemlova med blant anna krav til avtalane i betalingsystem med konsesjon blei sett i kraft, ser Noregs Bank på den juridiske risikoen som låg.
- Operasjonell risiko kan kome av mangelfulle prosedyrar, feil i datasystem og telekommunikasjon, brot på regelverk o.a. Kvar systemeigar

har ansvar for å lage rutinar, reserveløysingar, kompetanse og beredskap som set han i stand til å handtere den operasjonelle risikoen. Dei siste åra er det sett i verk moderniseringsprosjekt som vil gjere stabiliteten og effektiviteten i det norske betalingsystemet betre.

Konsesjonsregulering og tilsyn med interbanksystem

Lov om betalingsystem gir Noregs Bank konsesjons- og tilsynsansvar for avrekning og oppgjær av pengeoverføringar mellom bankar. Norwegian Interbank Clearing System (NICS), Gjensidige NOR Sparebank og DnB fekk konsesjon til å drive interbanksystem i 2001. Konsesjonane til dei to sistnemnde bankane blei erstatta av ein ny konsesjon til DnB NOR Bank frå april 2006.

Tilsynet har vore ført vidare i 2006 etter same opplegget som i tidlegare år. Stabiliteten i systema blir følgd opp gjennom driftsrapportar frå konsesjonshavarane. Noregs Bank har jamleg kontakt med konsesjonshavarane i tillegg til dei faste tilsynsmøta. Omlegginga av systema i DnB NOR Bank og NICS har vore viktige spørsmål i 2006.

Sparebanken Midt-Noreg vil ta over som oppgjærskontor for ei gruppe sparebankar frå og med 2007. Banken søkte om fritak for konsesjon i 2006. Søknaden blei godkjend av Noregs Bank fordi systemet har avgrensa verknad på den finansielle stabiliteten. Banken er pålagd å rapportere årleg om verksemda.

Frå og med 2006 rapporterer også Noregs Banks eige oppgjerssystem om drifta på same måten som dei oppgjær- og avrekningssystema som har konsesjon. Desse rapportane blir følgde opp på same måten.

Utviklinga i bruk av ulike betalingsinstrument

Noregs Bank gir kvart år ut «Årsrapport om betalingsystem» som beskriv viktige utviklingstrekk i betalingsformidlinga. Bruken av elektroniske tenester i Noreg har auka gjennom fleire år, samstundes som bruken av papirbaserte tenester har blitt redusert. Elektroniske tenester blir produserte til lågare kostnader og gjer det mogleg å gjennomføre betalingane raskare enn papirbaserte tenester. Overgangen til elektroniske betalingsløyser heldt fram i 2005. Som ei følgje av utviklinga har effektiviteten i det norske betalingsystemet blitt betre.

I «Årsrapport om betalingsystem» blir det framheva at det er samanheng mellom prissetjinga for betalingsstenester og effektiviteten i betalingsystema. I Noreg har prisar som reflekterer dei

relative skilnadene på kostnadene for bruken av dei ulike betalingsinstrumenta, medverka til ein raskare overgang til elektroniske betalingstenester.

Bankane sine gjennomsnittlege listeprisar for elektroniske betalingstenester har lege lågt og nokså stabilt dei siste åra, mens prisane på blankebaserte tenester har auka kraftig. Meir informasjon og statistikk er gitt i «Årsrapport om betalingssystem 2005».

Internasjonal betalingsformidling

Betalingar som kryssar landegrensar, krev meir ressursar enn innanlandske betalingar. Kvar enkelt land har sitt eige betalingssystem, slik at grensekryssande betalingar involverer fleire bankar og betalingssystem. Det kan vere utfordrande å gjere slike betalingar meir effektive, blant anna fordi dei ofte har eit betrakteleg innslag av manuelle oppgaver.

Prisane for grensekryssande betalingar er mykje høgare enn prisane for innanlandske betalingar. EU har innført eit direktiv som fastset at prisane på grensekryssande betalingar i euro ikkje skal vere høgare enn tilsvarande innanlandske eurobetalingar. Forordninga blei gjord gjeldande i norsk lov frå 1. januar 2005. Noregs Bank har følgd prisutviklinga på dette området for å sjå om forordninga har ført til at eurobetalingar frå Noreg til EU-/EØS-land er blitt rimelegare. Resultata er lagde fram i «Årsrapport om betalingssystem 2005», og viser at prisane for nokre tenester har falle i 2005.

EU-kommisjonen la i 2005 fram eit direktivforslag som har som formål å skipe eit moderne og harmonisert lovgrunnlag for ein integrert betalingsmarknad i EU. Framlegget blir framleis behandla av EUs parlament og råd. Eit endeleg vedtak er venta i 2007. Direktivet skal styrkje konkurransen i dei nasjonale betalingsmarknadene og samstundes medverke til at det blir eit harmonisert regelverk som verkar til openheit både for leverandørar og brukarar. Direktivet vil gjelde alle EU-land og deira valutaer og vil skape ei lovmessig plattform for utviklinga mot eit felles europeisk betalingsområde. EU-kommisjonen har merkt framlegget som EØS-relevant. Det vil derfor bli gjort framlegg om at direktivet blir teke inn i norsk lov eller forskrift.

Beredskap i finansiell sektor

Noregs Banks arbeid med beredskap i finansiell sektor er ein del av sentralbankens generelle arbeid overfor sektoren. I tillegg har Noregs Bank eit ansvar for å følgje opp sivilt beredskapssystem i finansiell sektor. Internt gjeld beredskapsarbeidet

blant anna forsyning av setlar og myntar og drifta av bankens oppgjerssystem. Eksternt gjeld det generelt for den finansielle infrastrukturen, særleg sentralbankens rolle ved likviditetskriser i finansiell sektor og ansvaret etter banksikringslova. Det blir regelmessig halde øvingar for å teste beredskapen.

Finansmarknader og finansinstitusjonar

Ulike organ i EU har hatt høg aktivitet i 2006 for å styrkje evna til å kunne handtere ei finansiell krise som omfattar fleire land. Arbeidet har delvis gått føre seg i «Committee of European Banking Supervisors» (CEBS) og dels i «Banking and Supervision Committee» (BSC). På grunn av EØS-avtalen og den tette integrasjonen mellom banksystema i EU-, EØS- og EFTA-landa tek styresmaktene i Noreg, Island og Liechtenstein del i arbeidet. Noregs Bank og Kredittilsynet har vore observatørar i CEBS sidan 2004. Frå 2006 har dei to institusjonane blitt inviterte til møte i BSC, som drøftar saker av felles interesse, blant anna arbeid med beredskap og krisehandtering.

I Noreg vil spørsmål om beredskap bli drøfta i trepartsmøte mellom Finansdepartementet, Kredittilsynet og Noregs Bank som blei formelt skipa i 2006. Ei arbeidsgruppe som blei nedsett av Bankenes sikringsfond, la i september 2006 fram ein rapport om administrasjon av bankar i krise. Rapporten drøftar både rollene til ulike styresmakter før og mens ein bank er sett under offentleg administrasjon, og kva for følgjer dette vil ha for Bankenes sikringsfond, banken og kundane. Noregs Bank deltok i arbeidsgruppa.

Finansiell infrastruktur

For at finansielle transaksjonar skal kunne gjennomførast, må aktørar og system i den finansielle infrastrukturen vere i funksjon. Desse systema må vere robuste og effektive blant anna ved å ha stabile og gode reserve- og beredskapsløysingar.

For å medverke til at beredskapsarbeidet blir best mogleg samordna mellom aktørane i finansiell infrastruktur, blei Beredskapsutvalet for finansiell infrastruktur skipa i oktober 2000. Noregs Bank leier utvalet og utfører sekretariatsarbeidet. Kredittilsynet, bankane og sentrale leverandørar av IKT-tenester til finansnæringa er representerte i utvalet. Finansdepartementet deltek med ein observatør.

Beredskapsutvalet har halde tre ordinære møte i 2006 og drøfta spørsmål om driftsstabilitet, risiko og sårbarheit i finansiell infrastruktur. Det har òg drøfta erfaringar frå avvikssituasjonar, testar av reserveløysingar og beredskapsøvingar.

Utvalet heldt i mai 2006 ei øving der utviklinga av ein arbeidskonflikt i banknæringa med bruk av den såkalla stengjedoktrinen blei drøfta. I juni blei det varsla om ei utviding av ein arbeidskonflikt i finansnæringa. Då gjekk utvalet gjennom moglege konsekvensar på førehand.

Beredskapsutvalet har i 2006 behandla ein rapport med framlegg om kva for aktørar og funksjonar i finansiell infrastruktur som bør ha prioritert tilgang til straumforsyning og telekommunikasjon i ein beredskapssituasjon. Utvalet har òg oppretta ei arbeidsgruppe for å vurdere alternative løysingar når ordinære betalingsmiddel ikkje kan nyttast, og for å utarbeide eventuelle tiltak i denne samanhengen. Det har dessutan uttala seg til Justis- og politidepartementet om ei offentleg utgreiing om vern av den kritiske infrastrukturen i landet og dei kritiske samfunnsfunksjonane, mellom anna bank og finans, jf. NOU 2006:6: «Når sikkerheten er viktigst».

På grunn av endringar i den finansielle infrastrukturen har beredskapsutvalet gått inn for at dei to største bankane får oppnemne eigne medlemmer til utvalet frå 2007.

Setlar og myntar

Den gjennomsnittlege verdien av setlar og myntar i omløp har stige dei siste tre åra, etter ein svak nedgang frå 2000 til 2003. I 2006 steig verdien av omløpet med litt over sju prosent til om lag 49,2 milliardar kroner som gjennomsnitt for året.

Den gjennomsnittlege verdien av setlar i omløp var nesten 44,5 milliardar kroner i 2006. Det er over sju prosent meir enn i 2005. 500-kronesetelen har auka sin del av omløpet noko, samstundes som 1000-kronesetelen har fått ein mindre del av omløpet. Verdien av myntar i sirkulasjon var gjennomsnittleg 4,7 milliardar kroner i 2006. Det er ein auke på meir enn fire prosent frå 2005. Samansetjinga av valørar i myntomløpet har nesten ikkje vore endra i det siste året.

Det blei gitt ut ein 20-kronemynt med spesialpreg for å markere Ibsen-året i 2006. Det blei ikkje gitt ut minnemyntar i gull eller sølv i 2006. Retningslinjene for å gi ut jubileums- og minnemyntar i medhald av sentralbanklova § 16 blei fastsette i samband med at Noregs Bank fekk fullmakt til å fatte vedtak om slike utgivingar i 1994. Stortinget har slutta seg til retningslinjene. Noregs Bank vedtok i november 2006 å skipe ein komité som skal gi Noregs Bank råd om kva for hendingar som kan oppfylle krava som blir stilte i retningslinjene, og den praksisen som er etablert.

Talet på falske setlar som blei beslaglagde, auka frå midten av 1990-åra og nådde ein topp i

2000 med 3064 falske setlar. Auken kom av at det blei mange fleire fargekopimaskinar, avlesarar og skrivarar for personlege datamaskinar i samfunnet. I åra 2002 til 2004 oppgraderte Noregs Bank 100- og 200-kronesetlane med metalliske element som er lette å sjå for publikum og vanskelege å etterlikne. 50-kronesetelen blei òg oppgradert og gjort tryggare. Etter oppgraderingane har talet på falske setlar blitt redusert til eit særst lågt nivå, om lag 500 setlar kvart år i 2003–2006.

Noregs Bank kjøper behandlingstenester som er knytte til sentralbankoppgåvene frå Norsk Kontantservice AS (NOKAS AS). Selskapet blei stifta med Noregs Bank og private bankar som eigarar i 2001. NOKAS utfører kontantbehandlingstenester i konkurranse med andre tilsvarende selskap. Noregs Bank selde aksjane sine i NOKAS i januar 2006.

Noregs Bank har gått gjennom rolla si i kontantforsyninga i dei siste åra. Utgangspunktet har vore eit ønske om at arbeids- og ansvarsdelingane mellom dei ulike aktørane skal bli så effektiv som mogleg, og at skilnaden mellom dei ulike typene tenester skal bli klarare. Sentralbanken ønskjer å ha ei grossistrolle i kontantforsyninga slik at dei private bankane utfører den vidare omdelinga av kontantar i samsvar med det dei treng. Noregs Bank endra vilkåra for bankane sine innskott og uttak av kontantar i 2005 for å oppnå dette. Talet på sentralbankdepot blei redusert frå elleve til fem i løpet av 2005. Etter det har Noregs Bank hatt sentralbankdepot i Bergen, Oslo, Stavanger, Tromsø og Trondheim.

I juli 2005 blei det innført ei ordning som inneber at bankane kan skipe private kontantdepot ut frå kva dei sjølv treng. Noregs Bank kan ut frå vilkår som er fastsette, betale rentekompensasjon for kontantar som bankane eig, og som blir lagra i private depot. Ved utgangen av 2006 var det skipa seksten private kontantdepot rundt om i landet.

Noregs Bank vedtok i 2003 å avvikle verksemda i Noregs Banks Seteltrykkeri i 2007. Etter nedlegginga må Noregs Bank kjøpe setlar frå andre seteltrykkjeri. Det blei gjennomført eit prosjekt i 2006 for å avgjere kven Noregs Bank skal kjøpe pengesetlar frå i framtida. I desember blei det skriva under avtalar med De La Rue International Limited i England og Francois-Charles Oberthur Fiduciaire i Frankrike. Desse to blei valde etter ein omfattande prosess der Noregs Bank fekk tilbod frå fleire godkjende seteltrykkjeri. Det var definert ei rekkje tekniske og funksjonelle krav, og valet blei gjort på grunnlag av desse og den prisen som blei tilboden.

Dei to som blei valde, er store trykkjeri. Dei har godt renommé og trykkjer pengesetlar for svært mange andre land. Avtalen som blei inngått, gjeld for åra 2007 – 2012. Dei første leveringane vil venteleg skje i 2008. Det blei vedteke å inngå kontraktar med to trykkjeri fordi det blir vurdert som nyttig å ha samband med ulike miljø blant anna av beredskapsmessige årsaker.

Noregs Bank vil framleis avgjere korleis norske setlar skal sjå ut og stille krav til kvalitet og tryggingselement. Setlane som blir produserte i utlandet, vil sjå ut og ha eigenskapar som dagens setlar, om ikkje Noregs Bank av andre årsaker skulle vedta noko anna.

Noregs Banks kostnader med å utferde setlar og myntar er samansette av kostnader til framstilling av nye setlar og myntar, kostnader til å halde ved like kvaliteten på setlar og myntar i omløp og kostnader ved distribusjon til bankane. Kostnadene for å halde ved like den nødvendige kvaliteten er knytte til veksling av slitne setlar og destruksjon av skadde, slitne og utgåtte setlar og myntar. Distribusjonen omfattar transport til sentralbankens depot, lagring og betening av bankane ved inn- og utleveringane deira.

Frå 2005 til 2006 har Noregs Banks kostnader med å ta hand om ansvaret for å skrive ut setlar og myntar auka frå 116,4 til 146,8 millionar kroner. Auken kjem i hovudsak av at talet på innkjøpte myntar har auka, og at metallprisane har vore vesentleg høgare i 2006 enn i 2005.

4.1.2.4 Statistikkproduksjon

Noregs Bank produserte i 2006 statistikk om penge-, kreditt- og valutamarknadene for ein stor del etter same mønster som året før. Verksemda var i andre halvår sterkt prega av førebuingar til at Statistisk sentralbyrå skulle overta ansvaret for statistikkproduksjonen i Noregs Bank frå og med 2007.

Overføring av statistikkproduksjonen til Statistisk sentralbyrå

Våren 2006 drøfta Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank planar om å overføre produksjonen av finansmarknadsstatistikk, som Noregs Bank har hatt ansvaret for, til Statistisk sentralbyrå, og i august 2006 vedtok dei to institusjonane overføringa. Overføringa, som omfattar 27 medarbeidarar og nærmare 30 statistikkprodukt, skjedde 1. januar 2007. Dei fleste av desse statistikkane er offisiell statistikk og blir frå 2007 publiserte på www.ssb.no. Nokre statistikkar er spesielt retta mot verksemda i Noregs Bank. Statistisk sentral-

byrå vil samle inn data til desse statistikkane på vegner av Noregs Bank, som vil publisere dei.

Finans- og verdipapirstatistikk

I 2006 produserte og publiserte Noregs Bank rekneskapsstatistikk for bankar og andre finansføretak og indikatorar for utviklinga i publikum si gjeld og i pengemengda. Noregs Bank etablerte i 2006 ein ny statistikk for bankane sin valutahandel. Noregs Bank har også produsert statistikk for verdipapir som er registrerte i VPS, for emisjonar av obligasjonar og sertifikat og for verdipapirfond. Statistikk om betalingsformidling blir publisert i den årlege rapporten frå Noregs Bank om dette temaet. Finans- og verdipapirstatistikken er frå byrjinga av 2007 flytt til Statistisk sentralbyrå.

Finansielle sektorrekneskapar (FINSE)

Statistikken for kvartalsvise finansielle sektorrekneskapar (FINSE) byggjer på rekneskapsstatistikken for bankar og andre finansføretak, statistikken for verdipapirmarknadene og andre kjelder. Årlege data frå FINSE blir rapporterte til Eurostat som del av EØS-avtalen. Denne statistikkverksemda er frå byrjinga av 2007 flytt til Statistisk sentralbyrå.

Internasjonal rapportering og samarbeid

Noregs Bank har hatt ei omfattande rapportering av statistikk til internasjonale organisasjonar. Banken har rapportert til BIS, Eurostat, IMF og OECD.

Noregs Bank har delteke i forum der utviklinga av internasjonale statistikkstandardar og internasjonal rapportering blir drøfta. Dette skjer blant anna i EØS-komiteen *Committee on Monetary, Financial and Balance of Payments Statistics* og i arbeidsgrupper under denne.

Noregs Bank si internasjonale rapportering og samarbeid om statistikk er frå byrjinga av 2007 flytt til Statistisk sentralbyrå.

4.1.2.5 Internasjonalt samarbeid

Noregs Bank forvaltar dei finansielle rettane landet har, og oppfyller dei pliktene som følgjer av at Noreg er med i Det internasjonale valutafondet (IMF). Banken er også sekretariat for IMF-arbeidet i Noreg. Dette er ei oppgåve banken utfører på vegner av Finansdepartementet. Verksemda til IMF er nærmare omtala i kapittel 6 i meldinga.

Bank for International Settlements (BIS) har til oppgåve å fremme samarbeidet mellom sentralbankar. Sentralbanksjefen deltek jamleg på møte i BIS.

Noregs Bank har regelmessig kontakt med Den europeiske sentralbanken (ESB) og med andre sentralbankar i EU. Banken har eit omfattande samarbeid med dei nordiske sentralbankane på ei rekkje felt.

4.1.2.6 Kommunikasjonsverksemd

Noregs Bank har ei plikt etter sentralbanklova til å «informere offentligheten om penge-, kreditt- og valutaforholdene». I tillegg ønskjer banken gjennom ei aktiv kommunikasjonsverksemd å oppnå breiast mogleg forståing for den pengepolitikken som blir ført, for dei mekanismane som verkar til finansiell stabilitet, og for utføringa av kapitalforvaltninga.

Noregs Bank legg stor vekt på å møte aukande interesse gjennom å vere open og pårekleleg. Direkte video-overførte pressekonferansar på Internett er derfor ei fast ordning etter rentemøta i hovudstyret og ved offentleggjing av inflasjonsrapportane, rapportane om finansiell stabilitet og års- og kvartalsrapportane til Statens pensjonsfond – Utland. I 2006 blei det òg gjennomført ei prøveordning med podcast av pressekonferansane og direktesendt mobil-tv. Det var 16 pressekonferansar i 2006. Føredrag som leiinga i Noregs Bank held, blir dessutan offentleggjorde i manuskript på internettssidene til banken samtidig som dei blir haldne. I 2006 blei det lagt ut 23 føredrag.

Bruk av Internett er ein viktig del av bankens informasjonsstrategi. Internettssidene er under stadig utvikling. I tillegg til nyhendemeldingar og det som er nemnt over, har sidene mellom anna fyldig informasjon om banken sine oppgåver og ei stor mengd finansiell statistikk. Her finn ein òg elektroniske versjonar av publikasjonane som banken gir ut. Statistikk over bruken viser at det i gjennomsnitt var 518 000 sidevisingar pr. månad.

Ut over årsmeldinga, internettinformasjonen og rapportane som er nemnde over, gir Noregs Bank ut desse publikasjonane: tidsskriftet Penger og Kreditt og den engelske versjonen Economic Bulletin blir utgitt kvartalsvis. Ein rapport om betalingsformidling kjem årleg. Forskingsprosjekt blir dokumenterte i arbeidsnotat (Working Paper). Det blei tretten hefte i 2006. Somme av desse blir seinare trykte som artiklar i eksterne bøker og tidskrift. Staff Memo inneheld annan dokumentasjon eller utgreiingar som inngår i banken sitt arbeid med sentrale problemstillingar, og kom med sju utgåver som blei publiserte berre på nett. I Noregs Banks skriftserie / Occasional Paper og serien Doctoral Dissertations var det ingen utgivingar i 2006.

4.2 Utøvinga av pengepolitikken i 2006

4.2.1 Innleiing

I St.meld. nr. 13 (2005–2006) Kredittmeldinga 2005, som blei lagd fram 7. april 2006, blei det gitt ei vurdering av utøvinga av pengepolitikken i 2005. I denne meldinga ser ein på utøvinga av pengepolitikken i 2006. I punkt 4.2.2 blir det gitt ein omtale av retningslinjene for pengepolitikken. I punkt 4.2.3 følgjer ein omtale av Noregs Banks eiga vurdering av utøvinga av pengepolitikken i 2006, basert på årsmeldinga frå banken. Punkt 4.2.4 gir så ein omtale av andre analysar og vurderingar av pengepolitikken, mellom anna frå OECD og Norges Bank Watch. Departementet sine vurderingar følgjer i punkt 4.2.5.

4.2.2 Retningslinjene for pengepolitikken

Etter sentralbanklova § 1 skal Noregs Bank vere eit utøvande og rådgivande organ i penge-, kreditt- og valutapolitikken. Banken skal gi ut setlar og mynt og fremje eit effektivt betalingssystem. Vidare skal banken overvake penge-, kreditt- og valutamarknadene.

I St.meld. nr. 29 (2000–2001) Retningslinjer for den økonomiske politikken, som blei lagd fram 29. mars 2001, trekte ein opp dei noverande retningslinjene for pengepolitikken. Retningslinjene blei fastsette i forskrift ved kronprinsregentens resolusjon av 29. mars 2001 med heimel i sentralbanklova § 2 tredje ledd og § 4 andre ledd, jf. boks 4.1.

I tråd med forskrifta skal pengepolitikken sikte mot stabilitet i den nasjonale og internasjonale verdien av den norske krona. Noregs Banks operative gjennomføring av pengepolitikken skal i samsvar med dette rettast inn mot låg og stabil inflasjon, definert som ein årsvekst i konsumprisane som over tid er nær 2,5 prosent. Av forskrifta følgjer det at pengepolitikken skal medverke til å stabilisere utviklinga i produksjon og sysselsetjing og samtidig også medverke til stabile forventningar om valutakursutviklinga. I St.meld. nr. 29 (2000–2001) står det vidare at det er venta at konsumprisveksten som ein hovudregel vil ligge innanfor eit intervall på +/- eitt prosentpoeng rundt målet for prisstiging. Noregs Banks rentesetjing skal vere framoverretta i tid og ta tilbørleg omsyn til uvisse knytt til makroøkonomiske prognosar og vurderingar. Når Noregs Banks hovudstyre fastset renta, skal det ta omsyn til at det kan ta tid før endringar i politikken får effekt, og sjå bort frå forstyrringar av mellombels karakter som ikkje blir vurderte å påverke den underliggjande pris- og kostnadsveksten.

Boks 4.1 Forskrift om pengepolitikken

Fastsatt ved kronprinsregentens resolusjon 29. mars 2001 med hjemmel i sentralbankloven § 2 tredje ledd og § 4 annet ledd.

I

§ 1.

Pengepolitikken skal sikte mot stabilitet i den norske kronas nasjonale og internasjonale verdi, herunder også bidra til stabile forventninger om valutakursutviklingen. Pengepolitikken skal samtidig understøtte finanspolitikken ved å bidra til å stabilisere utviklingen i produksjon og sysselsetting.

Norges Bank forestår den operative gjennomføringen av pengepolitikken.

Norges Banks operative gjennomføring av pengepolitikken skal i samsvar med første ledd rettes inn mot lav og stabil inflasjon. Det operative målet for pengepolitikken skal være en årsvekst i konsumprisene som over tid er nær 2,5 pst.

Det skal i utgangspunktet ikke tas hensyn til direkte effekter på konsumprisene som skyldes endringer i rentenivået, skatter, avgifter og særskilte, midlertidige forstyrrelser.

§ 2.

Norges Bank skal jevnlig offentliggjøre de vurderingene som ligger til grunn for den operative gjennomføringen av pengepolitikken.

§ 3.

Den norske kronas internasjonale verdi fastlegges på grunnlag av kursene i valutamarke-

§ 4.

Norges Bank gir på statens vegne de meddelelser om kursordningen som følger av deltaelse i Det internasjonale valutafond, jf. lov om Norges Bank og pengevesenet § 25 første ledd.

II

Denne forskrift trer i kraft straks. Samtidig oppheves forskrift av 6. mai 1994 nr. 0331 om den norske kronas kursordning.

Den langsiktige oppgåva til pengepolitikken er å medverke til å gi økonomien eit nominelt ankerfeste. Låg og stabil inflasjon er ein viktig føresetnad for at økonomien over tid fungerer på ein måte som medverkar til vekst og velstand. Forskrifta etable-

rer eit fleksibelt inflasjonsmål for pengepolitikken. På kort og mellomlang sikt må pengepolitikken vege omsynet til låg og stabil inflasjon mot omsynet til stabilitet i produksjon og sysselsetting.

4.2.3 Noregs Banks vurderingar av utøvinga av pengepolitikken i 2006*4.2.3.1 Verkemiddel og avvegingar i pengepolitikken*

Noregs Bank påverkar den økonomiske utviklinga ved å fastsetje rentene på innskota og låna bankane har i Noregs Bank. Renta på bankinnskott over natta i Noregs Bank – foliorenta – er det viktigaste verkemiddelet i pengepolitikken. Folio- renta har erfaringsmessig nokså sterkt gjennomslag på dei heilt kortsiktige pengemarknadsrentene, det vil seie dags- og vekesrentene. Marknadsrentene med lengre løpetider blir òg påverka av korleis marknadsaktørane ventar at foliorenta vil utvikle seg i framtida. Marknadsaktørane sine forventningar til foliorenta er avhengige av kva aktørane trur om sentralbanken sitt handlemønster i pengepolitikken og om den økonomiske utviklinga. Marknadsrentene verkar inn både på kronkursen, prisane på verdipapir, bustadprisane, etterspørselen etter lån, investeringar og forbruk. Noregs Banks styringsrente kan òg påverke forventningane om framtidig inflasjon. Gjennom alle desse kanalane har renta innverknad på dei samla etterspørsels- og produksjonsforholda og på prisar og lønner.

Det operative målet for rentesettinga er at veksten i konsumprisane over tid skal vere nær 2,5 prosent. Målet er framoverretta. Noregs Bank rår ikkje over verkemiddel som til kvar tid kan sikre eit bestemt nivå på inflasjonen. Noregs Bank seier mellom anna følgjande om dette i årsmeldinga for 2006:

«Pengepolitikken verkar med eit tidsetterslep. Noregs Bank set renta med sikte på å stabilisere inflasjonen nær målet på mellomlang sikt. Den aktuelle horisonten vil vere avhengig av forstyrringane som økonomien er utsett for, og korleis desse vil verke inn på utviklinga i inflasjon og realøkonomi framover.»

Noregs Bank offentliggjør regelmessig analyser og vurderingar av utsiktene for økonomien. Tre gonger i året blir Pengepolitisk rapport (tidlegare Inflasjonsrapporten) publisert samtidig med renteavgjerda. Rapporten omfattar hovudstyret sine pengepolitiske vurderingar og prognosar. I årsmeldinga seier Noregs Bank mellom anna følgjande om dei pengepolitiske rapportane og banken sin renteprognose:

«Noregs Bank ønskjer at aktørane i økonomien i størst mogleg grad kan føresjå pengepolitiske avgjerder. Noregs Bank offentliggjør regelmessig vurderingar av utsiktene for økonomien ute og heime og utsiktene for styringsrenta. Når aktørane skjønar sentralbankens handlingsmønster, dannar det eit grunnlag for at marknadsrentene reagerer stabiliserande på ny informasjon om den økonomiske utviklinga. [...]

Sidan Inflasjonsrapport 3/2005 har Noregs Bank publisert sin eigen renteprognose. Frå å nytte tekniske føresetnader eller vurderingar frå andre, har Noregs Bank teke eigarskap over rentebana. I Pengepolitisk rapport vert det publisert ein renteprognose som gir ei rimeleg avveging mellom omsynet til å bringa inflasjonen opp mot målet og omsynet til å stabilisera utviklinga i produksjon og sysselsetjing.»

På kort og mellomlang sikt må ein i utøvinga av pengepolitikken vege omsynet til låg og stabil inflasjon mot omsynet til stabilitet i produksjon og sysselsetjing. For at pengepolitikken skal vere truverdig med dei føresetnadene Noregs Bank har om den økonomiske utviklinga, må renteprognoisen til banken gi ei rimeleg avveging mellom dei omsyna pengepolitikken skal ta. Når det er tillit til at Noregs Bank ønskjer å følgje den rentebanen banken publiserer, blir verknaden av pengepolitikken styrkt. Noregs Bank har utarbeidd eit sett med kriterium for å vurdere kva som er ei tilpassa framtidig utvikling i renta. Det blei første gong gjort greie for kriteria i Noregs Banks Inflasjonsrapport 1/05. Kriteria blei noko endra i Pengepolitisk rapport 1/07 der det heiter:

«Det operative målet for pengepolitikken er lav og stabil inflasjon med en årsvekst i konsumprisene som over tid er nær 2,5 prosent. Følgende hovedkriterier bør være oppfylt for prognosen for den fremtidige renteutviklingen:


1. Renten bør settes slik at inflasjonen stabiliseres nær målet på mellomlang sikt. Den aktuelle horisonten vil avhenge av forstyrrelsene økonomien er utsatt for og hvordan de vil virke inn på forløpet for inflasjon og realøkonomi fremover.
2. Rentebanen bør gi en rimelig avveing mellom forløpet for inflasjonen og forløpet for kapasitetsutnytingen.

I avveingen tas det hensyn til at formuespriser som eiendomspriser, aksjekurser og kronkursen også kan påvirke utsiktene for produksjon, sysselsetjing og inflasjon. Under forutsetning av at kriteriene over er oppfylt, er følgende tilleggskriterier til nytte:

3. Utviklingen i renten bør gi en akseptabel utvikling i inflasjon og produksjon også med alternative, men ikke urealistiske forutsetninger om den økonomiske utviklingen og økonomiens virkemåte.
4. Renten bør normalt endres gradvis og konsistent med bankens tidligere reaksjonsmønster.
5. Som en kryssjekk for rentesettingen bør eventuelle store og systematiske avvik fra enkle pengepolitiske regler kunne forklares.»

4.2.3.2 Pengepolitikken i 2006

Pengepolitikken i 2006 må sjåast med bakgrunn i utviklinga dei føregåande åra. I mars 2004 kom styringsrenta ned i 1,75 prosent og blei verande på dette nivået ut året. Inflasjonen blei svært låg gjennom heile 2004 og var låg også i 2005. Sidan for sommaren 2005 har pengepolitikken vore innretta mot at styringsrenta gradvis – i små og ikkje hyppe skritt – skal setjast opp mot eit meir normalt nivå. I inflasjonsrapporten frå november 2005 anslo Noregs Bank at prisveksten ville ta seg gradvis opp, og nærme seg målet i 2008. Produksjonsgapet – dvs. forskjellen mellom det faktiske nivået på produksjonen i økonomien og nivået som kan gå saman med stabil inflasjon over lengre tid – var venta å auke til om lag 1 prosent i 2006, for så å minke i åra framover. Ved inngangen til 2006 var norsk økonomi inne i det tredje året med ein klar oppgang. Kapasitetsutnyttinga var noko over det normale nivået.



Figur 4.1 Styringsrenter i einsskilte land. 1. januar 2001 – 16. mars 2007. Prosent

Kjelder: Reuters (EcoWin) og Noregs Bank.

Analysane i Inflasjonsrapport 3/05 tilsa ein renteauke i løpet av første kvartal 2006, på rentemøtet i januar eller mars, og vidare renteaukar etter dette. Etter *rentemøtet 25. januar* 2006 blei renta halden uendra på 2,25 prosent. Hovudstyret konkluderte med at risikofaktorane på kvar side var blitt noko meir markerte, men at det samla sett ikkje var grunnlag for å endre vurderingane av utsiktene for norsk økonomi.

Etter *rentemøtet 16. mars* blei renta heva med 0,25 prosentpoeng, til 2,50 prosent. Fram mot dette rentemøtet hadde prisveksten jamt over vore lågare enn venta. Samtidig var veksten i produksjonen sterk, og sysselsetjinga steig raskare enn venta. Analysane i Inflasjonsrapport 1/06, som blei offentleggjort same dag, innebar at renta skulle først tilbake mot eit normalt nivå. Renteprognozen låg nær prognosen i Inflasjonsrapport 3/05. Hovudstyret peika på at framleis høg vekst i produksjon og sysselsetjing ville føre til høgare pris- og kostnadsvekst, men at det kunne ta tid. Omsynet til å føre inflasjonen tilbake mot målet og forankre inflasjonsforventningane tilsa at den ekspansive pengepolitikken skulle halde fram.

Hovudstyret heva den øvre og nedre grensa i strategiintervallet for renta dei komande fire månadene med 0,25 prosentpoeng jamført med perioden før. Dersom den økonomiske utviklinga blei om lag som anslått, skulle foliorenta dermed liggje i intervallet 2,25–3,25 prosent i perioden fram til neste inflasjonsrapport blei lagd fram i slutten av juni 2006.

Fram mot *rentemøtet 26. april* steig sysselsetjinga raskare enn venta. Veksten i kreditt og bustadprisar var sterk. Oljeprisen og andre råvareprisar tok seg ytterlegare opp. Utviklinga i konsumprisane hadde vore som venta. Samtidig var kronekursen sterkare enn det som var lagt til grunn. Hovudstyret meinte at det samla sett ikkje var tilstrekkeleg grunnlag for å endre utsiktene for inflasjon og produksjon eller vurderinga av risikofaktorane. Renta blei halden uendra på 2,50 prosent.

Ny informasjon fram mot *rentemøtet 31. mai* stadfesta at aktiviteten i norsk økonomi var høg. Sysselsetjinga auka raskare, og arbeidsløysa fall meir enn venta. Hovudstyret peika på at det no var teikn til kapasitetsskrankar i fleire verksemdar. Det var venta at Noreg sine handelspartnarar ville heve rentene ytterlegare. Veksten i konsumprisane hadde teke seg raskare opp enn venta på grunn av ein markert auke i energiprisane. Utanom energivarer var prisveksten framleis låg. Det var sannsynleg at den vedvarande høge veksten i produksjon og sysselsetjing ville føre til høgare pris- og kost-

nadsvekst, men det kunne ta tid. Renta blei heva med 0,25 prosentpoeng til 2,75 prosent.

I pressemeldinga etter *rentemøtet 29. juni* peika hovudstyret på at veksten i økonomien var sterk og kapasitetsutnyttinga høgare enn tidlegare venta. Arbeidsløysa fall no raskt. Den sterke veksten og tilstramminga i arbeidsmarknaden var hovudårsaka til at renteprognozen i Inflasjonsrapport 2/06, som blei lagd fram same dag, var om lag 0,25 prosentpoeng høgare for 2007 og 2008 enn i den førre rapporten frå mars.

Hovudstyret vurderte at renta i referansebanen var tilstrekkeleg låg til å bidra til at inflasjonen kunne tilta og nærme seg målet på 2,5 prosent, samtidig som renta auka tilstrekkeleg til å motverke at kapasitetsutnyttinga blei for høg. Det var venta at produksjonsgapet ville halde seg positivt gjennom perioden. Ein gradvis renteauke ville etter kvart dempe veksten i etterspørselen. Inflasjonen var venta å vere nær målet på 2,5 prosent på tre års sikt.

Hovudstyret sin pengepolitiske strategi tilsa ei foliorente i intervallet 2,75–3,75 prosent i perioden fram til neste inflasjonsrapport i november, gitt at den økonomiske utviklinga blei om lag som venta. I første halvår av 2006 blei renta auka to gonger med 0,25 prosentpoeng. Hovudstyret si vurdering var at renta ville auke vidare om lag i same takt. Renta blei halden uendra på 2,75 prosent etter rentemøtet 29. juni.

I pressemeldinga etter *rentemøtet 16. august* peika hovudstyret på at kapasitetsskrankar og mangel på kvalifisert arbeidskraft var ei stadig større utfordring i fleire verksemdar. Den samla konsumprisveksten hadde utvikla seg om lag som venta. Kronekursen hadde svekt seg noko, men var framleis ganske sterk. Hovudstyret meinte at det samla sett ikkje var grunnlag for å endre utsiktene for inflasjon og produksjon eller vurderinga av risikofaktorane. I tråd med strategien blei renta heva med 0,25 prosentpoeng til 3 prosent.

Hovudstyret heldt renta uendra etter *rentemøtet 27. september*. Hovudstyret peika på at det var lite ledige ressursar i norsk økonomi. Arbeidsmarknaden var blitt vesentleg strammare, og det var fleire teikn til at lønnsveksten ville tilta. Utviklinga i samla etterspørsel, produksjon og sysselsetjing trekte i retning av ei høgare rente. Samtidig hadde veksten i konsumprisane gått ned, og prisveksten utanom energivarer var uventa låg. Hovudstyret si vurdering var at strategien frå inflasjonsrapporten og ny informasjon samla sett tala for at renta blei halden uendra på 3 prosent.


Etter *rentemøtet 1. november* blei renta heva med 0,25 prosentpoeng til 3,25 prosent. Oppgån-

gen i norsk økonomi var sterkare enn tidlegare venta, og kapasitetsutnyttinga i økonomien hadde auka. Sysselsetjinga steig raskt, og arbeidsløysa var no på linje med nivået under førre høgkonjunktur på slutten av 1990-talet. Den underliggjande prisveksten hadde vore lågare enn venta dei siste månadene, men fleire faktorar tala for at inflasjonen etter kvart ville stige. Kronekursen hadde svekt seg frå sterke verdjar. Det var teikn til avmatning i USA, men det såg likevel ut til at veksten i verdsøkonomien ville halde seg oppe.

Renteprognozen i Inflasjonsrapport 3/06, som blei lagd fram same dag, var om lag 0,50 prosentpoeng høgare enn renteprognozen i inflasjonsrapporten frå juni, målt som gjennomsnitt for åra 2007 og 2008. Låg prisvekst og utsikter til relativt moderat vekst i lønnskostnadene i 2006, sterk konkurranse i produktmarknadene, høg produktivitetsvekst og ein auke i importdelen frå lågprisland trekte isolert sett i retning av ein lågare rentebane. Den uventa sterke oppgangen og høge kapasitetsutnyttinga i norsk økonomi gav ifølgje banken likevel grunn til å vente at kostnadsveksten ville tilta framover. Saman med ein svekt kronekurs trekte dette i retning av ein høgare rentebane. Med ei renteutvikling som lagd til grunn i referansebanen blei det venta ein vidare auke i kapasitetsutnyttinga og ei ytterlegare tilstramming i arbeidsmarknaden. Samanlikna med den førre inflasjonsrapporten blei det venta at auken i inflasjonen kunne kome noko seinare. Det var utsikter til at inflasjonen ville vere nær målet på 2,5 prosent på tre års sikt.

Ei foliorente i intervallet 3,25–4,25 prosent i midten av mars 2007 gav etter hovudstyret si vurdering ei rimeleg avveging mellom omsynet til å nå inflasjonsmålet og omsynet til stabilitet i realøkonomien. Renta kunne gradvis setjast opp mot eit meir normalt nivå, noko raskare enn hovudstyret til no hadde sett for seg, «men neppe ved kvart rentemøte». Slik hovudstyret såg det, ville renta dermed framleis aukast i små og ikkje hyppige skritt. Figur 4.2 viser faktisk foliorente og intervall for foliorenta ved utgangen av kvar strategiperiode.

Fram mot *rentemøtet 13. desember* var ny informasjon sidan det førre rentemøtet ifølgje Noregs Bank i hovudsak i samsvar med prognosane i Inflasjonsrapport 3/06. Sysselsetjinga steig raskt, og arbeidsløysa hadde falle markert. Stadig fleire verksemdar opplevde mangel på arbeidskraft. Lønnsveksten såg ut til å tilta, og prisveksten hadde vore noko høgare enn venta. Kronekursen var noko sterkare enn det som var lagt til grunn. Hovudstyret si vurdering var at strategien frå infla-



Figur 4.2 Faktisk foliorente og intervall for foliorenta ved utgangen av kvar strategiperiode.¹

1. januar 2003 – 15. mars 2007. Prosent

¹ Figur 4.2 er lik figur 6 i Noregs Banks årsmelding for 2006. Kjelde: Noregs Bank.

sjonsrapporten og ny informasjon samla tala for at renta blei heva med 0,25 prosentpoeng til 3,50 prosent.

Renteavgjerdene i 2006 var i stor grad venta både av prisstillarane i finansmarknadene og av eit fleirtal av makroøkonomane i norske finansinstitusjonar. Dei førte dermed til moderate rørsler i rente- og valutamarknadene. Den største rørsla var i mai, då styringsrenta blei sett opp med 0,25 prosentpoeng, medan marknadsaktørane var usikre på om renta ville bli auka på rentemøtet i mai eller juni.

Samla blei foliorenta sett opp med 1,25 prosentpoeng i 2006. Foliorenta var ved utgangen av året 3,50 prosent.


I årsmeldinga til Noregs Bank blir rentesetjinga i 2006 samanlikna med ein skilde enkelte rentereglar (Taylor-regelen¹, vekstregelen² og regel med utanlandsk rente³). Slike rentereglar kan ikkje gi meir enn nokre indikasjonar på kva som er rett rente. Om samanlikninga seier Noregs Bank at:

«Gjennom store delar av 2006 var rentene rekna ut frå enkelte pengepolitiske reglar høgare enn Noregs Bank si styringsrente [...]. I infla-

¹ Taylor-regelen: Rente = inflasjonsmål + likevektsrealrente + 1,5*(inflasjon – mål) + 0,5*produksjonsgap.

² Produksjonsgapet blir erstatta med differansen mellom faktisk vekst og trendvekst i økonomien (vekstgapet).

³ Regel med utanlandsk rente = 0,5*Taylorrente + 0,5*penge-marknadsrente hos Noregs handelspartnerar.



Figur 4.3 Tre månaders realrente¹ og den normale realrenta i Noreg. 1. kvartal 1996 – 4. kvartal 2006. Prosent. Kvartalstal

¹ Tre månaders pengemarknadsrente deflatert med tolv kvartalers glidande gjennomsnitt (sentrert) av inflasjonen målt ved KPI. I utrekninga er anslag på KPI frå Pengepolitisk rapport 1/07 lagt til grunn. Figur 4.3 er lik figur 1.5 i Noregs Banks Pengepolitisk rapport 1/07.

Kjelde: Noregs Bank.

sjonsrapport 3/2006 nærma dei seg det faktiske rentenivået.


[...]

I utrekningane er KPI-JAE justert for reduserte maksimalprisar i barnehagar nytta. Etter Noregs Bank si vurdering er den underliggjande prisveksten noko høgare enn det denne indikatoren viser. [...]

Foliorenta til Noregs Bank og den renta som følgjer av dei enkle rentereglane, er viste i figur 4.4.

4.2.3.2.1 Utviklinga i inflasjon, produksjon og sysselsetjing og inflasjonsforventningar

Konsumprisane (KPI) auka i gjennomsnitt med 2,3 prosent frå 2005 til 2006, medan veksten justert for avgiftsendringar og utanom energivarer (KPI-JAE), som er eitt av dei prismåla Noregs Bank brukar for å måle den underliggjande inflasjonen, var 0,8 prosent. Veksten i KPI-JAE fall frå byrjinga av 2006 og fram mot sommaren. Tolvmånadersveksten i august på 0,4 prosent var den lågaste på to år. Etter den tid har veksten i KPI-JAE teke seg opp att, og tolv månadersveksten var 1,0 prosent i både desember 2006 og januar 2007. I årsmeldinga for 2006 skriv Noregs Banks følgjande om utviklinga i underliggjande inflasjon i 2006:



Figur 4.4 Foliorente, Taylor-rente, vekstregel og regel med utanlandsk rente.¹ 1. kvartal 2000–4. kvartal 2006. Prosent

¹ Her er KPI-JAE justert for berekna verknad av reduserte maksimalprisar i barnehagar nytta som mål på inflasjonen. Andre mål på underliggjande inflasjon, som har vore over KPI-JAE, ville gitt ein høgare rentebane. Figur 4.4 er lik figur 22 i Noregs Banks årsmelding for 2006.


Kjelde: Noregs Bank.

«Ser ein vekk frå utviklinga i energiprisane, blei prisveksten markert lågare enn venta, trass i den sterke utviklinga i realøkonomien. [...] Andre indikatorar for underliggjande inflasjon låg noko høgare enn KPI-JAE. I slutten av 2006 blei den underliggjande inflasjonen vurdert å vere i eit intervall frå knapt 1¼ prosent til opp mot 1¾ prosent.

Prisane på importerte konsumvarer fall med 0,5 prosent frå 2005 til 2006. Dette var om lag som venta. Prisveksten på innanlandske varer og tenester blei derimot vesentleg lågare enn venta. I Inflasjonsrapport 3/2005 såg Noregs Bank for seg ein innanlandsk prisvekst på om lag 2,5 prosent i 2006. Den faktiske prisveksten blei 1,6 prosent, korrigert for effekten av maksimalpris i barnehagane frå januar 2006 [...].»

Figurane 4.5 og 4.6 syner utviklinga i veksten i KPI og KPI-JAE dei siste åra samt Noregs Banks uvisseintervall for den underliggjande prisveksten.

Noregs Bank har i utøvinga av pengepolitikken lagt vekt på KPI-JAE som eit mål for underliggjande inflasjon. Noregs Bank peikar samstundes på at KPI-JAE ikkje er ein fullgod indikator i ein slik samanheng, ettersom han ikkje berre ser bort frå mellombels verknader av endra avgifter og svingingar i energiprisane, men også trendmessige endringar i desse faktorane. Dei siste ti åra har



Figur 4.5 KPI og KPI-JAE.¹ Tolvmånedersvekst. Januar 2002 – februar 2007. Prosent. Månadstal

¹ KPI-JAE: KPI justert for avgiftsendringer og utan energivarer. Det er i tillegg justert for berekna verknad av reduserte maksimalprisar i barnehagar i 2006. Figur 4.5 er lik figur 1.1 i Noregs Banks Pengepolitisk rapport 1/07.

Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank.

KPI-JAE undervurdert den underliggjande inflasjonen fordi energiprisane har auka meir enn andre forbruksprisar og avgiftsnivået er blitt noko høgare. Frå juni 2006 har Noregs Bank starta med å opplyse om utviklinga også for andre mål for den underliggjande inflasjonen enn KPI-JAE og å nemne eit intervall for nivået på den underliggjande inflasjonen i pressemeldingane om renteavgjerdene.

I inflasjonsrapporten i november 2005 anslo Noregs Bank at veksten i KPI-JAE ville vere 1¼ prosent i 2006. Anslaget på veksten i KPI-JAE blei nedjustert til 1 prosent i inflasjonsrapporten i mars 2006 og vidare ned til ¾ prosent i inflasjonsrapportane i juni og november 2006.

Inflasjonsmålet på 2,5 prosent er framoverretta. I årsmeldinga for 2006 skriv Noregs Bank at banken tek sikte på at veksten i konsumprisindeksen (KPI) over tid skal vere nær 2½ prosent, men at konsumprisveksten for eit kortare tidsrom ikkje gir tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere om måla i pengepolitikken over tid er nådde. Noregs Bank ser derfor på ti års glidande gjennomsnitt for årsveksten i konsumprisindeksen, jf. figur 4.7. Om vurderingane av måloppnåinga i pengepolitikken skriv Noregs Bank mellom anna:


«Inflasjonen stabiliserte seg tidleg på 1990-talet etter å ha kome ned frå eit høgt nivå i tiåret før. I tiårsperioden 1997–2006 var den gjennomsnittlege inflasjonen målt ved konsumprisin-

deksen 2,1 prosent. Frå 2001 til 2006 var han 1,9 prosent.

[...]

Sett over tid har inflasjonen vore låg og stabil og halde seg ganske nær, men noko under, 2,5 prosent. Avviket skuldast truleg at økonomien dei siste åra har blitt råka av ei rekkje gunstige forstyrningar på produksjonssida, mellom anna sterk vekst i produktiviteten, god tilgang på arbeidskraft frå andre land og lågare prisvekst på importvarer. Det blir avspegla i at veksten i norsk økonomi har vore sterk og sterkare enn venta, samtidig som inflasjonen har vore låg og lågare enn venta. Det tek derfor også noko lengre tid enn venta før prisveksten tek seg opp.»


BNP-veksten i fastlandsøkonomien har vore om lag 4½ prosent tre år på rad. Låge renter, sterk vekst i oljeinvesteringane og sterk vekst internasjonalt har trekt innanlandsk etterspørsel opp. Aktiviteten og innteninga i fastlandsføretaka er høg, og investeringane har auka betrakteleg. *Sysselsetjinga* aukar no raskt, og arbeidsløysa har felle til eit historisk lågt nivå. Den økonomiske veksten blei av Noregs Bank vurdert til å vere vesentleg høgare enn veksten i produksjonspotensialet gjennom 2006. Anslaget på produksjonsgapet i 2006 blei justert opp frå 1 prosent i Inflasjonsrapport 3/05 og 1/06 til 1½ prosent i Inflasjonsrapport 3/06.



Figur 4.6 Uvisseintervall for underliggjande prisvekst. Høgaste og lågaste indikator.¹ Tolvmånedersvekst. Januar 2002 – februar 2007. Prosent. Månadstal

¹ Høgaste og lågaste indikator av KPI-JAE, vekta median og trimma gjennomsnitt. Figur 4.6 er lik figur 1.2 i Noregs Banks Pengepolitisk rapport 1/07.

Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank.



Figur 4.7 KPI. Glidande 10 års gjennomsnitt og variasjon.^{1,2} 1980–1996.³ Prosent. Årstal

- ¹ Det glidande gjennomsnittet er berekna 7 år tilbake og 2 år fram.
² Bandet rundt KPI er variasjoner i snittperioden, målt ved +/- eitt standardavvik.
³ I berekninga er anslag for 2006–2008 frå Inflasjonsrapport 3/06 lagt til grunn. Figur 4.7 er lik figur 25 i Noregs Banks årsmelding for 2006.

Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank.

Om utviklinga i sysselsetjinga og produksjonskapasiteten i økonomien skriv Noregs Bank følgjande i årsmeldinga for 2006:

«Den økonomiske veksten blei vesentleg høgare enn venta i 2006. [...] Veksten i sysselsetjinga var klart sterkare enn venta i 2006, og arbeidsløysa fall meir enn forventa. Samtidig auka tilgangen på utanlandsk arbeidskraft.»

Eitt av omsyna i pengepolitikken er å bidra til å stabilisere den realøkonomiske utviklinga. Figur 4.8 viser Noregs Bank si berekning av utviklinga i produksjonsgapet og variasjonen i dette frå 1980 til 2006. Variasjonen i gapet er illustrert med bandet rundt anslaget på produksjonsgapet.

Tilliten til inflasjonsmålet kan ein ikkje måle direkte, men om aktørane i økonomien har tillit til at sentralbanken vil nå inflasjonsmålet, vil dei vente at inflasjonen på sikt blir lik målet. I årsmeldinga for 2006 skriv Noregs Bank følgjande om inflasjonsforventningane:

«Erfaringar syner at forventningane om framtidig inflasjon kan halde seg stabile sjølv om prisstigingane svingar ein del, så lenge renta blir brukt aktivt for å dempe utslaga og pengepolitikken blir retta inn mot at inflasjonsmålet blir nådd over tid.


[...]

På oppdrag frå Noregs Bank gjennomfører TNS Gallup kvartalsvise spørjeundersøkingar om forventa inflasjon. Spørjeundersøkinga frå 1. kvartal 2007 tyder på stabile prisforventningar. To år fram i tid ventar økonomar i finansnæringa og academia ein årleg prisvekst på 2,4 prosent [...]. Det gjer også organisasjonane i arbeidslivet. Om fem år ventar økonomane ein prisvekst på 2,4 prosent, mens organisasjonane i arbeidslivet ventar ein prisvekst på 2,6 prosent [...].»

Figur 4.9 viser utviklinga i forventa prisvekst om fem år.

Tal frå Consensus Forecast, som samanstillir ulike institusjonar sine prognosar for konsumprisveksten i Noreg to gonger i året (april og oktober), viser noko lågare inflasjonsforventningar. I oktober 2006 blei konsumprisveksten forventa å vere 2,2 prosent både på fem og ti års sikt.


I årsmeldinga skriv Noregs Bank at indikatorane samla tyder på at det er tillit til inflasjonsmålet. Framleis er forventningane til inflasjonen på kortare sikt noko lågare enn målet, truleg på grunn av den låge konsumprisveksten dei siste åra.



Figur 4.8 Anslag på produksjonsgapet, nivå og variasjon.^{1,2} 1980–2006.³ Prosent

- ¹ Produksjonsgapet måler differansen mellom BNP og anslått potensielt BNP for Fastlands-Noreg.
² Bandet viser variasjon i produksjonsgapet målt ved +/- eitt standardavvik. Variasjon er berekna som gjennomsnittleg standardavvik i ein tiårsperiode, 7 år tilbake og 2 år fram.
³ I berekninga er anslag frå Inflasjonsrapport 3/06 lagt til grunn. Figur 4.8 er lik figur 26 i Noregs Banks årsmelding for 2006.

Kjelde: Noregs Bank.



Figur 4.9 Forventa konsumprisvekst om fem år.¹
2. kvartal 2002 – 1. kvartal 2007. Prosent

¹ Figur 4.9 er lik figur 30 i Noregs Banks årsmelding for 2006. Kjelder: TNS Gallup og Noregs Bank.

4.2.4 Vurderingar frå andre

Sidan Kredittmeldinga 2005 blei lagd fram i april 2006, har det kome fleire nye rapportar som omtalar pengepolitikken:

- Noregs Bank Watch 2007, som blei gjort offentleg 19. februar 2007. Denne rapporten er utarbeidd av ei ekspertgruppe som er oppnemnd av Centre for Monetary Economics (CME), som er tilknytt Handelshøyskolen BI.
- OECD sin landrapport om Noreg, som blei gjort offentleg 30. januar 2007. OECD vurderer pengepolitikken som ein del av ein heilskapleg stabiliseringspolitikk.
- Kredittilsynet sin tilstandsrapport for finansmarknaden i 2006, som blei lagd fram 28. februar i år. Rapporten omtalar pengepolitikken si rolle i vurderingane av utsiktene for finansiell stabilitet.
- Økonomisk utsyn over 2006 frå Statistisk sentralbyrå, som blei gjort offentleg 22. februar i år.

Centre for Monetary Economics ved Handelshøyskolen BI har for åttande gong invitert ei gruppe økonomar til å lage ein Noregs Bank Watch-rapport. Formålet med rapporten er å evaluere utøvinga av pengepolitikken i Noreg. *Noregs Bank Watch 2007*-rapporten seier mellom anna følgjande:

«Based on what we have been able to ascertain, we feel Noregs Bank has shown a good grasp of the issues at hand and has made reasonable choices. [...] the monetary easing of recent

years seems to us generally appropriate, as does the current tightening.»

Samstundes tek gruppa til orde for at det kunne ha vore betre å redusere styringsrenta meir enn det som blei gjort i 2004, men for ein kortare periode.

Noregs Bank Watch 2007 tek til orde for at ein bør greie ut ein ny konsumprisindeks som styringsparameter for innretting av Noregs Banks verkemiddelbruk, og skriv mellom anna:

«[...] The key is that monetary policy should target an index of the prices of goods and services which exhibit significant stickiness, i.e., prices that firms find too costly to adjust flexibly to changing economic conditions, to minimize the need for those prices to adjust. As a practical matter, the idea is to target an index of sticky prices in order to anchor inflation expectations and provide a firm nominal anchor for monetary policy around which flexible prices are free to adjust.

In this manner, inflation targeting makes aggregate output fluctuate much like a flexible-price real business cycle. Although the real business cycle model may have had somewhat limited success in explaining actual business cycles, we consider it an excellent normative benchmark for how the economy can function under monetary policy of successful inflation targeting. Thus, low and stable inflation is not a goal in itself, but an important means to allow the economy to make the best possible use of its resources.

[...] for our evaluation of monetary policy in Norway, we need to consider a small open economy extension of the benchmark model. In principle, the index to target should only include domestically-produced goods and services. In practice, however, especially in the Norwegian context, there may be good reasons to include at least some import prices.»

Noregs Bank Watch ser positivt på Noregs Banks praksis med å publisere eigne rentebanar. Samstundes tek gruppa til orde for at Noregs Bank også bør vere meir eksplisitte på korleis ein kjem fram til prognosen for valutakursutviklinga. Vidare fremjar gruppa enkelte forslag om produksjon av korttidsstatistikk som grunnlag for den pengepolitiske styringa. Dette dreier seg mellom anna om månadleg publisering av alternative mål på underliggjande inflasjon, eit auka utval for Statistisk sentralbyrås arbeidskraftundersøking (AKU), samt meir statistikk om utviklinga for lønner, produktivitet og kapasitetsutnytting. Noregs Bank Watch meiner vidare at Noregs Bank bør publisere referat og stemmegiving frå hovudstyremøta, og at dei

eksterne medlemmene av hovudstyret bør få auka tilgang til å uttale seg offentleg.

Norges Bank Watch 2007 tilrår også fleire endringar i det institusjonelle rammeverket for pengepolitikken. Mellom anna føreslår gruppa at ein tek ut tilvisinga til valutakursen i forskrifta, at ein set ned det operative målet for prisstiginga og at ein fjernar føreleggingsplikta og instruksjonsretten frå sentralbanklova. Her går vi ikkje nærmare inn på tilrådingane frå gruppa. Fleire av dei same punkta er òg drøfta i Norges Bank Watch-rapportar frå tidlegare år, nokre av dei med andre konklusjonar. Bakgrunnen for rammeverket for pengepolitikken er det gjort greie for i fleire stortingsdokument, jf. St.meld. nr. 29 (2000–2001) og Ot.prp. nr. 81 (2002–2003).

I OECD sin *Economic Survey* om Noreg, som blei lagd fram 30. januar 2007, viser OECD til den sterke økonomiske veksten i Noreg dei siste åra. OECD peikar mellom anna på at arbeidsløysa er låg og nærmar seg den historiske faresona for lønnsinflasjon, og at stadig fleire føretak har tilsetjingsvanskar. I rapporten heiter det følgjande om kva denne utviklinga kan ha å seie for pengepolitikken:

«[...] During the last upswing, price and cost inflation surged suddenly at the peak of the cycle, and this feature of the Norwegian economy may well remain present. Whether the forces of globalisation have reduced this risk remains untested. Hence, *Norges Bank should stand ready to tighten faster than it currently envisages if wage growth picks up faster than expected, as could happen with the Spring 2007 wage rounds.*»

OECD viser til at norsk økonomi dei siste åra har kunna nyte godt av den auka globaliseringa, mellom anna i form av auka import frå lågkostnadsland, sterk konkurranse i mange produktmarknader og betydeleg arbeidsinnvandring. Tilrådinga frå OECD om pengepolitikken framover er likevel klar:

«Policy should assume that the structure of the economy has not really changed, and withdraw monetary stimulus relatively quickly, aiming at anchoring inflation expectations on target and at the same time stabilising the real economy.»

OECD skriv vidare følgjande om horisonten for pengepolitikken:

«If benign supply side shocks persist and inflation expectations are well anchored at the target Norges Bank should perhaps allow itself longer than 3 years to reach its inflation target,

while raising interest rates now in order to stabilise the economy.»

OECD er positiv til at Noregs Bank har publisert renteprognozen sin sidan Inflasjonsrapport 3/05 og skriv følgjande om effekten dette kan ha for finansiell stabilitet:

«By publishing its future interest path [...] the Bank is better positioned to convey the message that the low interest rate level will not prevail, besides improving the predictability of policy and its ability to influence inflation expectations more generally.»

Kvart år gir *Kredittilsynet* ut ein tilstandsrapport for finansmarknaden. I tilstandsrapporten for 2006, som blei lagd fram 28. februar 2007, gjer ein ei vurdering av utsiktene for finansiell stabilitet. Kredittilsynet skriv mellom anna følgjande om pengepolitikken og den store auken i bustadprisane:

«Lav prisstigning bidro til ekspansiv pengepolitikk også i 2006. [...] Mens pengepolitikken har stimulert investerings- og aktivitetsveksten i økonomien i flere år, var det først i 2006 at veksten også ga seg utslag i arbeidsmarkedet.

[...]

Til tross for at Norges Bank økte rentene og signaliserte en noe raskere renteheving, stimulerte det lave nivået på nominelle renter og realrenter etter skatt både bolig- og kredittetterspørselen også i 2006. Den tiltakende boligprisveksten i 2006 viste trolig også effekter av strukturelle endringer, med innovasjoner på tilbudssiden i kredittmarkedet og endringer i måten husholdningene tilpasser seg i boligmarkedene.»

Ein nærmare omtale av utsiktene for finansiell stabilitet er gitt i kapittel 2.

Statistisk sentralbyrå peikar i Økonomisk utsyn over året 2006 på at høgkonjunkturen i norsk økonomi forsterka seg gjennom 2006. Dei viser til at den høge veksten dei siste åra har skjedd samstundes som prisstiginga har halde seg svært låg, og utan at lønnsveksten har skote fart. Statistisk sentralbyrå skriv at renteprognozar gjer pengepolitikken meir føreseieleg og gjer det lettare å prøve anslaga i ettertid. Om utfordringane for pengepolitikken framover skriv Statistisk sentralbyrå mellom anna følgjande:

«Dersom det likevel kommer sterke ekspansive bidrag fra finanspolitikken, blir behovet for innstramming i pengepolitikken større. Handlingsrommet på dette området vil avhenge av utviklingstrekk internasjonalt. Dersom oppgangen i utlandet fører med seg økte styringsrenter, er det gode muligheter for å innrette

pengepolitikken i Norge med sikte på å dempe høykonjunktura, uten at valutakursen endres vesentlig. Dilemmaet i gjennomføringen av pengepolitikken blir vesentlig større i en situasjon der Norge og handelspartnerne kommer i ulike konjunkturfaser, og høye oljepriser i større grad skyldes forhold på tilbudssiden. Da vil Norges Bank ha større vansker med å motvirke en oljedrevet stimulans i norsk økonomi uten at det rammer tradisjonelt konkurranseutsatt næringsliv.»

4.2.5 Departementet sine vurderingar

Forskrifta for pengepolitikken, som blei fastsett 29. mars 2001, ligg fast. Det var brei semje i Stortinget om retningslinjene for pengepolitikken. Det synest å vere tillit til pengepolitikken, både blant marknadsaktørar, i dei akademiske miljøa og allment i opinionen. Departementet meiner at dei gjeldande retningslinjene for pengepolitikken utgjør eit godt rammeverk for Noregs Banks utøving av pengepolitikken. Rammeverket er godt i tråd med praksis i andre land med fleksibel inflasjonsstyring som rettesnor for pengepolitikken. Innanfor forskrifta skal Noregs Bank utøve eit sakleg avgrensa skjønn. Ansvarsdelinga mellom dei politiske myndighetene og Noregs Bank er etter departementet si meining formålstenleg.

Forskrifta seier at pengepolitikken skal sikte mot stabilitet i den nasjonale og internasjonale verdien av den norske krona, og dessutan medverke til stabile forventningar om valutakursutviklinga. Pengepolitikken skal samstundes støtte finanspolitikken ved å medverke til å stabilisere utviklinga i produksjon og sysselsetjing.

Pengepolitikken skal rettast inn mot å nå låg og stabil inflasjon. Det operative målet for pengepolitikken er ein årsvekst i konsumprisane som over tid er nær 2,5 prosent. I årsmeldinga for 2006 skriv Noregs Bank mellom anna følgjande om fleksibel inflasjonsstyring:

«Pengepolitikken i Noreg er retta inn mot å nå låg og stabil inflasjon. Det operative målet for pengepolitikken er ein årsvekst i konsumprisane som over tid er nær 2,5 prosent. [...] Det operative målet gir aktørane i økonomien eit ankerfeste for forventningar om framtidig inflasjon. Når det er tillit til inflasjonsmålet, kan pengepolitikken også bidra til å stabilisere utviklinga i produksjon og sysselsetjing.

Noregs Bank legg til grunn at inflasjonsstyringa skal vere fleksibel, slik at både variasjon i inflasjon og variasjon i produksjon og sysselsetjing blir lagt vekt på når renta blir sett. Den fleksible inflasjonsstyringa byggjer ei bru mellom

pengepolitikken si langsiktige oppgåve, som er å halde inflasjonen på målet og forankre inflasjonsforventningane, og det meir kortsiktige omsynet til å stabilisere den realøkonomiske utviklinga.»

Budsjettpolitikken og pengepolitikken må saman medverke til ei stabil utvikling i produksjon og etterspørsel. Retningslinjene for den økonomiske politikken inneber at pengepolitikken har fått ei klar rolle i stabiliseringspolitikken. Pengepolitikken kan raskt endrast dersom utsiktene for økonomien blir endra.

Noregs Bank si styringsrente (foliorenta) blei i 2006 auka med til saman 1,25 prosentpoeng, til 3,50 prosent. Renta er framleis relativt låg, sjølv om ho i 2007 er auka vidare til 4 prosent. I Pengepolitisk rapport 1/07 anslår Noregs Bank at foliorenta kjem til å vere om lag 5 prosent ved utgangen av 2007 og om lag 5,25 prosent ved utgangen av 2008.

Gjennom 2006 auka fleire sentralbankar i andre land rentene sine, mellom anna i euroområdet, USA, Storbritannia, Japan, Sverige og Danmark.

Prisveksten var moderat i fjor. I gjennomsnitt auka konsumprisane (KPI) med 2,3 prosent i 2006, mens veksten i konsumprisane justert for avgiftsendringar og rekna utanom energivarer (KPI-JAE) var 0,8 prosent. Veksten i KPI-JAE fall frå byrjinga av 2006 og fram mot sommaren, men tok seg opp igjen i andre halvår. Når ein tek omsyn til effekten av lågare maksimalpris i barnehagane frå 1. januar 2006, var veksten i KPI-JAE i 2006 om lag 1 prosent, dvs. det same som i 2005. I 2006 medverka høgare prisar på transporttenester og tenester innanfor kultur, fritid og helse og dessutan auka husleiger til å trekkje veksten i KPI-JAE opp. Fall i prisane på importerte forbruksvarer som klede, møblar og audiovisuelt utstyr trekte prisveksten ned i fjor.

Det operative målet for pengepolitikken er ein årsvekst i konsumprisane som over tid er nær 2,5 prosent. Pengepolitikken skal vere framoverretta. Noregs Bank set renta med sikte på å stabilisere inflasjonen nær målet på mellomlang sikt. I utøvinga av pengepolitikken i 2006 har Noregs Banks hovudstyre vege omsynet til å bringe inflasjonen opp mot omsynet til å stabilisere utviklinga i produksjon og sysselsetjing. Ifølgje banken sine prognosar i Pengepolitisk rapport 1/07 kjem prisveksten til å liggje nær målet frå 2008.

Utviklinga i KPI varierer mykje frå år til år, mellom anna som følgje av store variasjonar i elektrisitetsprisane. Til dømes var veksten i KPI 1,6 prosent i 2005, og i Pengepolitisk rapport 1/07 anslår Noregs Bank ei samla prisstiging på ¾ prosent i inneverande år. Veksten i den underliggjande infla-

sjonen var låg i fjor og vesentleg lågare enn inflasjonsmålet. Dette var ikkje eit teikn på svak økonomisk utvikling, men mellom anna eit resultat av lågare prisar på importerte forbruksvarer og auka konkurranse i ein del produktmarknader. Ein må ta høgd for dette i vurderingane av korleis pengepolitikken er innretta.

Pengepolitikken skal medverke til *stabilitet i produksjon og sysselsetjing*. Dei betydelege rentekutta frå desember 2002 til mars 2004 har medverka til høg vekst i norsk økonomi dei siste åra. BNP-veksten i fastlandsøkonomien har vore om lag 4½ prosent tre år på rad. God fortjeneste og høg kapasitetsutnytting har medverka til sterk vekst i investeringane til fastlandsføretaka. Saman med ein kraftig auke i oljeinvesteringane har dette trekt den innanlandske etterspørselen opp. Sysselsetjinga aukar no raskt, og arbeidsløysa har kome ned på eit historisk lågt nivå. Stadig fleire næringar melder om problem med å få tak i kvalifisert arbeidskraft, og risikoen for flaskehalsar og kapasitetsproblem i økonomien har auka.

Det er grunn til å vente at den høge aktiviteten i norsk økonomi vil halde fram i 2007. I Noregs Banks Pengepolitisk rapport 1/07 er kapasitetsutnyttinga i norsk økonomi venta å halde seg høg gjennom inneverande år. Produksjonsgapet er anslått til 2¼ prosent i 2007, men fell deretter gradvis i åra framover, ifølgje Noregs Banks prognosar. Biletet er godt i samsvar med anslaga til Statistisk sentralbyrå frå Økonomiske analyser 1/2007. Andre prognosemakarar, som til dømes OECD og Consensus Forecast, har og om lag den same vurderinga av utviklinga i norsk økonomi framover.

Noregs Banks rentesetjing kan òg ha innverknad på *det finansielle systemet*. Den låge renta dei siste åra har truleg medverka til den kraftige oppgangen i *bustadprisane* den siste tida og til at *hushalda si gjeld* har vakse klart sterkare enn inntekta. Noregs Bank har ved fleire høve peika på at analysar av utviklinga i gjeld, formuesprisar og låntakarars evne til å betale gjelda er med i grunnlaget for rentesetjinga.

Det er viktig for hushalda og andre aktørar i økonomien at kommunikasjonen frå Noregs Bank si side om vurderingane som ligg til grunn for renteavgjerdene og om den framtidige renteutviklinga, er klår, slik at ein kan tilpasse seg dette på ein høveleg måte. Noregs Bank sin praksis med å gjere offentleg sin eigen renteprognose, som byrja med Inflasjonsrapport 3/05, er ei positiv utvikling i denne samanhengen. Noregs Banks publisering av eigne anslag for renteutviklinga framover viser på ein tydeleg måte at det låge rentenivået ikkje vil halde fram. Departementet finn grunn til å minne

om at også bankar som gir lån, har ei viktig plikt til å informere låntakarar som kan vere sårbare ved ei auka rente, jf. kapittel 2 om finansiell stabilitet.

Forventningane til framtidig inflasjon nokre år fram i tid ser ut til å vere godt forankra omkring inflasjonsmålet. Etter departementet si oppfatning tyder inflasjonsforventningane på at det er brei tillit til at pengepolitikken over tid vil gi ei prisstiging i samsvar med inflasjonsmålet, jf. avsnitt 4.2.3.

Med utgangspunkt i forskrifta skal pengepolitikken medverke til å *stabilisere forventningane om valutakursutviklinga*. Det operative målet for pengepolitikken er låg og stabil inflasjon. I samsvar med dette er det ikkje fastsett noko bestemt mål for nivået på kronkursen. Utviklinga i kronkursen har likevel vesentleg innverknad på rentesetjinga fordi ho påverkar inflasjon og produksjon, særleg i ein liten, open økonomi som Noreg. I årstala 15. februar 2007 sa sentralbanksjefen at med eit inflasjonsmål følgjer det at Noregs Bank vil vere var for korleis auka renter påverkar kronkursen når prisstiginga er låg. Han sa vidare at renteutviklinga i andre land derfor har innverknad på Noregs Bank si rente.

Uvisse om innrettinga av pengepolitikken kan gi seg utslag i krona. Gjennom 2006 har Noregs Bank tydeleg kommunisert intensjonane bak innrettinga av pengepolitikken. Utslaga i rente- og valutamarknadene har gjennomgåande vore små i samband med rentemøta, og slike utslag er reduserte dei siste åra. Publiseringa av banken sine eigne anslag for renta framover medverkar etter departementet sitt syn til å stabilisere forventningane om valutakursutviklinga.

Den underliggjande prisstiginga i 2006 var låg og vesentleg lågare enn inflasjonsmålet. Den låge inflasjonen var ikkje eit teikn på svak økonomisk utvikling, men i særleg grad eit resultat av prisfall på importerte forbruksvarer og auka konkurranse i ein del produktmarknader. Det synest generelt å vere tillit til inflasjonsmålet. Noregs Bank har anslått at prisstiginga vil kome nær 2,5 prosent frå 2008. I utøvinga av pengepolitikken i 2006 har Noregs Bank måtta vege omsynet til å bringe inflasjonen opp mot 2,5 prosent mot omsynet til å stabilisere utviklinga i produksjon og sysselsetjing. Renta har vore låg i lang tid og gitt vekstimpulsar til økonomien. Noregs Bank sette i løpet av 2006 opp styringsrenta med til saman 1,25 prosentpoeng, til 3,50 prosent. Hittil i 2007 er renta auka vidare til 4 prosent. Noregs Bank har anslått at renta framover gradvis vil bli sett opp, til om lag 5 prosent ved utgangen av 2007 og om lag 5,25 prosent ved utgangen av 2008, men anslaga er usikre. Etter ei samla vurdering har departementet ingen

vesentlege merknader til Noregs Banks skjønnsutøving i pengepolitikken i 2006.

4.3 Rekneskap og budsjett for 2006

4.3.1 Balansen 31. desember 2006

Tabell 4.1 og 4.2 viser Noregs Banks balanserekneskap ved utgangen av 2006, samanlikna med tilsvarende tal for 2005.

4.3.1.1 Noregs Banks aktiva

Brutto internasjonale reservar utgjer 354,1 milliardar kroner og inneheld mellom anna obligasjonar med gjenkjøpsavtalar. Gjenkjøpsavtalane må sjåast i samanheng med innlån frå utlandet, som medrekna pådregne renter utgjer 99,3 milliardar kroner. Netto internasjonale reservar utgjer 254,6 milliardar kroner.

Amerikanske dollar utgjorde 32,1 prosent og euro 40,4 prosent av valutareservane ved utgangen av 2006, mot respektive 36,6 prosent og 40,4 prosent året før.

Eigedomsmasse, maskinar og inventar utgjorde 1,4 milliardar kroner pr. 31. desember 2006.

4.3.1.2 Noregs Banks passiva

Setlar og mynt i omløp auka i 2006 med 2,9 milliardar kroner til 54,8 milliardar kroner. Innskot frå statskassa auka i 2006 med 50,1 milliardar kroner til 159,7 milliardar kroner. Eigenkapitalen auka med 5,5 milliardar kroner til 74,1 milliardar kroner.

Etter resultatdisponeringa for 2006 utgjer kursreguleringsfondet 73,0 milliardar kroner.

Statens pensjonsfond – Utland er plassert som kroneinnskot på særskild konto i Noregs Bank. Noregs Bank plasserer desse midlane særskilt i bankens namn i aktiva som er denominerte i utlandsk valuta. Forvaltninga i 2006 har vore i samsvar med forskrift for forvaltning av Statens petroleumsfond, fastsett med heimel i «lov av 22. juni 1990 nr. 36 om Statens petroleumsfond» § 7. Fondet utgjorde 1 782,1 milliardar kroner pr. 31. desember 2006.

4.3.2 Resultatrekneskapen for 2006

Noregs Bank hadde i 2006 eit overskot etter kursreguleringar på 5,5 milliardar kroner, mot eit overskot på 21,3 milliardar kroner året før. Hovudårsaka til dette er styrking av den norske krona mot dei fleste hovudvalutaene i valutareservane. I alt utgjer dette eit kurstap i 2006 på 5,0 milliardar kroner, mot ein kursgevinst i 2005 på 8,1 milliardar kroner.

Tabell 4.1 Eigedelane til Noregs Bank 31. desember 2006 i millionar kroner

Eigedelar	2006	2005
<i>Utanlandske finansielle eigedelar:</i>		
Verdipapir og innskot	259 093	219 137
Utlån	90 712	94 489
Fordringar på Det internasjonale valutafondet	4 132	4 537
Sum internasjonale reservar	353 937	318 163
Andre utanlandske fordringar	146	113
Sum utanlandske fin. eigedelar ekskl. Statens pensjonsfond – Utland	354 083	318 276
<i>Innanlandske finansielle og andre eigedelar:</i>		
Utlån bankar o.a.	55 647	25 404
Andre innanlandske fordringar	2 937	1 323
Varige driftsmidlar	1 379	1 386
Gullsamling	291	291
Sum innanlandske finansielle og andre eigedelar	60 254	28 403
Sum eigedelar ekskl. Statens pensjonsfond – Utland	414 337	346 683
Plasseringar for Statens pensjonsfond – Utland	1 782 139	1 397 896
Sum eigedelar	2 196 476	1 744 575

Tabell 4.2 Noregs Banks gjeld og egenkapital 31. desember 2006. Millionar kroner

Gjeld og egenkapital	2006	2005
<i>Utanlandsk gjeld:</i>		
Innskot	87	377
Innlån	99 348	61 002
Anna gjeld	402	334
Motverdien av tildelte spesielle trekkrettar	1 575	1 620
Sum utanlandsk gjeld	101 412	63 333
<i>Innanlandsk gjeld:</i>		
Setlar og mynt i omløp	54 838	51 910
Innskot frå statskassa	159 679	109 627
Innskot bankar o.a.	24 030	42 699
Anna gjeld	254	10 488
Sum innanlandsk gjeld	340 213	214 724
Sum gjeld ekskl. Statens pensjonsfond – Utland	340 213	278 057
Innskot Statens pensjonsfond – Utlands kronekonto	1 782 139	1 397 896
Sum gjeld	2 122 352	1 675 953
<i>Eigenkapital:</i>		
Kursreguleringsfond	73 027	67 488
Annan egenkapital	1 097	1 134
Sum egenkapital	74 124	68 622
Sum gjeld og egenkapital	2 196 476	1 744 575

Avkastninga på dei internasjonale reservane utgjer 14,6 milliardar kroner i 2006, mot 28,2 milliardar kroner i 2005.

Netto driftskostnader for Noregs Bank var i 2006 på 605 millionar kroner, mot 691 millionar kroner i 2005.

4.3.2.1 Disponering av resultatet i 2006

Retningslinjene for avsetjing og disponering av Noregs Banks resultat blei fastsette i kgl.res. 7. februar 1986. Retningslinjene er endra fleire gonger, seinast ved kgl.res. 6. desember 2002, og har følgjande ordlyd:

- «Av Norges Banks overskudd avsettes til kursreguleringsfondet inntil dette har nådd 5 prosent av bankens fordringer i norske verdipapirer og 40 prosent av bankens netto valutaeserver unntatt immuniseringsporteføljen og de midler som forvaltes for Statens petroleumsfond, andre fordringer på/forpliktelse overfor utlandet og eventuelt andre engasjementer som av hovedstyret vurderes å ha ikke ubetydelig kursrisiko.
- Immuniseringsporteføljen svarer til den del av Norges Banks valutaeserver som er skilt ut som egen portefølje der avkastning godskrives/belastes staten i samme års regnskap. Det samme gjelder for porteføljen til Statens petroleumsfond. Dersom kursreguleringsfondet er større enn det som følger av forholdstallene nevnt i pkt. 1, første avsnitt, skal det overskytende tilbakeføres til resultatregnskapet.
- Dersom kursreguleringsfondet faller under 25 prosent av bankens netto valutaeserver unntatt immuniseringsporteføljen og de midler som forvaltes for Statens petroleumsfond, og andre fordringer/forpliktelse overfor utlandet ved utgangen av året, skal det tilbakeføres tilgjengelige midler fra overføringsfondet til Norges Banks regnskap inntil kursreguleringsfondet når full størrelse i henhold til punkt 1.
- Eventuelt overskudd etter avsetning til, eller tilførsel fra kursreguleringsfondet, avsettes til overføringsfondet.
- Eventuelle underskudd i Norges Banks regnskap etter disposisjoner nevnt under

- punkt 2 dekkes ved overføringer fra kursreguleringsfondet.
6. Fra overføringsfondet overføres ved hvert årsoppgjør til statskassen et beløp svarende til en tredjedel av innestående midler i overføringsfondet.»

I samsvar med første punkt blir overskotet etter andre disponeringar på 5 539 millionar kroner overført til kursreguleringsfondet. Dersom kursreguleringsfondet skulle ha spegla forholdstala i første punkt i forskrifta, skulle det ha utgjort 101,3 milliardar kroner. Det var ikkje midlar i overføringsfondet, og det blei derfor ikkje overført noko til statskassa.

Tabell 4.3 Noregs Banks resultatrekneskap for 2005 og 2006

<i>Resultatrekneskap</i>	<i>2006</i>	<i>2005</i>
Renteinntekter og utbytte	13 025	9 190
Verdiendring finansielle instrument	6 604	10 985
Kursreguleringar på valuta	-4 985	8 051
Resultat internasjonale reservar	14 644	28 226
Utbytte aksjar i BIS	19	18
Resultat andre utanlandske finansielle instrument	-4 187	-3 214
Resultat innanlandske finansielle instrument	-286	-147
Rentekostnader innanlandske innskot	-4 083	-2 872
Resultat anna finansiell verksemd	-8 537	-6 215
<i>Sum resultat finansiell verksemd</i>	<i>6 107</i>	<i>22 011</i>
Resultat plasseringar for Statens pensjonsfond – Utland	96 236	162 388
Tilført Statens pensjonsfond – Utlands innskotskonto	-96 236	-162 388
Driftsinntekter	1 750	1 384
Driftskostnader	-2 355	-2 075
Netto driftskostnader	-605	-691
Årsresultat	5 502	21 320
Overført frå kursreguleringsfondet	0	0
Overført frå annan eigenkapital	37	72
Til disposisjon	5 539	21 392
Avsett til kursreguleringsfond	-5 539	-21 392
Avsett til overføringsfond	0	0
Avsett til annan eigenkapital	0	0
Sum disponeringar	-5 539	-21 392

5 Verksemda til Kredittilsynet i 2006

Kredittilsynet er det sentrale offentlege organet som fører tilsyn med at finansinstitusjonane innrettar seg etter dei rettslege rammevilkåra som til kvar tid gjeld for finansmarknaden. Mellom anna skal Kredittilsynet sjå til at lover og forskrifter blir følgde.

Kredittilsynet skal, ifølgje kredittilsynslova § 8 andre ledd, kvart år gi Finansdepartementet ei melding om verksemda. I meldinga omtalar Kredittilsynet organisatoriske forhold, rekneskap og generelle spørsmål knytte til tilsynsarbeidet. Vidare blir det gitt ein nærmare omtale av arbeidet innanfor dei ulike tilsynsområda. Årsmeldinga frå Kredittilsynet følgjer denne meldinga som uttrykt vedlegg.

Etter § 1 i kredittilsynslova har Kredittilsynet tilsyn med finansinstitusjonar, under dette forretnings- og sparebankar, liv- og skadeforsikringselskap, private, kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser og pensjonsfond, finansieringsforetak, forsikringsformidlarar, børsar og autoriserte marknadsplassar. Etter kredittilsynslova § 1 nr. 13, jf. verdipapirhandellova § 12-1, har Kredittilsynet ansvar for å føre tilsyn med verksemda til verdipapirforetak og oppgjerssentralar, og tilsyn med at reglane i verdipapirhandellova blir følgde. Det same gjeld kontrollen med eigedomsmeklarar etter eigedomsmeklarlova § 2-7, kontrollen med inkassoverksemd etter lov om inkassoverksemd § 24, kontrollen med forvaltning av verdipapirfond etter lov om verdipapirfond § 8-2, jf. kredittilsynslova § 1 nr. 15, tilsynet med revisorar og revisjonselskap etter kredittilsynslova § 1 nr. 9, tilsynet med sjøtrygdslag, jf. kredittilsynslova § 1 nr. 11 og tilsynet med føretak som driv låneformidling, jf. kredittilsynslova § 1 nr. 7. Kredittilsynet fører tilsyn med rekneskapsførarar etter rekneskapsførarlova § 13. Kredittilsynet fører òg tilsyn med verksemdar til filialar av kreditt- og andre finansinstitusjonar frå andre statar i dei høve slikt tilsyn ikkje blir ført av styresmaktene i heimlandet. Det blir dessutan ført tilsyn med filialar av norske finansinstitusjonar i utlandet.

Kredittilsynet skal etter lova sjå til at dei institusjonane det har tilsyn med, verkar på ein formålsstenleg og trygg måte i samsvar med lov og føresegg-

ner og med det formålet og dei vedtektene som ligg til grunn for kvar einskild institusjon. For å utføre tilsynsoppgåvene, skal Kredittilsynet granske rekneskap og andre oppgåver frå institusjonane og elles gjere dei undersøkingane om deira stilling og verksemd som Kredittilsynet finn nødvendig, jf. kredittilsynslova § 3.

Kredittilsynet blir leidd av eit styre på fem medlemmer, oppnemnt av Kongen for ein periode på fire år, jf. kredittilsynslova § 2 andre ledd. Ein ny periode starta 1. mars 2006.

Styret i Kredittilsynet har i 2006 vore samansett slik:

- Sivilingeniør Finn Hvistendahl, leiar
- Advokat Endre Skjørestad, nestleiar
- Tingrettsdommar Marianne Berg, styremedlem
- Førsteamanuensis Hilde C. Bjørnland, styremedlem
- Advokat Eli Aas, styremedlem
- Førsteamanuensis Mette Bjørndal, første varamedlem
- Avdelingsdirektør Lasse Ekeberg, andre varamedlem

Representantar for dei tilsette:

- Seniorrådgivar Lisbeth Strand
- Seniorrådgivar Angela Nygaard

Fagdirektør i Noregs Bank, Birger Vikøren, har vore observatør i styret. Fagdirektør Arild J. Lund har vore varamedlem.

Om administrasjon og personale heiter det i årsmeldinga:

«Ved utgangen av 2006 var det 202 fast tilsette i Kredittilsynet, mot 196 ved utgangen av 2004. Av dei fast tilsette er det 51 prosent kvinner. Blant dei tilsette har 86 prosent høgare utdanning.

Mens Kredittilsynet hadde 24 medarbeidarar med god erfaring (normalt meir enn fem års arbeid) frå bransjane under tilsyn i 1995, var det fleire enn 50 ved utgangen av 2005.»

Dei samla utgiftene til Kredittilsynet i 2005 var i underkant av 172 millionar kroner, ein auke på 6,8 pst frå 2005. Utgiftene blir dekte ved innkrevjing frå dei tilsynspliktige.

Sjå Kredittilsynet si årsmelding for nærmare omtale av administrative tilhøve o.a. i Kredittilsynet. Årsmeldinga inneheld også Kredittilsynet sitt syn på tilhøva i finansmarknaden og verksemder under tilsyn. Det er vidare gitt ein omtale av ei bru-

karundersøking blant verksemdene som er under tilsyn. Årsmeldinga frå Kredittilsynet følgjer som uttrykt vedlegg til meldinga. Samstundes med årsmeldinga for 2006 la Kredittilsynet fram ein eigen rapport om «Tilstanden i finansmarkedet».

6 Verksemda til Det internasjonale valutafondet (IMF)

6.1 Innleiing

Det internasjonale valutafondet (International Monetary Fund, forkorta IMF) har 185 medlemsland og er ein sentral aktør i det internasjonale økonomiske samarbeidet. IMF er ein sjølvstyrande institusjon under FN-paraplyen. Samarbeidet med FN skjer i første rekkje gjennom Det økonomiske og sosiale rådet i FN (ECOSOC). IMF har eit hovudansvar for å fremje stabiliteten i det internasjonale pengesystemet og er eit forum for internasjonalt samarbeid om penge- og valutapolitiske spørsmål.

Verksemda til IMF er konsentrert om tre hovudaktivitetar: førebygge kriser ved å overvake økonomien i medlemslanda, låne til land med betalingsbalanseproblem eller i krisesituasjonar, og å gi teknisk assistanse. Saman med Verdsbanken spelar IMF ei viktig rolle i arbeidet for å lette gjeldsbetalingane for fattige land og setje dei i stand til betre å nedkjempe fattigdom.

6.2 Organiseringa av IMF, samarbeidet med FN og Verdsbanken, og nordisk-baltisk samordning

6.2.1 Organa i IMF

Det øvste organet i IMF er Guvernørrådet (Board of Governors). Det er sett saman av ein guvernør og ein vararepresentant for guvernøren frå kvart medlemsland. Sentralbanksjefen er norsk medlem i *Guvernørrådet*, mens departementsråden i Finansdepartementet (finansråden) er vararepresentant. Rådet har til vanleg møte ein gong i året, årsmøtet i IMF. Utanom dette gjer Guvernørrådet vedtak ved skriftleg røysting.

Eit styre (Executive Board) på 24 medlemmer, såkalla eksekutivdirektørar, leier arbeidet til dagleg. Dei fem landa som har skote inn den største kapitalen i IMF, det vil seie USA, Japan, Tyskland, Frankrike og Storbritannia, peikar ut kvar sin representant til styret. Resten av styremedlemmene blir valde for toårsperiodar av andre medlemsland eller grupper av land (valkrinsar). Dei fem nordiske og dei tre baltiske landa utgjer ein valkrins. I 2006–2007 er styremedlemmen frå

denne valkrinsen Tuomas Saarenheimo frå Finland. Den europeiske sentralbanken (ESB) har ein observatør i styret i IMF. (Observatøren har ikkje stemmerett, men har rett til å uttale seg i saker som gjeld euroområdet og verksemda til ESB.) Styret blir leidd av ein administrerande direktør (Managing Director), som sidan sommaren 2004 har vore Rodrigo de Rato.

Den internasjonale monetære og finansielle komitéen (International Monetary and Financial Committee, IMFC) har ein viktig funksjon som eit rådgivande organ for Guvernørrådet. Komiteen legg dei politiske føringane for verksemda til IMF. IMFC har medlemmer på minister- eller sentralbanksjefnivå, som anten representerer eitt land eller ein valkrins av land. I 2006–2007 er den finske finansministeren medlem i IMFC for den nordisk-baltiske valkrinsen.

IMFC kjem saman to gonger kvart år (vår og haust) og gir råd om den generelle økonomiske strategien til IMF og kva for økonomiske tema institusjonen skal konsentrere seg om. Viktige spørsmål er korleis ein skal handtere dei internasjonale økonomiske tilhøva, særleg dei som kan true eller skape vanskar for stabiliteten i det internasjonale finansielle systemet. På dei halvårlege møta utformar IMFC også eit kommuniké som samanfattar dei aktuelle økonomiske utfordringane i verdsøkonomien og gir tilrådingar om korleis ein skal møte desse. Kommunikea er mellom anna grunnlaget for dei konkrete råda IMF gir i kvart einskilt tilfelle. I eit møteinnlegg framfører representanten frå den nordisk-baltisk krinsen kva medlemsland i krinsen meiner at IMF bør prioritere i tida framover. Innlegget blir gjort offentleg.

Røystevakta til kvart medlemsland, både i Guvernørrådet og i styret, er avhengig av kor stor kapital landet har skote inn i IMF. Storleiken på kapitalen, eller kvoten, reflekterer i første rekkje kor viktig landet er i verdsøkonomien. USA er den største medlemmen i IMF, og har ei røystevakt på 16,83 prosent. USA kan dermed blokkere vedtak som krev 85 prosent tilslutning. Noreg har ei røystevakt på 0,77 prosent, og den nordisk-baltiske valkrinsen representerer 3,45 prosent av røystene. Hausten 2006 blei det gjennomført ein kvoteauke

for fire land som hadde for låg kvote i forhold til den økonomiske storleiken. Dette førte til at dei andre medlemmene fekk noko lågare stemmevekt. Sjå avsnitt 6.4.2 for nærare omtale.

6.2.2 Organisatorisk samarbeid med FN og Verdsbanken

Utviklingskomiteen (Development Committee, eller The Joint Ministerial Committee of the Boards of Governors of the Bank and Fund on the Transfer of Real Resources to Developing Countries) er ein felles rådgivande ministerkomité for IMF og Verdsbanken. Komiteen er organisert på same måte som IMFC, det vil seie at dei nordiske og baltiske landa har ein felles representant. Komiteen har møte i samband med vår- og årsmøta, og medlemmene er i hovudsak finansministrar eller utviklingsministrar. I 2006–2007 representerer Island valkrinsen. Når Noreg representerer valkrinsen, er det utviklingsministeren som møter. Mandatet til komiteen er å gi IMF og Verdsbanken råd i viktige utviklingsspørsmål, mellom anna i kampen mot fattigdom, og om dei finansielle ressursane som trengst for å fremje økonomisk utvikling i utviklingslanda.

IMF, Verdsbanken og FN møtest jamleg i ECO-SOC. IMF har ein permanent utsending til FN med sete i FN. Hovudoppgåva er å betre kommunikasjonen og samarbeidet mellom IMF og FN.

FN (UN og UNCTAD) har til liks med ei rekkje andre internasjonale organisasjonar og institusjonar observatørstatus på møta i IMFC.

6.2.3 Norsk og nordisk-baltisk samordning

Det er staten som er medlem av IMF. Finansdepartementet har ansvaret for saker som gjeld Noregs medlemskap i IMF. Noregs Bank forvaltar etter § 25 i sentralbanklova det finansielle mellomværet med IMF. På oppdrag frå Finansdepartementet har Noregs Bank ansvaret for det daglege arbeidet med IMF i Noreg. I samråd med departementet lagar banken forslag til norske synspunkt i saker som skal opp i IMF's styre. Desse forslaga blir alltid diskuterte med Finansdepartementet, som tek den endelege avgjerda om kva slags syn Noreg skal fremje overfor dei andre landa i valkrinsen og IMF. Arbeidsdelinga mellom departementet og banken er nedfelt i ei skriftleg forståing. Arbeidet er organisert om lag på same måten i dei andre landa i valkrinsen.

Utanriksdepartementet, som har ansvaret for regjeringa si behandling av verdsbanksaker, blir òg trekt inn i arbeidet. Det skjer gjennom jamleg sam-

ordning av einskilte saker og møte mellom representantar for institusjonane. Det er etablert ei uformell konsultasjonsgruppe mellom Finansdepartementet, Utanriksdepartementet og Noregs Bank om internasjonale økonomiske, finansielle og utviklingspolitiske spørsmål i samband med verksemda til IMF og Verdsbanken. I den grad det har innverknad på verksemda til desse to institusjonane, kan gruppa ta opp spørsmål som er til drøfting i andre internasjonale organisasjonar. Gruppa er eit forum for å utveksle informasjon og for å diskutere spørsmål som har felles interesse. Gruppa møtest til vanleg før møta i IMFC og Utviklingskomiteen.

Noreg praktiserer auka openheit om vår rolle i IMF og har vore pådrivar for auka openheit generelt i IMF. Finansdepartementet legg vekt på å ha god dialog med det sivile samfunnet om IMF-spørsmål. Som eit ledd i dette deltek Finansdepartementet og Noregs Bank saman med Utanriksdepartementet i eit konsultasjonsforum med Forum for utvikling og miljø¹ om multilaterale bank- og finansspørsmål. Formålet med forumet er å bidra til auka innsyn og kunnskap om Noreg si rolle i dei multilaterale finansinstitusjonane. Konsultasjonsforumet planlegg å ha møte to gonger i året, i framkant av vår- og haustmøta til IMF og Verdsbanken.

Landa i nordisk-baltisk valkrins samordnar synspunkta sine på viktige IMF-saker i første rekke gjennom *Den nordisk-baltiske monetære og finansielle komiteen* (Nordic-Baltic Monetary and Financial Committee, NBMFC). Dei norske medlemmene er finansråden og visesentralbanksjefen. Dei andre landa er representerte på eit tilsvarende nivå. NBMFC har til vanleg møte to gonger i året. Komiteen blir i 2006–2007 leidd av Martti Hetemäki, assisterande departementsråd i det finske finansdepartementet.

Det er etablert ei førebuande gruppe for NBMFC (Alternates-gruppa) som er sett saman av representantar for finansdepartementa og sentralbankane i alle landa i den nordiske baltiske valkrinsen. Hovudoppgåva er å førebu sakene som NBMFC skal diskutere. NBMFC kan òg setje ned særskilde arbeidsgrupper for å greie ut spesielle spørsmål.

I samordninga mellom landa i valkrinsen prøver ein å kome fram til felles standpunkt som styre-

¹ Forum for utvikling og miljø (ForUM) er ein offentleg støtta paraplyorganisasjon for norske frivillige organisasjonar med interesse for miljø- og utviklingsspørsmål. ForUM har som overordna mål å bidra til å fremje arbeid for berekraftig utvikling globalt og nasjonalt, og skal vere eit kontaktpunkt mellom norske og internasjonale frivillige organisasjonar.

medlemmen frå gruppa legg fram i IMF's styre. I dei aller fleste sakene blir landa samde. For å bli samde må Noreg, som dei andre landa i valkrinsen, somme gonger vere med på kompromiss. Dersom landa ikkje blir samde, er det fleirtalssynet som blir framført i styret. I slike høve kan mindretalet, dersom «nasjonale interesser» tilseier det, be om at styrerepresentanten framfører også deira syn. Terskelen er høg for å be om dette. Dersom eit land i valkrinsen ikkje aksepterer denne prosedyren, må styrerepresentanten frå nordisk-baltisk valkrins avstå frå å stemme når saka blir behandla i IMF's styre.

Dei halvårlege rapportane som eksekutivdirektøren for dei nordisk-baltiske landa i IMF's styre utarbeider, blir drøfta i NBMFC som del av førebuingane til møta i IMFC. Rapportane tek føre seg verksemda i IMF, der dei viktigaste sakene og dei nordisk-baltiske synspunkta blir presenterte. Rapportane blir publiserte, i Noreg av Finansdepartementet (<http://www.regjeringen.no/nb/dep/fin>) og Noregs Bank (www.norges-bank.no).

6.3 Oppgåvene til IMF

6.3.1 Utforming av ein mellomlangsiktig strategi for IMF

Arbeidet med utforminga av ein mellomlangsiktig strategi for IMF blei starta i 2004. På årsmøtet i 2005 la administrerande direktør fram ein sluttrapport om den mellomlangsiktige strategien som bygde vidare på dei tidlegare grunntankane for organisasjonen. Ein viktig premiss for strategien var dei særskilde opningane og utfordringane som følgjer av ei aukande globalisering, både gjennom auka internasjonal handel med varer og tenester, stadig meir samanhengende internasjonale finansmarknader og auka internasjonal migrasjon. Vektlegging av kjerneområde og kjerneoppgåver blei stadfesta. IMFC slutta seg til den overordna strategien og peika blant anna på at:

- Overvaking av den økonomiske utviklinga bør gjerast meir effektiv, med vekt på selektivitet og djupare analyse innanfor IMF's ansvarsområde.
- Låneordningane må tilpassast dei skiftande behovane i medlemslanda etter kvart som den innanlandske økonomien utviklar seg og landa blir meir integrerte i den globale økonomien.
- IMF's rolle i låginntektsland må utviklast vidare innanfor ramma av FN's tusenårs mål² (Millennium Development Goals). Ei vidare klargjering av ansvarsdelinga overfor Verdsbanken vil

- gjere det mogleg for begge institusjonane å gjere ein endå betre innsats på kjerneområda sine.
- Teknisk assistanse må i aukande grad konsentrerast om dei grunnleggjande institusjonelle forholda som er viktige for at økonomiane skal fungere godt.
- Den mellomlangsiktige budsjettstyringa i IMF må styrkjast.
- Representasjonen frå medlemslanda og innverknad på avgjerdene i dei styrande organa i IMF erog ein del av strategidiskusjonen.

Nordisk-baltisk valkrins deler langt på veg dei grunntankane som har vore styrande for utarbeidinga av den mellomlangsiktige strategien for IMF. Rolla til IMF kan bli endå meir relevant i ei globalisert verd, der landa blir stadig meir gjensidig avhengige av kvarandre. IMF's vektlegging av regional og global økonomisk overvaking vil i denne samanhengen bli endå viktigare. Noreg støttar IMF's planar om å konsentrere seg om kjerneområda og kjerneoppgåvene sine, og meiner at ein klarare grenseoppgang til andre institusjonar – særleg Verdsbanken – vil lette dette.

Styret har ved fleire høve diskutert ulike sider ved overvakingspolitikken i fondet. Dette er nærare omtala i avsnitt 6.3.2.1.

IMFC støtta våren 2006 eit forslag frå administrerande direktør om å etablere ei ny beredskapslåneordning for land som kan bli utsette for finansielle kriser. Ei slik ordning har vore ønskt av framveksande økonomiar i Latin-Amerika og Asia, sjå avsnitt 6.3.3.1.

IMF's administrerande direktør og presidenten for Verdsbanken oppnemnde våren 2006 ein ekstern komité, den såkalla Malan-komiteen, for å vurdere samarbeidet mellom fondet og banken. Komiteen skulle blant anna sjå på ansvars- og arbeidsdelinga når det gjeld rådgiving, långiving og annan assistanse til medlemslanda. Ei klar arbeidsdeling er viktig for å unngå dobbeltarbeid. Komiteen la fram rapporten sin i februar 2007. Der peika ein på at det er mogleg å betre samarbeidet på ei rekkje område. Ein styrkt kontakt mellom avgjerdsorganane og leiinga i dei to institusjonane er viktig for å betre samarbeidskulturen mellom

² FN's tusenårs mål for nedkjemping av fattigdom, sjukdom og miljø-øydelegging blei vedteke av 147 statsleiarar og 191 land i september 2000. Eitt av måla er å halvere ekstrem fattigdom innan 2015. I mars 2002 heldt FN ein stats- og regjeringssjefkonferanse i Monterrey i Mexico med tema Finansiering for utvikling (FfD). Utgangspunktet for konferansen var erkjenninga av at tilgjengelege finansielle ressursar var langt under det som trengst for å realisere tusenårs måla, og at auka politisk støtte var naudsynt for å få tak i dei ressursane som er nødvendige for å realisere måla.

administrasjonane. Ei ukklar arbeidsdeling kjem delvis av at IMF ikkje har avklart kva rolle fondet skal ha i låginntektslanda. Gruppa meinte at IMF gradvis burde avvikle dei meir langsiktige låna sine til desse landa, men halde på kortsiktige lån knytte til problem med betalingsbalansen. Fondet burde i første rekkje arbeide med makroøkonomiske vurderingar og rådgiving, og teknisk assistanse. Dette inneber ikkje ei nedprioritering av IMF's arbeid i desse landa, men heller at fondet må konsentrere innsatsen på område der det har særlege fortrinn i forhold til Verdsbanken.

IMF's samla utlån er blitt kraftig redusert dei siste åra. Renter på utlån er den viktigaste inntektskjelda for IMF. Nedgangen i utlåna har dermed leidd til eit stort inntektsbortfall. Administrerande direktør sette i mai 2006 ned ei ekstern gruppe som skulle kome med forslag til eit inntektssystem som vil sikre langsiktige stabile inntekter for IMF. Gruppa la fram rapporten sin i januar 2007, sjå avsnitt 6.4.1.3.

Frå fleire hald er det teke til orde for at medlemslandas innverknad i IMF's styre betre må reflektere dei endringane som har skjedd i verdsøkonomien dei siste tiåra. Dei framveksande økonomiane har hatt ein sterk økonomisk vekst, noko som skulle tilseie auka stemmevekt i IMF. Samtidig er det viktig å sikre at låginntektslanda får meir innverknad og høgare stemmevekt. IMF's guvernør vedtok på årsmøtet i september 2006 visse prinsipp for endringar i styresettet. Nokre av forslaga krev endringar i IMF's vedtekter. Dette vil ta noko tid, då slike endringar i mange av medlemslanda må godkjennast av nasjonalforsamlinga. Det er lagt opp til at endringane skal ta til å gjelde seinast ved IMF's årsmøte i 2008. Dette er nærare omtala i avsnitt 6.4.2.

6.3.2 Førebygging av kriser

6.3.2.1 Økonomisk overvaking

Grunnlaget for overvakingssystemet er fastsett i vedtektene, og dei gir IMF fullmakt til å konsultere alle medlemmene jamleg. Statuttane slår fast at medlemslanda har ei omfattande informasjonsplikt om økonomiske spørsmål.

Overvakinga byggjer på ein omfattande analyse av penge- og finanspolitikken, finanssektoren og dei strukturelle forholda i medlemslanda. Overvakinga har gradvis blitt utvida som følgje av veksende økonomisk integrasjon gjennom handel og finansstraumar. Integrasjonen har gitt medlemslanda eit betre grunnlag for økonomisk vekst, men samtidig gjort dei meir utsette for alvorlege tilbakeslag.

Overvakingarbeidet legg vekt på å identifisere dei moglege kjeldene til veikskapar i medlemslanda, særleg som følgje av auka handel og finansiell integrasjon med omverda. Ei sentral oppgåve er å vurdere kva dei enkelte landa kan gjere for å kunne møte ulike former for uro på ein betre måte.

Fleire sider ved overvakingspolitikken er blitt vurderte det siste året i samband med implementeringa av den mellomlangtsiktige strategien. IMFC støtta på vårmøtet i 2006 eit forslag frå administrerande direktør om ein særskild prosedyre for multilaterale konsultasjonar. Konsultasjonane kjem til å vere konsentrerte om problemstillingar som pregar verdsøkonomien på ein gjennomgripande måte, og der samordning av politikktiltak frå fleire land/regionar blir nødvendig. Utvalet av land vil variere med valet av problemstilling. Den første runden blei starta sommaren 2006 og omhandlar dei globale ubalansane – dvs. handelsunderskotet i USA og handelsoverskotet i ein del andre land, særleg framveksande økonomiar i Asia og blant oljeeksporterande land. Landa som er med i denne runden, er USA, Japan, euroområdet, Kina og Saudi-Arabia. Etter planen vil rapporten frå denne første runden bli lagd fram før IMFC's vårmøte 2007.

Den nordisk-baltiske valkrinsen støttar initiativet om multilaterale konsultasjonar. Ei styrkt global rolle for IMF er viktig for å fremje samordna løysingar på globale utfordringar. Samtidig må det erkjennast at konsultasjonane er frivillige, og resultatet av dei kjem til å vere avhengig av viljen og evna deltakarane har til å forplikte seg til samordna løysingar. Diskusjonane i dei styrande organa i fondet vil vere eit nyttig supplement til dei regelmessige rapportane om utviklinga i verdsøkonomien, som blir lagde fram to gonger i året.

På vårmøtet i 2006 oppfordra IMFC òg til ein gjennomgang av reglane for den bilaterale overvakinga av medlemslanda – dei såkalla artikkel IV-konsultasjonane. Det formelle grunnlaget er fastsett i vedtektene, ytterlegare spesifisert i eit særskilt vedtak i styret i 1977 om overvakingspolitikken og seinare supplert i samband med dei regelmessige toårige gjennomgangane av politikken. Innrettinga og omfanget av overvakinga har utvikla seg gjennom åra med endringane i dei økonomiske utfordringane til medlemslanda, særleg i samband med auka handels- og finanssamkvem over landegrensene. Praksisen har endra seg, utan at dette fullt ut har resultert i ei samla og enskappleig oppdatering av det formelle regelverket. Administrasjonen i IMF har såleis føreslått at ein klargjer det formelle grunnlaget i forholdet mellom dagens praksis og det formelle regelverket, kodifi-

serer praksisen som har utvikla seg over lang tid, og kommuniserer klarare til omverda kva formålet med overvakingspolitikken er.

Ein førebels diskusjon i styret sommaren 2006 avdekte at revisjonen av regelverket var meir omstridd enn opphavleg venta. Representantane for utviklingslanda og framveksande økonomiar var skeptiske til at revisjonen kunne resultere i meir regelstyrt overvaking. Dei frykta òg auka plikter vis-à-vis IMF som kunne gi opphav til krav om endra politikk, dersom han ikkje er i samsvar med tilrådingane. Dei framheva at erfaringane dei seinare åra viste at dagens ordning hadde vore tilpassingsdyktig og fleksibel, og at det dermed ikkje var nødvendig med ein revisjon. Representantane for industrilanda såg klare fordelar med ein revisjon fordi endra regelverk betre vil avgrense overvakingspolitikken si rolle. Overvakinga skal fremje dialog med medlemslanda og konsentrere seg om samanhengen mellom dei økonomiske måla landa har, politikken og den eksterne stabiliteten. Ho skal framleis ha ei fleksibel innretting som tek omsyn til landa sine eigne føresetnader og økonomisk-politiske avvegingar.

På haustmøtet 2006 oppfordra IMFC til fornyta innsats for å nå ei felles forståing og semje om revidering av overvakingspolitikken. Administrasjonen kom med eit omarbeidd forslag i februar 2007. I forslaget prøvde ein å imøtekomme fleire av innendingane frå førre diskusjon, særleg ved at endringane som blir føreslått, ikkje er utvidingar, men snarare er avgrensingar i dagens praksis. Igjen blei det presisert at tilrådingane frå IMF om den økonomiske politikken ikkje er bindande for landa.

Den nordisk-baltiske valkrinsen støtta forslaget frå administrasjonen i store trekk. Valkrinsen understreka at revisjonen vil fremje grunnleggjande prinsipp som valkrinsen heile tida har argumentert for i samband med den mellomlangsigte strategien. Noreg framheva at revisjonen vil bety at overvakinga blir betre forankra i IMF's formål om å fremje den eksterne stabiliteten i medlemslanda, at ho får eit klarare fokus, og at ho blir meir open. Ei meir open overvaking med omsyn til grunnlag, innhald og tilrådingar vil styrkje effektiviteten og legitimiteten ikkje berre til sjølve overvakinga, men òg til IMF meir generelt.

IMFC bad på vårmøtet 2006 om at det blir utarbeidd ein treårig rullerande plan for både den bilaterale og multilaterale overvakinga. Ein slik plan skal omhandle prioriteringane for overvakinga og vil komplementere arbeidet med å revidere det formelle regelverket. Han kan dermed styrkje den samla effektiviteten og legitimiteten kring overvakinga. At styret presiserer prioriteringane nærare,

kan òg vere ein reiskap for å vurdere om måla for overvakinga blir nådde. Styret og administrasjonen vil derfor kunne stillast til rekneskap for kvaliteten på overvakingspolitikken.

Styret hadde fleire uformelle seminar om dette sommaren 2006. Diskusjonane viste at mange ulike reiskapar allereie dekkjer liknande behov. Oppsummeringane av diskusjonen i styret i samband med dei toårige gjennomgangane av overvakingspolitikken gir signal om forbetringar og omprioriteringar. Administrasjonen utarbeider òg tidvis etter behov særskilde rettleiingar for staben på avgrensa område. Prioriteringar i overvakinga blir i tillegg føreslått i dei halvårlege diskusjonane om arbeidsprogrammet for styret. Styret gir føringar eller fremjar forslag også om nye innfallsvinklar i dei enkelte konkrete styrediskusjonane om land eller verdsøkonomien.

Ein førebels styrediskusjon i august 2006 avdekte at fleire i styret var skeptiske til om ein eigen plan ville bringe noko nytt eller betre enn dagens praksis. Mange av dei ulike metodiske utfordringane blei heller ikkje fullgodt utgreidd, spesielt korleis effektiviteten av overvakinga kunne vurderast. Derfor var det brei semje om at det var for tidleg å trekkje nokon sikre konklusjonar. Samtidig blei det ikkje utelukka at ein slik plan kunne bli ein god styringsreiskap med tida.

Den nordisk-baltiske valkrinsen uttala seg forsiktig positivt til ein slik plan, særleg om han kunne auke effektiviteten og legitimiteten til overvakinga. Ein samla plan kan òg styrkje interessa for overvakinga i breiare lag og kan dermed utfordrast og utviklast vidare. Noreg delte dei same reservasjonane som styret elles om at mange sider ved forslaget enno trong meir utgreiing.

På haustmøtet 2006 uttrykte IMFC at arbeidet måtte vidareførast, og at komiteen skulle gå gjennom status på det neste møtet sitt. Styret diskuterte saka på nytt i februar 2007. Administrasjonen presiserte at ein slik plan i første rekkje inneber at styret kan gi administrasjonen klarare retningslinjer for overvakingspolitikken, samtidig som han blir eit grunnlag for å vurdere kor effektiv denne politikken er. Styret kunne likevel ikkje bli samd om saka, som vil bli teken opp att ved eit seinare høve.

6.3.2.2 Etterleving av standardar og kodar

I samarbeid med Verdsbanken og andre internasjonale organ har IMF utarbeidd standardar og kodar på til saman tolv ulike område³ som til

³ For meir informasjon om standardane på dei ulike områda, sjå <http://www.imf.org/external/standards/index.htm>

dømes finansmarknadsområdet. Etterleving av internasjonalt aksepterte standardar og kodar for såkalla beste praksis er ein viktig faktor for å sikre det økonomiske og finansielle systemet i eit land, og ein føresetnad for eit velordna internasjonalt finansielt system. Det er opp til kvart enkelt land om dei vil følgje desse standardane, men IMF oppfordrar landa sterkt til å ta dei i bruk. Om lag tre firedelar av medlemslanda har fått gjennomført ei vurdering av IMF og Verdsbanken om korleis dei etterlever ein eller fleire av desse standardane (såkalla ROSCs – Report on Standard and Codes). Mange industriland og framveksande økonomiar har gjennomført ei slik vurdering. I dei seinare åra har også ein aukande del av utviklingslanda gjennomført slike vurderingar.

IMF og Verdsbanken har etablert eit særskilt system for vurdering av den finansielle sektoren i medlemslanda, Financial Sector Assessment Program (FSAP). Ein FSAP-prosess omfattar blant anna ei vurdering av implementeringa av ulike standardar innanfor finansmarknadsområdet. Det er frivillig for medlemslanda om dei vil gjennomføre FSAP. Om lag to tredelar av medlemslanda har gjennomført eller sagt seg villige til å gjennomføre FSAP.

6.3.2.3 *Openheit og informasjon om IMF's aktivitetar*

Overvakinga av dei einskilde medlemslanda skjer regelmessig gjennom dei såkalla artikkel IV-konsultasjonane. IMF utarbeider ein rapport som inneholder vurderingar av den økonomiske situasjonen i det aktuelle landet og råd om innrettinga av den økonomiske politikken. IMF har i fleire år oppfordra medlemslanda til å offentleggjere desse landrapportane frivillig. Frå juli 2004 er overvakinga blitt meir open ved at det no blir forventat at medlemslanda offentleggjer desse rapportane. Leiinga i IMF vil heretter ikkje tilrå overfor styret at IMF gir nye lån utover dei normale lånegrensene (såkalla «eksepsjonelle lån») med mindre låntakarlandet samtidig samtykkjer i at dokumenta blir offentleggjorde. Medlemslandet må innan 30 dagar etter styrediskusjonen gi melding om at rapporten kan publiserast. Alle landa i nordisk-baltisk valkrins offentleggjer sine landrapportar.

Noreg og dei øvrige landa i nordisk-baltisk valkrins har vore pådrivarar for at IMF skal utgi ein rapport med oversikt over land som motsett seg offentleggjering av sine landrapportar. I 2005 blei det bestemt at staben i IMF skulle utarbeide regelmessige oversikter over utviklinga i kvar for land som offentleggjer rapportane sine, og status for rapportar der offentleggjering er signalisert, men

forseinkingar har oppstått. Den første oversikta blei offentleggjort i februar 2006, den neste i januar 2007.

Ei meir open haldning både frå IMF og frå medlemslanda er med på å styrkje gjennomføringa av den økonomiske politikken og gjere landa mindre utsette for kriser. Det gjer også regjeringar meir ansvarlege og politikken meir truverdig, og verkar til auka forståing av IMF's rolle og politikk overfor medlemslanda.

IMF har varsla at dei vil gjennomføre ei vurdering av kommunikasjonsstrategien sin. I vurderinga vil ein sjå på kva kanalar IMF bruker for å informere om verksemda si, og kven som er målgruppene. Ikkje minst er IMF interessert i nærare kontakt med parlamentarikarar og sivile interesseorganisasjonar.

6.3.3 **Program og vilkår**

6.3.3.1 *IMF's låneordningar*

Finansieringsfunksjonen til IMF er nær knytt til overvakingfunksjonen. Dei ulike finansieringsordningane må sjåast i samheng med dei oppgåvene institusjonen er pålagt for å fremje økonomisk vekst og stabilitet i valuta- og finansmarknadene.

Medlemsland skal ha tilgang til finansieringsordningar slik at dei kan korrigere mellombels vanskar i betalingsbalansen utan å måtte gripe til tiltak som kan ha uheldige økonomiske konsekvensar for landet sjølv eller for andre land.

IMF gir mellombels finansiering til land med betalingsbalanseproblem dersom landet samtidig går inn i eit økonomisk tilpassings- og reformprogram. Eit slikt program inneheld mellom anna krav – kondisjonalitet – til utforminga av den makroøkonomiske politikken, som skal leggje tilhøva til rette for ei gunstigare økonomisk utvikling og for at kreditorane skal få fornya tillit til landet.

Krava som blir stilte for å få lån, skal medverke til ei berekraftig økonomisk utvikling slik at bruken av IMF's ressursar berre blir mellombels. Låna frå IMF er ikkje sikra utover dei krava som IMF stiller.

Det finansielle ressursgrunnlaget for denne verksemda i IMF er kvotane til medlemslanda. Kor mykje kreditt IMF vil yte til eit land, blir avgjort med utgangspunkt i kvoten landet har i IMF. Styrken i omlegginga av den økonomiske politikken er særleg sentral i vurderingane. Kvotane er grunnlaget for størstedelen av finansieringa.

IMF har ikkje gjort endringar i låneordningane sine det siste året. Styret hadde i august 2006 ein førebels diskusjon om etablering av ei ny låneord-

ning for land som kan få problem med betalingsbalansen som følgje av store kapitalrørsler. Fleire framveksande økonomiar har ønskt ei slik beredskapsordning. Tanken er at land kan få førehandstilsegn om finansiering frå IMF før ei krise oppstår, noko som kan bidra til å redusere risikoen for ei krise. IMF etablerte ei liknande beredskapsordning i 1999 (Contingent Credit Lines, CCL), men den blei avvikla i 2003 utan nokon gong å ha vore brukt. Eit problem med denne ordninga var at landa ikkje fekk utbetalt noko lån før etter at IMF's styre hadde vurdert om det låg føre eit reelt lånebehov. Dette blei vurdert som lite tilfredsstillande når det faktisk var ei krise. Det er føreslått at landa ved den nye ordninga – Reserve Augmentation Line, RAL – automatisk skal kunne trekkje det løyvde beløpet gitt at visse førehandskrav er oppfylte. Dette inneber at finansiering kan mobiliserast mykje raskare enn under CCL.

Nordisk-baltisk valkrins var i utgangspunktet skeptisk til å etablere endå ei låneordning. Valkrinsen meinte at det ville vere mogleg å tilpasse dei eksisterande ordningane. Vi har likevel stilt oss opne for å etablere RAL, gitt at dei landa som er i målgruppa, verkeleg ønskjer ei slik ordning. Det er viktig for IMF's legitimitet at IMF etablerer ordningar som er etterspurde av medlemslanda. Noreg har understreka at dersom landa får høve til å trek-

kje på eit innvilga lån utan ei konkret vurdering av styret, så må det leggjast opp til system som sikrar at landa heile tida oppfyller førehandskrava. Styret diskuterte saka på nytt i mars 2007, men fatta ikkje noko vedtak. Frå vår valkrins blei det igjen understreka at ordninga må innehalde reglar som gjer at IMF når som helst kan vurdere om landa oppfyller krava til å få lån.

IMF har etablert særskilde låneordningar for land som får problem med betalingsbalansen i samband med naturkatastrofar, borgarkrig eller væpna konflikter internasjonalt.

Poverty Reduction and Growth Facility (PRGF) er ei låneordning spesielt retta mot dei aller fattigaste landa. Ordninga er ikkje finansiert ved dei ordinære ressursane til IMF, men er basert på at fondet har teke opp lån frå einskilde medlemsland, og at bistandskjelder subsidierer renta. Renta er særskilt låg (0,5 prosent). For å få lån må landet utforme ein særskild strategi for å redusere fattigdom og fremje økonomisk vekst. Denne ordninga blei i 2005 supplert med ei særskild ordning for land som blir ramma av økonomiske sjokk utanfor deira eigen kontroll, den såkalla Exogenous Shocks Facility (sjå avsnitt 6.3.5.2).

Tabell 6.1. gir ein oversikt over låneordningane innanfor IMF.

Tabell 6.1 Oversikt over låneordningane til IMF

<i>Låneordning</i>	<i>Lånegrense (i pst. av kvoten landet har)</i>	<i>Rente</i>	<i>Tilbakebetaling</i>	<i>Formål</i>
<i>Ordinære ordningar</i>				
Stand-By Arrangement (SBA) (Etablert 1952)	Årleg grense – normalt 100 pst. Kumulativ grense over løpetida er 300 pst., men kan vere høgare	Grunnrente ¹ + 100–200 rentepunkt ²	Forventa innan 2–4 år, og maks. 5 år	Kortsiktige problem med betalingsbalansen
Extended Fund Facility (EFF) (1974)	Som for SBA	Som for SBA	Forventa innan 4–7 år, og maks. 10 år	Meir langsiktige betalingsbalansebehov som hovudsakleg kjem av strukturelle forhold
<i>Spesielle ordningar</i>				
Supplemental Reserve Facility (SRF) (1997)	Inga definert grense	Grunnrente +300–500 rentepunkt ³	Forventa innan 1–2 år, og maks. 3 år	Uventa store betalingsbalansebehov som følgje av tillitssvikt på dei internasjonale lånemarknadene
Compensatory Financing Facility (CFF) (1963)	45–55 pst.	Grunnrente	Forventa innan 2–4 år, og maks. 5 år	Mellombels eksportproblem pga. fall i råvareprisar, eller auka importkostnader for korn

Tabell 6.1 Oversikt over låneordningane til IMF

Låneordning	Lånegrense (i pst. av kvoten landet har)	Rente	Tilbakebetaling	Formål
Emergency Assistance for natural disasters (ENDA) (1962)	Normalt 25 pst. av kvoten, men kan vere større i spesielle høve	Grunnrente, men kan subsidiert ned til 0,5 pst.	3–5 år	Betalingsbalanseproblem i samband med naturkatastrofar
Emergency Assistance for post-conflict countries (EPCA) (1995)	Som for ENDA	Som for ENDA	Som for ENDA	Betalingsbalanseproblem i samband med etterverkning av borgarkrig, politisk uro, internasjonale væpna konflikter
<i>Ordingar for låginntektsland</i>				
Poverty Reduction and Growth Facility (PRGF) ⁴ (1999)	Første gong eit land nyttar ordninga, er grensa normalt 90 pst., for andre land 65 pst. Maks. er 140 pst., som i særlege høve kan aukast til 185 pst.	0,5 pst.	5–10 år	Subsidierte lån til land med særleg låg inntekt som følgje av langvarige problem med betalingsbalansen. Skal fremje auka økonomisk vekst og redusere fattigdom
Exogenous Shocks Facility ⁵ (2006)	Årleg grense normalt 25 pst., og samla ikkje over 50 pst. (utan i særskilde høve)	Som for PRGF	Som for PRGF	For låginntektsland utan PRGF-lån som blir ramma av eksogene sjokk

¹ IMF's ordinære utlånsrente (grunnrente, rate of charge) er ei kortsiktig SDR-rente (eit vege gjennomsnitt av ei tremånadersrente for dei valutaene som er med i SDR: amerikanske dollar, euro, britiske pund og japanske yen), med eit påslag som skal dekkje mellom anna administrative utgifter og oppbygging av reservar. Grunnrenta var om lag 4,2 pst. tidleg i 2007.

² Det er eit rentepåslag på 100 punkt for den delen av lånet som overstig 200 pst. av kvoten, og 200 punkt på den delen som overstig 300 pst. av kvoten.

³ Rentepåslaget startar med 300 punkt og aukar med 50 punkt etter eitt år og deretter med 50 punkt kvar sjettemånad inntil det når 500 rentepunkt.

⁴ Rentepåslaget startar med 150 punkt og aukar med 50 punkt etter eitt år og deretter med 50 punkt kvar sjettemånad inntil det når 350 rentepunkt.

⁵ PRGF og ESF er låneordningar som berre blir administrerte av IMF. Utlåna blir ikkje finansierte over dei ordinære ressursane til IMF, men gjennom bilaterale tilskot frå medlemslanda og spesielle IMF-ressursar.

6.3.3.2 Vilkår for utlån

Det har vore vanleg å knytte vilkår, såkalla kondisjonalitet, til utlån frå IMF. Desse vilkåra tek sikte på å rette opp dei økonomiske ubalansane og sette landet i stand til å betale tilbake lånet.

I tidlegare kredittmeldingar har ein omtala arbeidet i IMF med å forenkle og konsentrere innhaldet i lånevilkåra. Det var ønskeleg at desse i sterkare grad la vekt på dei makroøkonomiske omsyna IMF særleg skal ivareta. Krav som var knytte til strukturelle forhold, skulle berre inn i programmet dersom dette var avgjerande for å oppnå dei makroøkonomiske måla. Forenklingane skulle gi medlemslanda eit sterkare eigarforhold til dei nødvendige tilpassingane og auke det eksterne innsynet på området. Ein viktig føreset-

nad for arbeidet har heile tida vore at endringane ikkje rammur kvaliteten og styrken i programma.

Regjeringspartia uttala i Soria Moria-erklæringa at dei ikkje ville støtte låneprogram frå IMF og Verdsbanken som inneheldt krav om privatisering og liberalisering. Regjeringa er ikkje prinsipielt imot enhver privatisering og liberalisering, men gjennomføring av slike tiltak må ha rot i eit ønske frå landa sjølv og ikkje kome som følgje av krav frå dei internasjonale finansinstitusjonane.

I november 2006 arrangerte Utanriksdepartementet i samarbeid med Finansdepartementet ein internasjonal konferanse om bruken av lånevilkår i IMF og Verdsbanken. På konferansen blei det presentert ein studie om dette, gjennomført av Universitetet i Oslo. Den første dagen deltok representan-

tar frå låntakarland, givarland, sivile interesseorganisasjonar frå Noreg og utlandet og Verdsbanken.

På andre dag av konferansen kom givarrepresentantar frå Danmark, Finland, Nederland, Storbritannia, Sverige, Tyskland og Noreg saman for å diskutere om det var mogleg å etablere ei felles haldning til krav som blir sette i samband med utlånsprogram. Det var semje om at IMF og Verdsbanken i nokon grad har forenkla krava. Det er likevel framleis rom for forbetringar, blant anna når det gjeld desse punkta:

- Krava må utarbeidast i forståing med låntakarlanda og ikkje tvingast på dei. Det vil seie at landa sjølv må ta eigarskap for å gjennomføre dei økonomiske programma.
- Landa må få politisk rom til å formulere ein politikk som er tilpassa deira spesielle situasjon, også når det gjeld å utvikle og vurdere ulike alternativ for den økonomiske politikken.
- Krava må avgrensast til det som er absolutt nødvendig for å sikre ei vellukka gjennomføring av programmet.
- Det må vere ein brei debatt i låntakarlanda, som involverer nasjonalforsamlinga og det sivile samfunnet, om den økonomiske politikken.


Konferansen medverka til å gi eit klarare bilete av kva som i dag er situasjonen for bruken av lånevilkår i IMF og Verdsbanken, og dermed til eit betre grunnlag for den vidare oppfølginga av Regjerings politikkk på dette området.

Dokumenta frå konferansen er oversende til IMF og Verdsbanken, og er offentleggjorde på: <http://www.regjeringen.no>

6.3.3.3 Utviklinga i utlåna

Samla utlån frå IMF varierer i all hovudsak med omfanget av kriser i framveksande økonomiar. Låna nådde eit toppnivå i 2003 på 65 milliardar SDR.⁴ Utlåna var samla på nokre få land. I 2003 stod dei fem største låntakarane – Brasil, Tyrkia, Argentina, Indonesia og Russland – for 86 prosent av samla utlån. Til samanlikning utgjorde samla utlån 60 milliardar SDR etter Asia-krisa i 1998. Dei fem største låntakarane var då Russland, Korea, Indonesia, Mexico og Argentina.

I dei seinare åra har det ikkje vore nye finansielle kriser i framveksande økonomiar. Høg global økonomisk vekst og oppgang i råvareprisar har resultert i auka eksport og god vekst også i desse landa. Ekspansiv pengepolitikk i industrilanda og låge langsiktige renter internasjonalt har gitt gun-



Figur 6.1 Utvikling i netto utlån frå IMF. April 1976 – april 2006.

stige finansieringsforhold. Betring i statsfinansar og moderat inflasjon har støtta opp om den positive makroøkonomiske utviklinga i framveksande økonomiar.

IMF har ikkje gitt nye store lån sidan 2003. Argentina, Brasil og Russland betalte tilbake sine lån til IMF i 2005 og tidleg i 2006. I løpet av 2006 betalte mellom anna Indonesia og Uruguay tilbake sine lån, og Tyrkia betalte store avdrag.

Samla utlån utanom PRGF-lån var ved utgangen av januar 2007 9,5 milliardar SDR. Av dette var 6,9 milliardar SDR lån til Tyrkia, mens resten var delt på 26 andre land. Som figur 6.1 viser er samla netto utlån frå IMF, omsyn tatt til både dei ordinære låna og lågrentelån, nå på det lågaste nivået sidan tidleg på 1980-talet.

6.3.4 Teknisk assistanse

Teknisk assistanse til medlemslanda har auka i omfang dei siste åra. Om lag ein firedel av IMF's budsjett er knytt til teknisk assistanse og opplæring.

Om lag to tredelar av den tekniske assistansen går til dei såkalla PRGF-landa, det vil seie dei 78 landa som har rett på lågrentelån frå IMF. Dei fleste av desse landa har utilstrekkelege og sårbare institusjonar og treng meir fagleg hjelp for å kunne forme og gjennomføre ein berekraftig økonomisk politikk. Den tekniske assistansen blir i hovudsak gitt innanfor tre område: (a) utforming og gjennomføring av penge- og finanspolitikken, (b) hjelp til å byggje opp institusjonar, og (c) lovgiving for

⁴ Per 9. mars 2007 var 1 SDR = 9,27 norske kroner.

økonomisk verksemd og for finanssektoren. Assistansten tek såleis sikte på å betre det institusjonelle grunnlaget for gjennomføring av dei økonomiske tilrådingane. Det er behov for tett og konstruktiv koordinering og samarbeid mellom IMF og andre institusjonar, med ei klar ansvarsfordeling slik at ein får ei sterkast mogleg forankring av assistansen på kjerneområdet.

Den tekniske assistansen blir i aukande omfang gitt gjennom regionale senter. IMF har etablert slike senter i Fiji (Stillehavsområdet), Barbados (Karibia), Tanzania (Aust-Afrika), Mali (Vest-Afrika), Gabon (Sentral-Afrika) og Libanon (Midt-austen). Tanken er at slike senter som er etablerte ute i medlemslanda, vil ha ei betre forståing for korleis assistansen bør utformast. Assistansen kan også ytast raskare ved akutte behov. Figur 6.2 viser korleis den tekniske assistansen til IMF var fordelt på regionar i 2006.

Den nordisk-baltiske valkrinsen har vore positiv til etablering av slike regionale senter. Valkrinsen har spesielt peika på at desse sentra og bruken av regionale ekspertar kan vere med på å styrkje den institusjonelle kapasiteten i medlemslanda.

Teknisk assistanse er gratis for mottakarland. Noreg er med på å finansiere teknisk assistanse gjennom ein eigen konto i IMF, «Technical Assistance Subaccount to Support Macroeconomic and Financial Policy Formulation and Management». Utanriksdepartementet løyvde i 2004 3,5 millionar kroner til denne kontoen. I 2007 løyvde Utanriksdepartementet eit ekstratilskot på ca. 1,3 millionar

kroner. Utanriksdepartementet har også støtta dei afrikanske regionale sentra med 3 millionar kroner årleg sidan 2002.

I september 2006 inngjekk Utanriksdepartementet og IMF ein avtale som innebar at Noreg tek ansvar for å utføre hovudtyngda av den faglege hjelpa som var avtala mellom sentralbanken i Malawi og IMF. Avtalen omfattar i første omgang perioden frå september 2006 til januar 2008. Noregs Bank vil stille inntil to årsverk pr. år til disposisjon for sentralbanken i Malawi. Formelt sett vil den faglege assistansen frå Noregs Bank bli administrert av IMF, men han blir finansiert av midlar frå Utanriksdepartementet.

6.3.5 IMF's arbeid i låginntektsland

6.3.5.1 Generelt


IMF spelar ei viktig rolle i innsatsen det internasjonale samfunnet gjer for å fremje økonomisk vekst og redusere fattigdom. Over 40 prosent av medlemslanda er definerte som låginntektsland. IMF's viktigaste bidrag er å fremje makroøkonomisk og finansiell stabilitet.

IMF har ei klar rolle når det gjeld arbeidet med å oppnå tusenårsmåla. Høgnivå-konferansen i Monterrey i mars 2002 om finansiering av utvikling etablerte ein partnerskap mellom utviklingsland og utvikla land og definerer eit sett med mål og ansvar. Det blei slått fast at varig betring er avhengig av at utviklingslanda sjølve heile tida fører ein sunn økonomisk politikk. Oppgåva for industrilanda blir å gi vesentleg meir utviklingshjelp og gjennomføre fleire handelsliberaliseringar. Oppgåva til IMF blir å stå for overvaking og teknisk assistanse, men også å fremje tilpassing og institusjonsoppbygging gjennom program- og utlånsværksemda si.

6.3.5.2 Instrument og finansiering

Lån til låginntektsland blir gitt på gåvevilkår, det vil seie med ei sterkt subsidiert rente gjennom PRGF-ordninga (Poverty Reduction and Growth Facility) eller ESF-ordninga (Exogenous Shocks Facility).

Land som søkjer om lån under PRGF, må utarbeide ein strategi for å redusere fattigdom, Poverty Reduction Strategy (PRS). Strategien skal utarbeidast i samarbeid mellom nasjonale styresmakter og det sivile samfunnet for å sikre eigarskap. Også bilaterale givarland, IMF og Verdsbanken bidreg ved utforminga. Eit særskilt problem er knytt til kva evne landa har til å absorbere den finansielle assistansen som blir gitt, anten i form av gåver eller lån. Slik kapitalinnngang kan leie til styrking av valu-



Figur 6.2 Teknisk assistanse i 2006 etter regionar

takursen og svekkje konkurranseevna. Dette kan føre til problem for ein utsett eksportsektor. Det er derfor viktig at landa har gode planar for korleis slike ressursar skal nyttast til å byggje opp infrastruktur, styrkje helse- og utdanningssektoren mv. Samtidig må landa ha institusjonell kapasitet til å utnytte ressursane på ein effektiv måte. Manglar denne, kan det lett føre til feilbruk og misbruk av midlane.

IMF stiller krav til låntakarlanda om å styrkje den institusjonelle kapasiteten og betre styresettet. IMF har eit særskilt ansvar for å utvikle gode system for budsjettstyring. Landa må vise evne og vilje til å føre ein stabiliseringspolitikk som legg forholda godt til rette for auka økonomisk vekst, og ein politikk som er retta inn mot å redusere fattigdom. Frå norsk side blir det understreka at kamp mot korrupsjon må ha høg prioritet.

Ved utgangen av januar 2007 hadde IMF uteståande 3,9 milliardar SDR, tilsvarande 36 milliardar kroner, under PRGF til 58 land. Figur 6.3 viser dei største låntakarlanda i denne ordninga ved utgangen av januar 2007.

Exogenous Shocks Facility blei etablert i november 2005 som ei eiga låneordning for land som blir råka av plutslege og eksterne økonomiske sjokk. Dette er hendingar som ligg utanfor landet sin eigen kontroll, men som vil ha stor verknad på den økonomiske utviklinga og kampen mot fattigdom. Slike sjokk kan til dømes vere ein kraftig auke i energiprisar, fall i prisen på eller bortfall av etterspurnaden etter viktige eksportvarer, eller konflikstar i naboland. Låna har tilnærma same vilkår som PRGF-lån. Løpetida er noko kortare sidan ein ventar at sjokket ikkje vil vere særleg langvarig. Det er ein føresetnad at landet har utarbeidd ein strategi for fattigdomsreduksjon. Berre land som ikkje har PRGF-lån, vil ha rett til å låne under ESF. PRGF-land som blir ramma av sjokk, kan få ei utvida låneramme i IMF.

Ingen land har så langt søkt om lån under denne ordninga. Utanriksdepartementet støtta ESF med 50 millionar kroner i 2006.

IMF etablerte hausten 2005 eit nytt instrument – utan finansiering – for tettare overvaking av land enn det som følgjer av ein vanleg årleg konsultasjon. *Policy Support Instrument (PSI)* vil byggje på strategien landet sjølv har for reduksjon av fattigdom. Formålet er å kunne signalisere til omverda ei vurdering av den økonomiske politikken desse landa fører, utan samtidig å gi lån. Slike signal kan vere særleg viktige for at donorarar skal vere villige til å yte finansiell assistanse og å få investeringar til landet. PSI blir berre nytta dersom eit land ber om det. PSI kan i ein skilde tilfelle utløyse gjeldsavgiftar

med kreditorlanda fordi det borgar for ein sunn økonomisk politikk med målretta reformer.

Det er fire land som til no har fått program under PSI.

6.3.5.3 Gjeldsinitiativet


I 1996 lanserte IMF og Verdsbanken eit felles initiativ for å løyse gjeldsproblemet for fattige land (*Heavily Indebted Poor Countries, HIPC*). Programmet blei kraftig forsterka i 1999. Det skulle vere med på å bringe gjelda for dei fattige, hardt gjeldstyngde landa ned på eit berekraftig nivå. Dette skjer dels ved at landa gjennomfører ein stor eigeninnsats gjennom ei omlegging av den økonomiske politikken, og dels gjennom ein innsats frå det internasjonale samfunnet i form av diverse gjeldslettetiltak. Ein stiller krav om at slike land bruker dei frigjorde midlane frå gjeldslette til utviklingsfremjande og fattigdomsreducerande tiltak.

HIPC-initiativet var meint å vere ei mellombels ordning for gjeldslette. Gjeldsproblema har likevel vist seg å vere større og meir langvarige enn det ein opphavleg såg føre seg. Dette førte mellom anna til at programmet blei forlengt med to år i 1998, revidert og utvida i 1999 og igjen forlengt med to nye år både i 2000, 2002 og 2004. Ifølgje den såkalla «solnedgangsklausulen» skulle ordninga avsluttast ved utgangen av 2006.

I september 2006 vedtok styret at ordninga skulle avsluttast. Det blei vedteke at alle land som ved utgangen av 2004 oppfylte kriteria for HIPC-initiativet, framleis skal ha rett til gjeldslette så snart dei oppfyller krava for dette. Men gjeldsinitiativet er lukka for andre land.

40 land er definerte som HIPC-land, dvs. fattige og gjeldstyngde land. Blant desse er Liberia, Somalia og Sudan. Desse tre landa har i lang tid berre delvis betalt låna sine til IMF og har ikkje rett til HIPC-assistanse før dei har klarert desse låna. 30 av HIPC-landa har nådd avgjerdstadiet («decision point») og har gjennomført den innleiande tilpassinga, mens sju land (i tillegg til dei tre restanselanda) har vanskar med å kome inn under programmet. Fleire av desse er i eller har nettopp arbeidd seg ut av ein konfliktsituasjon og har store lån til IMF og Verdsbanken. Av dei 30 landa har 21 nådd sluttstadiet («completion point»), mens ni land er i mellomstadiet under gjeldsprogrammet og gjennomfører tilpassinga av den økonomiske politikken.

I juni 2005 gjorde G8 framlegg om auka gjeldslette for HIPC-landa. Forslaget innebar at desse landa si gjeld til Det afrikanske utviklingsfondet, Valutafondet og International Development Association (IDA, som er ein del av Verdsbankgruppa)



Figur 6.3 Dei største låntakerlanda under PRGF ved utgangen av januar 2007

fullt ut skulle slettast. Formålet med forslaget var å frigjere ressursar, som elles ville ha gått til å betale gjeld i HIPC-landa, slik at landa betre kunne nå dei såkalla tusenårsmåla. Til forskjell frå HIPC-initiativet var ikkje forslaget knytt til ein føresetnad om parallell gjeldssanering verken frå andre private eller offentlege kreditorar eller andre multilaterale finansinstitusjonar.

Gjeldsletteinitiativet (*Multilateral Debt Relief Initiative, MDRI*) blei vedteke av IMF's styre i november 2005. Det er dei 40 HIPC-landa som vil ha krav på sanering av gjeld når dei oppfyller krava. I tillegg kjem Kambodsja og Tadsjikistan.

Noreg har vore pådrivar for å gjennomføre gjeldssletteinitiativet. Noreg argumenterte for at nordisk-baltisk valkrins i IMF burde støtte flertalet i IMF's styre om å sanere gjelda til 19 av dei då 20 aktuelle landa i januar 2006. Noreg kom i mindretal i nordisk-baltisk valkrins, men styret i IMF blei gjort merksam på Noregs syn.

I januar 2006 fekk 19 av desse landa sletta heile gjelda si til IMF under MDRI. I løpet av året kvalifiserte ytterlegare fire land seg for 100 prosent gjeldssletting. Dei andre 19 landa vil få gjeldssletting under MDRI så snart dei har nådd sluttstadiet under HIPC-initiativet.

IMF og Verdsbanken har utvikla ein særskild analyse for å vurdere gjeldsutviklinga i medlemslanda, *Debt Sustainability Framework*. I november 2006 diskuterte styra i dei to institusjonane korleis dette verktøyet kunne styrkjast for å unngå at dei låginntektslanda som har fått gjeldsslette, på nytt byggjer opp ei gjeld som ikkje er berekraftig.

Nordisk-baltisk valkrins understreka at sjølv om landa sjølv har hovudansvaret for gjeldsutviklinga, ligg det også eit stort ansvar på långivarane. Den seinare tida har det vore ein kraftig auke i utlån frå enkelte land, særleg til Afrika. Det er viktig at desse låna blir gitt på vilkår som låntakarane kan betene. Frå *norsk* side blei det særleg peika på at det er viktig å styrkje låntakarane si evne til sjølv å vurdere gjeldsutviklinga.

6.4 Styresett

6.4.1 Finansielle ressursar

6.4.1.1 Tilgang og bruk av ressursar

Ressursane til IMF er for det meste midlar som medlemslanda har betalt inn i samband med tildeeling av kvotar. Kapitalen, eller kvotane, som medlemslanda har skote inn, er hovudsakleg rekna ut frå den økonomiske storleiken deira.

Dei samla ressursane til IMF ved utgangen av 2006 utgjorde 224 milliardar SDR (om lag 2110 milliardar kroner). Av dette beløpet var vel ein firedel rekna som ikkje tilgjengeleg. Som ikkje-tilgjengelege midlar reknar ein midlar frå land som anten er på IMF-program (og som derfor per definisjon har ein svak utanriksøkonomisk situasjon), eller land som blir vurderte til å ha ein svak betalingsbalansesituasjon. Fråtrekt ein nødvendig arbeidsbalanse og allereie lova beløp stod det att om lag 157 milliardar SDR som kan nyttast til nye utlån.

IMF har òg to spesielle ordningar der somme medlemsland, mellom dei Noreg, har lova å gi organisasjonen kortsiktige lån for å styrkje likviditeten i fondet i krisesituasjonar. Desse er GAB (General Arrangements to Borrow) og NAB (New Arrangements to Borrow). Ordningane sikrar at IMF i tillegg kan mobilisere 34 milliardar SDR. NAB-ordninga blei etablert i 1998 med ei løpetid på fem år. Ordninga blei fornya for fem nye år i november 2002. IMF nytta ikkje desse ordningane i 2006.

Likviditeten i IMF er sterkt betra dei siste åra som følgje av at store lån er innfridde, sjå avsnitt 6.3.3.

6.4.1.2 Restansar på utlån

Dei totale restansane utgjorde om lag 1,9 milliardar SDR per utgangen av 2006. Dette fordeler seg med 1,7 milliardar SDR på ordinære lån og 0,2 milliardar til spesielle utlånordningar, som hovudsakleg er finansierte med bilaterale midlar. Det er fire land som ikkje har klart å halde dei finansielle pliktene overfor IMF. Restansane var om lag uendra

gjennom 2006. Meir enn halvparten av restansane knyter seg til Sudan, mens om lag ein firedel er knytt til Liberia. Dei to andre landa er Somalia og Zimbabwe.

I fleire år betalte Zimbabwe berre delar av rentene og avdraga som forfall. Dette førte til at landet blei suspendert frå stemmerett i IMF i 2003. Styret har ved fleire høve diskutert om landet skal ekskluderas frå IMF. Tidleg i 2006 betalte Zimbabwe ned resten av dei ordinære låna sine i IMF. Dette medførte at spørsmålet om å ekskludere landet frå IMF ikkje lenger var aktuelt. Leiinga i IMF foreslo i mars 2006 at landet skulle få tilbake stemmeretten sin i fondet. Fleirtalet i *den nordisk-baltiske valkrinsen, inklusive Noreg*, støtta forslaget, men det fekk ikkje det nødvendige fleirtalet i styret. Zimbabwe har framleis restansar til den spesielle utlånsordninga PRGF. I februar 2007 diskuterte styret kva tiltak Zimbabwe må gjennomføre for at landet skal kunne seiast å overhalde dei pliktene som følgjer av medlemskapen. Styret fatta ikkje noko vedtak og vil diskutere saka på nytt ved eit seinare høve. Landet vil ikkje få nye lån frå IMF før det har fått tilbake stemmeretten.

Liberia har ikkje overhalde betalingspliktene sine overfor IMF sidan 1984. Dette har medført at rentene som er lagde til, no er høgare enn det opphavlege lånebeløpet. I 1990 definerte styret Liberia som «ikkje-samarbeidande». Landet miste stemmeretten i IMF i 2003. Liberia tok delvis opp att betalingane sine i 2004. Liberia har dei seinare åra fått betrakteleg teknisk assistanse frå IMF. Landet har vist vilje til å leggje om den økonomiske politikken, særleg etter at det kom ei ny regjering i januar 2006. Dei betra forholda førte til at IMF's styre i oktober 2006 oppheva vedtaket sitt om Liberia som «ikkje-samarbeidande». Dette var første steg for å normalisere forholda og gjenopprette stemmeretten. I IMF og Verdsbanken blir det arbeidd med å finne ordningar som gjer at Liberia kan klarere restansane sine til institusjonane og dermed ha rett til gjeldslette og nye lån.

6.4.1.3 Finansiering av verksemda til IMF

IMF fungerer som ein kredittunion der enkelte medlemsland (kreditorar) stiller midlar til disposisjon for utlån til andre medlemsland (debitorar).

Fondet får inntektene sine hovudsakleg gjennom renter på utlån. I tillegg har fondet fleire reservekonti. Midlane på desse er plasserte i ulike finansielle instrument som gir avkastning.

Den største utgiftsposten er renter til kreditorane. Noregs Bank får ei rente på innskota sine i IMF som er basert på marknadsrentene. I praksis reknar Noregs Bank med at ein får noko mindre

avkastning på desse midlane enn på tilsvarende plasseringar av den vanlege valutareserven.

Om lag 45 prosent av utgiftene er knytte til den jamne drifta av IMF. Fråtrekt kostnadene til intern administrasjon går om lag halvparten av utgiftene til ulike aktivitetar knytte til overvaking, mens resten er likeleg fordelt på program/utlån og teknisk assistanse/kapasitetsbygging.

Den sterke nedbetalinga av lån i 2005 og 2006 har svekt inntekspotensialet for IMF. For å kompensere for dei låge renteinntektene vedtok styret at IMF kunne investere delar av midlane sine på ein meir aktiv måte. Styret vedtok òg at behovet for ytterlegare avsetnader til reservar no var mindre på kort sikt fordi den største utfordringa var sviktande inntekter og ikkje risikoen for tap på utlån. Styret understreka samtidig at utsikter til låge utlån i åra som kjem, gjer det nødvendig å finne meir varige løysingar på IMF's finansar. Derfor blei det i mai 2006 sett ned ei ekstern ekspertgruppe, den såkalle Crockett-gruppa, for å vurdere inntektskjelder som er stabile over lengre tid.

Gruppa la fram rapporten sin i januar 2007. Ho foreslo fleire moglege vegar for å auke inntektene. IMF kan spreie investeringane av kapitalen sin på fleire instrument på linje med kva andre tilsvarende institusjonar, som til dømes Verdsbanken, gjer. Fondet kan òg selje ein avgrensa del av gullbeholdninga si og investere salssummen i rentebearande papir. Ein føresetnad er at salet ikkje verkar negativt inn på soliditeten til IMF eller på den globale gullmarknaden. Salet må derfor gjennomførast innanfor forsvarlege rammer og innordnast den ordninga andre sentralbankar har praktisert dei siste åra. Endeleg kan fondet krevje betaling for nokre av dei tenestene det yter overfor medlemslanda, til dømes den tekniske assistansen. Gruppa peika i tillegg på ein del andre kjelder, slik som årlege avgifter eller frivillig støtte frå medlemslanda. Gruppa meinte dette ville vere tungvinte og usikre inntekter, men at dette kunne bidra til betre prioritering og meir effektiv drift.

Gruppa peika på at berre somme eller avkorta løysingar neppe vil vere nok til å betre IMF's inntekter på ein varig basis. Forslaga burde derfor sjåast på som ei pakke. Gruppa understreka òg at ho ikkje var beden om å vurdere utgiftsida, men minte om at det er viktig at budsjett disiplinen held fram.

Styret hadde ein uformell diskusjon av forslaga i februar. *Den nordisk-baltiske valkrinsen* ønskte forslaga velkomne. Valkrinsen åtvåra likevel mot å ta betaling for tenester fondet yter overfor medlemslanda, fordi tenestene blir mest brukte av dei fattigaste landa. Valkrinsen argumenterte for at salet av gull må vere ekstraordinært og derfor

omsluttast av nødvendige legale skrankar som sikrar dette. Frå norsk side blei det argumentert med at IMF burde utvide investeringsverksemda, både fordi det truleg vil gi høgare avkastning, og fordi det vil spreie risikoen på fleire instrument. Men sjølv om ei meir aktiv investeringsverksemd er ønskeleg, må IMF gå forsiktig fram slik at variasjonane i kapitalinntektene ikkje blir for store. Det blei òg mint om at utfordringane for IMF's finansar heile tida har vore eit sentralt tema for valkrinsen og såleis er ein integrert del av diskusjonen om den mellomlangtsiktige strategien. Meir robuste inntekter er ein viktig del, men ikkje heile biletet. Styrkt styring, betre budsjettssystem og auka kostnadsdisiplin må prioriterast like høgt.

6.4.2 Kvotar og representasjon i dei styrande organa

Det er kvoten eit medlemsland har som avgjer dei finansielle relasjonane til IMF. Kvart medlemsland yter eit innskot i IMF som er lik kvoten landet har. Kvoten set vidare ramma for kor mykje landet sjølv kan låne i IMF dersom det kjem i betalingsvanskar, og kor mykje valuta eit land må stille til rådvelde når andre land får slike vanskar. Både bruttonasjonalproduktet i eit land, utanrikshandelen, valutareservane og variasjonar i eksporten og importen er med i kvoteformelen som avgjer kor stor kvote eit land får.

I samsvar med vedtektene i IMF går ein gjennom behovet for justeringar av den samla kvotestorleiken kvart femte år. Det blir kravd 85 prosent majoritet i styret og samtykke frå minst 60 prosent av medlemslanda for at kvotane skal kunne endrast.

IMF avslutta drøftingane av den 12. revisjonen i slutten av januar 2003. Han blei fullført utan kvoteendringar. Arbeidet med den 13. kvoterevisjonen er formelt sett i gang, men har enno ikkje starta i praksis. Revisjonen må avsluttast seinast i januar 2008.

Likviditetssituasjonen i IMF kjem til å vere god dei næraste åra. Det er derfor ikkje behov for ein generell auke i kvotane for å styrkje dei finansielle ressursane.

Stemmevekta landa har i IMF er basert på kvoten og såkalla basisstemmer. Kvar 100 000 SDR i kvote gir ei stemme. Kvart land har dessutan 250 basisstemmer uavhengig av kvotestorleik. Då IMF blei etablert, utgjorde basisstemmene over 11 prosent av samla stemmevekt. Kvotaukar har medført at basisstemmene no utgjør berre 2 prosent av stemmevekta.

Sterk økonomisk vekst over fleire år har medført at mange framveksande økonomiar har ein kvote som er mindre enn det kvoteformelen tilseier. Desse landa kan derfor seiast å vere underrepresenterte i IMF. Det er frå fleire hald teke til orde for at desse landa bør få ein særskild kvoteauke.

Målt ved økonomiske storleikar er låginntektslanda overrepresenterte når det gjeld kvotar. Utviklingslanda kan få auka stemmevekt gjennom at ein aukar talet på basisstemmer. Ein auke i basisstemmene vil generelt kome dei mindre landa til gode. Dei fleste låginntektslanda er i denne kategorien.

I samband med vurderinga av IMF's mellomlangtsiktige strategi sette administrerande direktør hausten 2005 ned ei gruppe som skulle vurdere kvotar og representasjon i styret. Til IMFCs møte våren 2006 føreslo administrerande direktør ein totrinnsprosess:

- Ein snarleg kvoteauke for dei landa som var mest underrepresenterte, målt ved den eksisterande kvoteformelen;
- Ei revurdering av kvoteformelen og deretter ein ny kvoteauke for å tilpasse kvotane til den nye formelen.

Dessutan føreslo han at talet på basisstemmer skulle aukast. IMFC gav tilslutning til desse forslaga og bad om at eit konkret forslag blei lagt fram før årsmøtet i september.

Styret diskuterte saka fleire gonger sommaren 2006 og fremja ei reformpakke til Guvernørrådet. Rådet vedtok forslaget under årsmøtet i Singapore:

- Dei fire mest underrepresenterte landa – Kina, Mexico, Sør-Korea og Tyrkia – skulle få ein ad hoc-kvoteauke.
- Det skulle setjast i gang eit arbeid med å revidere kvoteformelen. Det var semje om at bruttonasjonalproduktet skal ha større innverknad enn ved den noverande formelen.
- Når den nye kvoteformelen er vedteken, blir det gjennomført ein kvoteauke til dei landa som ifølgje den nye formelen er mest underrepresenterte.
- Framtidige kvotaukar skal spesielt ta omsyn til dei landa som er blitt underrepresenterte som følgje av endringar i verdsøkonomien.
- Basisstemmene skal minst doblast. Dette krev endringar i vedtektene for IMF og kan derfor ta noko tid å få gjennomført.
- Systemet for basisstemmer blir endra slik at dei skal utgjere ein viss andel av samla stemmevekt. Dermed unngår ein at innverknaden frå basisstemmene blir vatna ut ved framtidige

kvoteaukar. Også dette forslaget krev endringar i vedtektene.

- Bemanninga ved kontora i IMF til dei store valkrinsane blir styrkt. Dette vil i praksis seie kontora til dei afrikanske eksekutivdirektørane, som begge har om lag 20 land i valkrinsane sine.
- Det skal vurderast om dei største valkrinsane skal få høve til å ha to nestleiane eksekutivdirektørar. Forslaget krev endringar i vedtektene.

Mens det truleg er dei framveksande økonomiane som vil få auka stemmevekt ved ein revidert kvoteformel, er det låginntektslanda som vil ha størst fordel av ein auke i basisstemmene. Guvernørrådet vedtok derfor at desse to elementa av pakka skal sjåast i samanheng: Kvoteauken etter at kvoteformelen er revidert vil ikkje bli gjennomført før systemet med basisstemmene er endra. Guvernørrådet bad styret om å fremje konkrete forslag til endringar til årsmøtet i 2007 og seinast til årsmøtet i 2008. *Noreg*, saman med dei andre landa i nordisk-baltisk valkrins, støtta forslaget. Noreg har særleg peika på kor viktig det er å styrkje låginntektslanda sin innverknad i IMF, både ved ein formell auke i stemmevekt, ved minst å doble basisstemmene, men også ved ei styrkt bemanning som vil setje dei betre i stand til å førebu saker til styret. Dei afrikanske eksekutivdirektørane har ei særleg stor arbeidsbør, både fordi dei representerer store valkrinsar, og fordi mange av medlemslanda er på låneprogram i IMF, noko som krev spesiell oppfølging.

Ad hoc-kvotEAUken til Kina, Mexico, Sør-Korea og Tyrkia blei gjennomført hausten 2006. Dette medførte at Noreg sin kvote fall frå 0,782 til 0,768 prosent av samla kvote. Samtidig fall stemmevekta frå 0,777 prosent til 0,768 prosent.

Verknaden for Noreg av steg to i prosessen er usikker. Det er avhengig av kva endringar som blir gjorde i kvoteformelen, korleis nye kvoteaukar blir gjennomførte, og kor mykje basisstemmene aukar. Truleg vil Noreg få ein noko lågare kvotedel, men auken i basisstemmene vil isolert sett gi Noreg auka stemmevekt. Det kan ikkje utelukkast at den samla verknaden er at Noreg får redusert stemmevekt i IMF.

6.5 Evaluering av verksemda til IMF

IMFs Independent Evaluation Office (IEO) blei etablert i 2000. Kontoret rapporterer direkte til styret og er uavhengig av administrasjonen. Formålet med IEO er å stimulere lærekulturen innanfor IMF, styrkje truverdet til institusjonen, auke forstå-

inga for det arbeidet IMF gjer, og støtte styret i arbeidet med å leie og overvake institusjonen. IEO har tre ulike tilnærmingar: 1) systematiske evalueringar av IMF's ulike politikkområde, 2) samanliknande analyse av kva erfaringar ulike land har med IMF's rådgiving både i overvakings- og utlånspolitikken, og 3) inngåande evalueringar av erfaringane med enkeltland. IEO har gode føresetnader for å gjennomføre og følgje opp evalueringar. Kontoret har uavgrensa tilgang til interne dokument i IMF og nær kjennskap til korleis IMF fungerer. Kontoret er også alltid til rådvelde for styret i oppfølginga av dei tilrådingane styret fremjar.

Styret diskuterte i mars 2006 ein rapport frå IEO om den multilaterale overvakinga. Denne overvakinga kjem særleg til uttrykk i dei halvårlege rapportane om utviklinga i verdsøkonomien (World Economic Outlook) og om den globale finansielle stabiliteten (Global Financial Stability Report). IEO var generelt svært positiv til kvaliteten på denne kjerneoppgåva for IMF og slo fast at den breie og store interessa for dei halvårlege rapportane understreka dette. IEO peika likevel på potensial for forbetringar. Rapportane kunne bli kortare i den skildrande delen og grundigare i analysen av korleis den økonomiske politikken i ulike land gjensidig påverka kvarandre. Ei viktig utfordring var å identifisere og føreslå område der ulike lands økonomiske politikk burde samordnast, på ein klarare måte. Færre og skarpere tilrådingar på dei områda som var mest sentrale, ville òg hjelpe til å fokusere debatten i ulike forum som IMFC, G20 og G7. IEO understreka i tillegg kor viktig det er å sjå rapportane i samanheng, fordi den økonomiske og den finansielle utviklinga er så sterkt samansvovne. Nyttå av regional overvaking blei i tillegg gjenteken.

Styret slutta seg i stor grad til desse tilrådingane. Styret var meir negativt til behovet for organisatoriske endringar i fondet for å implementere endringane, fordi det såg det som unødige byråkratiske. Det var dessutan bekymra for at ei oppsplitting av ansvar ville skade den overordna koordineringa av arbeidet.

Den nordisk-baltiske valkrinsen delte òg dette synet. Valkrinsen støtta ein meir aktiv påverknad av til dømes G7 og G20, men understreka samstundes at styret i IMF og IMFC var dei sentrale organa for å diskutere dei globale økonomiske utfordringane. Det blei i tillegg understreka at når staben i IMF lagar særskilde rapportar til G7 og G20, så må heile styret vere orientert om dette arbeidet.

Styret diskuterte i mars og april 2006 ein rapport frå eit eksternt ekspertutval som hadde vurdert arbeidet til IEO sidan etableringa i 2000. Sty-

ret slutta seg til hovudkonklusjonen i rapporten om at IEO hadde oppfylt formålet sitt. Samstundes la styret vekt på å følgje opp dei råda utvalet fremja om å utnytte arbeidet til IEO betre. Det burde vurderast å lage færre, men grundigare rapportar. Dei burde i større grad konsentrere seg om substansielle forhold, slik som ei kritisk vurdering av det teoretiske og empiriske grunnlaget for IMF sine råd. For å gjere rapportane meir tilgjengelege burde dei bli kortare og vurderingane og råda meir fokuserte og skarpare. Arbeidet burde òg for det meste konsentrere seg om politikkområda. I den grad landrapportar blei laga, burde dette først skje i god tid etter at dei konkrete programma var avslutta.

Særleg om dei sistnemnde punkta blei det ein intens diskusjon om administrasjonen i IMF hadde prøvd å påverke vurderingane til IEO. Utvalet indikerte at dette hadde skjedd i rapporten om krisa i Argentina, som blei lagd fram sommaren 2004. Utvalet peika konkret på at administrasjonen i vurderingane hadde prøvd å tone ned fondet si eiga rolle – spesielt det at IMF ikkje tidlegare prøvde sterkare å påverke Argentina til å leggje om politikken for å unngå krisa – då dei hadde rapporten til intern kommentar. Slike interne kommentarrundar blir brukte for å rette opp faktiske feil og misforståingar, men hadde i dette tilfellet òg gått vidare, ifølgje utvalet.

Administrasjonen med administrerande direktør i spissen nekta for at det var grunnlag for påstandane frå utvalet. Den tidlegare leiaren av IEO argumenterte likeins for at slik påverknad ikkje hadde innverka på sjølvstendet og vurderingane til IEO. Styret meinte at rapporten om Argentina hadde vore ganske kritisk også om IMF si rolle, og at oppsummeringa frå diskusjonen den gongen hadde reflektert dette.

Den nordisk-baltiske valkrinsen slutta seg til hovudkonklusjonane frå utvalet. Valkrinsen var særleg oppteken av å sikre IEO sitt sjølvstende. Han argumenterte derfor i første omgang for at meir informasjon om forholda rundt Argentina-rapporten var ønskeleg for å avdekkje kva som faktisk hadde gått føre seg. Då styret likevel valde ikkje å følgje dette, slutta valkrinsen seg til konklusjonen på dette punktet. Vi la vekt på at saka hadde styrkt IEO sitt sjølvstende ved at utilbørleg påverknad ikkje ville skje i framtida. Valkrinsen la i tillegg vekt på at ei meir aktiv oppfølging av rapportane frå IEO var nødvendig, og at dette ville bli enklare med skarpare og meir selektive tilrådingar.

Styret diskuterte i mars 2007 ein rapport om IMF's verksemd i perioden 1999–2005 i 29 afrikanske land sør for Sahara. IEO har studert kva for

rolle IMF har hatt når det gjeld å mobilisere utviklingsassistanse og utarbeide ulike scenario for bruk av denne assistansen, med tanke på å fremme vekst og redusere fattigdom.

IEO konkluderte med at IMF's politikk har vore tvitydig og uklar, noko som har ført til ei ulik tilnærming overfor dei ulike landa. Dette gjaldt for eksempel råd med tanke på kor mykje utviklingsassistanse eit land kan «absorbere» før det fører til styrkt valutakurs, høgare inflasjon og svekt effektivitet. IEO meinte at IMF's styre ikkje har hatt ei ein-skapleg haldning til kva fondet si rolle i låginntektsland skal vere, og at det har ført til uklare retningslinjer til administrasjonen. IEO rådde til at styret må klargjere kva som er IMF's politikk i desse landa, og at dette blir kommunisert klart til administrasjonen, medlemslanda og offentlegheita. Vidare må det etablerast rutinar som sikrar at desse retningslinjene blir følgde opp.

Styret slutta seg i hovudsak til desse tilrådingane. Det er viktig å klargjere kva for rolle IMF skal spele i meir utviklingspolitiske saker, og korleis fondet skal samarbeide med andre institusjonar, ikkje minst Verdsbanken, om slike spørsmål. *Nordisk-baltisk valkrins* var samd i IEOs tilrådingar og understreka at fondet si verksemd må avgrensast til makroøkonomiske spørsmål. IMF har inga oppgåve når det gjeld å mobilisere utviklingsassistanse frå andre institusjonar eller givarland, men skal analysere verknadene av slik assistanse.

IEO offentliggjør kvart år arbeidsprogrammet sitt. Dei komande rapportane vil ta for seg:

- IMF's verksemd i Afrika sør for Sahara.
- Bruken av kondisjonalitet i IMF's låneprogram
- IMF's råd om valutakurspolitikk.

Det er venta rapportane vil bli offentliggjorde våren 2007. Alle rapportane frå IEO blir offentliggjorde. Sjå heimesida til IMF på www.imf.org.

6.6 Særskilde forhold som gjeld Noreg

6.6.1 Deltaking i PRGF

Noregs Bank inngjekk i 1988 og 1994 avtalar med IMF om å finansiere ein del av kapitaldelen av PRGF-låneordninga. Sentralbanken ytte kapitalinnskott på til saman 150 millionar SDR (90 millionar SDR i 1988 og 60 millionar SDR i 1994). Kapitalmidlane blei betalte tilbake til Noregs Bank i takt med at låntakarane betalte ned lånet til IMF. Ved utgangen av 2006 var alle midlane tilbakebetalte. Siden 1988 har Utanriksdepartementet løyvd subsidiemidlar på til saman 401 millionar kroner. Siste utbetaling var i 2004.

6.6.2 Artikkel IV-konsultasjon

IMF analyserer jamleg norsk økonomi. Den såkalla artikkel IV-konsultasjonen blir gjennomført ved at ein delegasjon frå IMF har møte med Finansdepartementet, Noregs Bank, andre offentlege styresmakter og representantar for partane i arbeidslivet, academia og den finansielle sektoren.

Noreg har samtykt i at rapportane som blir utarbeidde i samband med artikkel IV-konsultasjon, kan offentleggjerast. Det gjeld både den mellombels vurderinga som delegasjonen skriv ved avslutninga av konsultasjonen i Noreg, og den meir omfattande stabsrapporten som ligg til grunn for diskusjonen i styret.

På bakgrunn av dei stabile økonomiske og finansielle forholda i Noreg og omsynet til ein effektiv bruk av ressursane til IMF har norske styresmakter uttrykt at artikkel IV-konsultasjonane kan gjennomførast med ein noko lågare frekvens. I 2006 blei det derfor gjennomført berre eit kortare besøk av IMF tidleg i juni. Vurderingane til delegasjonen blei offentleggjorde 12. juni.

Ein full artikkel IV-konsultasjon blei gjennomført i mars 2007. Dei mellombels vurderingane blei offentleggjorde 26. mars. Det er venta at den endelege rapporten blir kjend før sommaren.

Informasjon om IMF finn ein på internettsida til IMF, www.imf.org. Rapportar og innlegg frå nordisk-baltisk valkrins ligg på nettsidene til Finansdepartementet, www.regjeringen.no/nb/dep/fin og Noregs Bank, www.norges-bank.no.

6.6.3 Særskild rapport om nordisk-baltisk valkrins

IMF gjennomførte i 2006 ein studie av den finansielle integrasjonen i Norden og styremaktene sin politikk for å møte denne utfordringa. Alle landa i valkrinsen har vore med i dette arbeidet. Rapporten vil mellom anna drøfte den kraftige kredittveksten i dei nordiske landa, framveksten av store grensekryssande finanskonsern og spørsmål knytte til behandling av finansielle kriser. Det er venta at rapporten blir lagd fram for styret våren 2007.

Finansdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Finansdepartementet av 30. mars 2007 om Kredittmeldinga 2006 blir send til Stortinget.

Vedlegg 1

Saker som er behandla av Finansdepartementet i 2006 etter finansieringsverksemdslova, forsikringsverksemdslova, banklovene og enkelte andre lover

Oversikta gir opplysningar om søkjar/klagar, vedtak, heimel, dato, saksnummer og om det er stilt vilkår. Oversikta er ikkje fullstendig. Det er mellom anna ikkje teke med vedtak om oppnemning til råd og verv, innsyn i dokument, fritak frå teieplikt o.a.

Forkortingar:

børsl. – lov 17. november 2000 nr. 80 om børsvirksomhet m.m. (børsverksemdslova)

fbl. – lov 24. mai 1961 nr. 2 om forretningsbanker

finl. – lov 10. juni 1988 nr. 40 om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner (finansieringsverksemdslova)

forsvl. – lov 10. juni 1988 nr. 39 om forsikringsvirksomhet (forsikringsverksemdslova)

forsikringslova – lov 10. juni 2005 nr. 44 om forsikringsselskaper, pensjonsforetak og deres virksomhet mv. (forsikringslova)

spbl. – lov 24. mai 1961 nr. 1 om sparebanker

vphl. – lov 19. juni 1997 nr. 79 om verdipapirhandel

Fem løyve til å drive forsikringsverksemd og endring av vilkår

13.01.2006 – 05/2894

Storebrand Livsforsikring AS. Samtykke til endring av vilkår.

Heimel: Finl. § 2a-7 andre ledd første punktum, jf. kgl. res. 6. desember 1991 nr. 782.

18.01.2006 – 03/3538

Gard Marine & Energy Limited. Løyve til å endre depotbank.

Heimel: Forsvl. § 13-8 tredje ledd, jf. kgl. res. 25. august 1989 nr. 825, forsvl. § 12-4 og § 12-6.

29.09.2006 – 06/4451

Kommunal Landspensjonskasse. KLP Innskudds- og Foretakspensjon AS (seinare endra til KLP Pensjonsforsikring AS) fekk løyve til å drive forsikringsverksemd. KLP Gjensidige Forsikrings-

skap fekk samstundes løyve til å eige 100 prosent av aksjane i KLP Innskudds- og Foretakspensjon AS. Løyve til endring av konsernstruktur. Samtykke til at KLP og KLP Innskudds- og Foretakspensjon AS har identisk kontrollkomité. Vilkår.

Heimel: Forsikringslova § 2-1, finl. §§ 2a-3 andre ledd, 2a-6 andre ledd fyrste punktum, jf. 3-5, 2a-11 fjerde ledd.

08.11.2006 – 06/4185

Nordenfjeldske Personforsikring AS. Løyve til å gjere om verksemda til livsforsikringsverksemd, og løyve til samanslåing med systemerskapet Danica Fondsforsikring AS. Vilkår.

Heimel: Forsikringslova §§ 2-1 og 3-6 og finl. § 2a-7.

20.12.2006 – 06/3655

Hammersborg Forsikring AS. OBOS fekk løyve til å etablere dotterselskapet Hammersborg Forsikring AS med Hammersborg Holding AS som morselskap i delkonsern. Hammersborg Forsikring AS. Løyve til å drive forsikringsverksemd. Vilkår.

Heimel: Forsikringslova § 2-1.

To løyve til å drive finansieringsverksemd og endring av vilkår

13.09.2006 – 04/1066

Samvirkelagenes garantifond A/L. Godkjenning av endringar i vedtekter.

Heimel: § 17 i vedtekta.

13.10.2006 – 01/2657

Landkreditt. Delvis medhald i søknad om endring av konsesjonsvilkår.

Heimel: Finl. § 2-3.

Fire vedtak i samband med finanskonsernreglane

16.01.2006 – 05/4392

DnB NOR ASA. Godkjenning til å erverve ca. 97,3 prosent av aksjane i Monchebank og til å endre konsernstruktur som følge av dette. Vilkår.

Heimel: Finl. §§ 2a-3 fjerde ledd og 2a-7 andre ledd.

31.03.2006 – 06/637

Gjensidige Forsikring. Godkjenning til å erverve alle aksjar i Fair Financial Ireland Limited og til å endre konsernstruktur som følgje av dette. Vilkår.

Heimel: Finl. §§ 2a-3 fjerde ledd og 2a-7 andre ledd.

28.06.2006 – 06/2658

Gjensidige Forsikring. Godkjenning til å erverve alle aksjar i JSC Parex Insurance Company og til å endre konsernstruktur som følgje av dette. Vilkår.

Heimel: Finl. §§ 2a-3 fjerde ledd og 2a-7 andre ledd.

02.10.2006 – 06/2186

Gjensidige Forsikring. Løyve til å etablere forretningsbank og holdingselskap. Løyve til å gjere endringar i konsernstruktur. Vilkår.

Heimel: Finl. §§ 2a-3 fyrste ledd, 2a-6 andre ledd bokstav b, 2a-7 andre ledd.

To fusjonar mellom finansinstitusjonar

24.07.2006 – 06/2786

Ofoten Sparebank og Tjeldsund Sparebank. Løyve til å slutte seg saman, med Ofoten Sparebank som overtakande bank. Vilkår.

Heimel: Spbl. § 47 fyrste ledd, jf. § 5 og kgl. res. 22. september 1961.

01.11.2006 – 06/4188

Grong Sparebank og Verran Sparebank. Løyve til å slutte seg saman, med Grong Sparebank som overtakande bank.

Heimel: Spbl. § 47 fyrste ledd, jf. § 5 og kgl. res. 22. september 1961.

Tre vedtak om oppretting av filial og dotterselskap i utlandet

23.01.2006 – 05/4872

Imarex ASA. Løyve til å opprette dotterselskap i USA og til å drive verksemd i USA gjennom dotterselskapet. Vilkår.

Heimel: Børsl. § 2-5.

19.09.2006 – 06/3433

Santander Consumer Bank AS. Løyve til å opprette dotterselskap i Finland og til endring av konsernstrukturen som følgje av oppretting av dotterselskapet. Vilkår.

Heimel: Finl. § 2a-3 fjerde ledd og § 2a-7 andre ledd.

20.10.2006 – 06/3456

Oslo Pensjonsforsikring AS. Løyve til å opprette dotterselskap i Irland. Løyve til endring av konsernstrukturen som følgje av oppretting av dotterselskapet. Vilkår.

Heimel: Finl. § 2a-3 fjerde ledd og § 2a-7 andre ledd.

Fire vedtak om avvikling og overdraging av verksemd

14.03.2006 – 05/4559

Gjensidige NOR Kredittforsikring. Løyve til å avvikle verksemda. Vilkår.

Heimel: Forsikringslova § 10-1 første ledd første punktum.

07.07.2006 – 06/3145

Dato for vedtak: 7. juli 2006

Sjøtrygdgruppen Gjensidig Skadeforsikringsselskap. Godkjenning av vedtak om oppløysing.

Heimel: Forsikringslova § 13-1.

15.12.2006 – 05/4746

Vesta Forsikring AS. Løyve til å avhende verksemd i Vesta Forsikring AS til norsk filial av det danske forsikringsselskapet Tryg Forsikring A/S. Tryg Forsikring A/S fekk løyve til å erverve 100 prosent av aksjane i Enter Forsikring AS. Endringane i organiseringa av konsernet blei godkjende. Vilkår.

Heimel: Forsikringslova § 3-6 andre ledd, finl. §§ 2-3 og 2a-7.

19.12.2006 – 06/2845

Fokus Bank ASA. Løyve til å overdra verksemda til Danske Bank A/S ved den norske filialen deira. Vilkår.

Heimel: Fbl. § 31 og finl. § 2-7 andre ledd.

Fem vedtak i samband med verdipapirhandel

29.08.2006 – 06/3051

VPS Clearing ASA. Løyve til å drive verksemd som oppgjerssentral for derivat og plikter i samband med lån av finansielle instrument, likevel unnateke derivat som har varer som underliggjande. Vilkår.

Heimel: Vphl. § 6-1 fyrste ledd.

29.08.2006 – 06/3059

International Maritime Exchange ASA. Løyve til å drive autorisert marknadsplass for varederivat med maritime fraktkontraktar som underliggjande. Vilkår.

Heimel: Børsl. § 2-1 fyste ledd.

29.08.2006 – 06/3059

Imarex NOS ASA. Løyve til å eige NOS Clearing ASA som heileigd dotterselskap.

Heimel: Vphl. § 6-1 sjuande ledd.

05.09.2006 – 06/3155

Pareto Securities ASA. Dispensasjon til å drive valutaverksemd når det skjer i samanheng med finansieringstenester.

Heimel: Finl. § 4a-1 tredje ledd.

20.12.2006 – 06/3424

Oslo Børs. Løyve til å drive verksemd som autorisert marknadsplass for finansielle instrument. Vilkår.

Heimel: Børsl. § 2-1.



